



Første kullet med helsefagarbeidrarar utdanna etter **Gloppen-modellen**.

Foto: Inger Haldis Aske Lothe, Firda Tidend.

# Årsmelding 2018

Rådmannen si årsmelding datert 20. juni 2019

## Innhald

Viktige hendingar i året.....	3
Politisk organisering og leiing .....	5
Rådmannen har ordet.....	9
Administrativ organisering og leiing .....	10
Medarbeidarar og personalpolitikk .....	12
Kva har vi fått til i 2018? .....	17
Tenesteområda .....	19
Hovudtal for 2018 .....	19
Formannskapet .....	19
Oppvekstutvalet .....	25
Helse- og omsorgsutvalet.....	33
MULTEK-utvalet – teknisk sektor .....	41
MULTEK-utvalet – kultur .....	51
Stab og støtte .....	57
Samarbeid og interkommunale tenester .....	59
Samfunnsutvikling og overordna planarbeid .....	60
Kven representerer Gloppe kommune? .....	64
Årets prisvinnarar i 2018 .....	65



*Skjenkesaka til Bakar Jon skapte stort engasjement både politisk og utanfor politikken i 2018. Til sist sa formannskapet ja til søknaden om skjenkeløyve for øl og vin. Her er formannskapet på synfaring i butikken. F.v. Ole-André Leivdal frå Coop Vest, Janne Marie Solheim frå Bakar Jon og Edgar Kvernevik, Arnar Kvernevik, Wenke Kollbotn, Bernt Reed, Svein-Ottar Sandal, Bjarte Gangeskar og Kent Øystein Hjelle frå formannskapet.*  
*Foto: Jan Kåre Fure.*

## Viktige hendingar i året

### «Nytt heradshus» og andre investeringar



*Varaordførar Magni Aa Berge viser fram den nye formannskapsalen i samband med nyopninga av Gloppe heradshus i august 2018. Foto: Inger Haldis Aske Lothe, Firda Tidend.*

- Vi skal vere tilbake i heradshuset til Sandane-dagane 2018, var den klare målsettinga for arbeidet med istandsettinga og moderniseringa av Gloppe heradshus. Og det greidde vi. I løpet av veke 33 var alle på plass i nye kontor.

Istandsettinga av heradshuset var den nest største investeringa i 2018, berre så vidt slått av det nye renseanlegget på Byrkjelo. Tredje største investeringsprosjekt var NTU-bygget på Faleideflata i Mona. NTU står for Nordfjord TeknologiUtvikling. Medan heradshuset vart gjort ferdig i 2018, stod det ved årsskiftet 2018/2019 att noko arbeid med renseanlegget og NTU-bygget.

Ei stor investering i 2018 var renoveringa og ombygginga av dagsenteret i Åsavegen 133. Denne investeringa har vore planlagt lenge og vart ferdig i 2018, med opning i november. Med oppstarten av arbeidet med idrettsbygget i Hyen og slutt-finansieringa av aksjekjøpet i SFE frå 2017, er alle investeringar over 5 mill. i 2018 tekne med. Du finn ei samla framstilling over 2018-investeringane på side 9 i rekneskapen.

Den investeringa det var mest snakk om var likevel nytt omsorgsbygg. Kostnadsoverslaget for dei 20 plassane vart til slutt 105 mill., og kommunestyret utsette saka om godkjenning og byggestart til våren 2019. Vi er alt i gang med førebuingane til å ta bygget i bruk rundt årsskiftet 2020/2021.



*Godkjenning av Gloppe som trafikksikker kommune 8. mai 2018. Frå venstre: Audun Heggestad (Trygg Trafikk), Ole Ingar H Hæreid (Sogn og Fjordane fylkeskommune), Helene Hjertaas (nestleiar i Fylkestrafikktryggingsutvalet), ordførar Leidulf Gloppestad, Harald Heieraas (Trygg Trafikk), Beate Kornberg (rådgjevar). Foto: Jan Kåre Fure.*

### Meir planar

Også 2018 har vore eit planår. Arbeidet med samfunnssdelen i kommuneplanen vart i all hovudsak gjort i 2017, men planvedtaket vart gjort i 2018. Visjonen vår «Ein rikare kvar dag – midt i verda» vart vedteken utan motforestillingar. No gjeld det å gje visjonen innhald. Landsbylaurdagane på Sandane som vi har starta opp med, er eit slikt tiltak.

I april 2018 vart planprogrammet for ny arealdel i kommuneplanen vedteke, og «planverkstader» vart gjennomført i Hyen, Breim og for området rundt Gloppefjorden. Det har kome inn mange innspel til arealdelen, og arbeidet med å gå gjennom og systematisere innspela har vore omfattande. Noko framlegg til arealdel vart ikkje klart i 2018.

To andre arealplanar fekk mykje merksemrd i 2018. Det var framlegget til områdereguleringsplan for Sandane og vegvesenet sitt framlegg til kommunedelplan for ny E 39 på Byrkjelo. Planane har det til felles at ikkje noko vart avklara eller bestemt i 2018.

Av temaplanar som vart vedteken i 2018 må takast med helse- og omsorgsplanen og planen for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. For det meir interne liv, vart kommune sin arbeidsgjevarstrategi vedteken, med tilhøyrande lønnspolitisk plan og livsfasepolitikk.

### Nye oppgåver



Frå den første borgarlege vigsel i kommunal regi i Gloppen 2. februar 2018. Frå venstre varaordførar Magni Aa Berge, Inger Rita Tennebø Fure og Lars Henrik Gustavsen. Foto: Jan Kåre Fure.

Med kommunereforma skulle det kome nye oppgåver til kommunane som føreset større og meir robuste einingar. Så langt har vi ikkje sett så mykje av det. Ei ny oppgåve fekk likevel kommunane frå 1. januar 2018. Vi tok då over ansvaret for den borgarlege vigslinga. 12 brudepar har ordføraren og varaordføraren smidd i hop første året, og tilbakemeldinga frå både

Leidulf og Magni er at dette har vore ei hyggeleg og meiningsfylt oppgåve.

### Utfordrande økonomi

2018 vart eit år med store økonomiske utfordringar, med store overskridingane på sektorbudsjetta. Det er fleire årsaker til overskridingane og det därlege sluttresultatet. Hovudproblemet vårt er kort og godt at vi ikkje greier å tilpasse utgiftene til inntektene. Når skatt og ramme «berre» aukar med 4,9 % medan utgiftene i sektorane aukar med 6,5 %, må det gå gale. Det hjelper sjølv sagt ikkje at tilskotet til flyktingar går ned fortare enn vi greier å ta ned utgiftene og at renter og avdrag aukar mykje som følgje av høgare lånegjeld.

Talet på årsverk i kommunen er det same i 2018 som i 2017. Det er positivt, i alle fall sett med økonomiske briller. Vi har fått mykje ut av desse årsverka, og vi har greidd å halde sjukefråværet lavt, trass i at arbeidskvardagen kan vere utfordrande nok.

Vi har gjort nye steg for å blir meir digitale, og med unnatak av skuleverket, er vi no fullelektroniske på nesten alle område. IKT-opplæringa vi har gjennomført viser auka kunnskap i alle sektorar.

### Tilflyttarkommune

Det er brei politisk semje om at Gloppe skal vere ein kommune som folk flyttar til. Ser vi isolert på folketals-utviklinga i 2018 har vi ikkje lukkast godt nok i å vere ein tilflyttarkommune.

Det er ingen raske løysingar eller snarvegar til folketalsauke og tilflytting, og vi må halde fram arbeidet med å «gjere oss lekre» sjølv om det ikkje alltid går oppover.

Vi har gjort fleire tiltak i 2018 som er positive for utviklinga av Gloppe utanom dei tradisjonelle kommunale oppgåvene: Vi har opparbeidd bustadfeltet i Valborgkleiva på Sandane, og vedtek å utvide dette ytterlegare i 2019. Vi har inngått intensjonsavtalar med fleire grunneigarar med tanke på nye bustad-område. Vi har bygt stort næringsbygg i Mona for å legge til rette for det lokale næringslivet.

Og i tillegg til dette arbeider mange, både i kommunen og elles for å gjere Gloppe til ein god kommune å bu og arbeide i.

Som vanleg var det ei lang rekke med store arrangement og hendingar i Gloppe i 2018, og sjølv om vi ikkje fekk så mange prisar som i 2017, er det all grunn til å glede seg over det aktive kulturlivet. NM i friidrett på Byrkjelo i august var ein suksess trass i därleg vær, og Trivselsskogen på Sandane sin innsats for å setje Gloppe på kartet, er gull verd.


## Politisk organisering og leiing

Gloppen kommune er politisk organisert etter hovudutvalsmodellen, med fire hovudutval (inkludert administrasjonsutvalet) og formannskap. Alle medlemmene i kommunestyret er plasserte i

formannskapet og hovudutvala. I tillegg sit leiaren i kontrollutvalet også i kommunestyret. Organiseringa vart endra etter kommunestyrevalet i 2015 ved å redusere talet på hovudutval frå fem til fire.

## Politisk organisering

Gjeld frå 2. november 2015



Til organisasjonskartet:

**Formannskapet** er kommunen sitt generelle klageorgan etter § 28 i forvaltningslova. Formannskapet har også kontrollfunksjonen etter alkohollova og er hovudutval for saksområde som fell utanfor dei andre hovudutvala sine saksfelt, t.d. samferdslesaker og nærings- og ressursaker.

Plansakene er etter kommunestyret sitt vedtak av 20. juni 2011 delte mellom formannskapet (kommuneplansaker) og MULTEK-utvalet (regulerings-plansaker).

I saker som gjeld arbeid med årsbudsjettet og økonomiplanen blir formannskapet utvida med gruppeleiarane i dei partia som ikkje er med i formannskapet til eit **finansutval**. Dette er ei ordning som ikkje har fungert.

**MULTEK-utvalet** er kommunen sitt organ i viltsaker og saker etter friluftslova og naturmangfaldslova.

Politiske organisasjonskart ved årsskiftet 2015/2016.

**Administrasjonsutvalet** er kommunen sitt hovudutval i organisasjonssaker. Utvalet er sett saman av fire kommunestyremedlemmer og tre medlemmer peika ut av dei tilsette sine organisasjoner.

---

Desse utvala er ikkje med på organisasjonskartet:

**Valstyret** er eit lovpålagt organ som i denne valperioden er sett saman av formannskapet og gruppeleiarane i dei partia som ikkje er med i formannskapet. Leiar er ordføraren.

**Arbeidsmiljøutvalet** er eit lovpålagt organ der arbeidsgjever og arbeidstakarane skal ha like mange medlemmer. Leiaren i administrasjonsutvalet er ein av arbeidsgjever sine representantar i utvalet.

## Politisk leiing



Ordførar Leidulf Gloppestad.

Foto: Siv Kvalsvik Haugen.

Ordførar Leidulf Gloppestad frå Senterpartiet vart valt til ordførar i 2015. Med seg i den politiske leiinga har han varaordførar Magni Aa Berge (Sp).

Utvaleiarane er Arnfinn Brekke (KrF) i helse- og omsorgsutvalet, Bernt Reed (Sp) i oppvekstutvalet, Arnar Kvernevik (Ap) i MULTEK-utvalet og Bjarte Gangeskar (V) i administrasjonsutvalet.

Ordføraren representerer Gloppen kommune i alle samanhengar der det ikkje er valt eigne representantar (sjå oversikta på side 64 i årsmeldinga) eller der representasjonsansvaret ligg til rådmannen.

### Kommunestyret - 2015-2019

#### Senterpartiet (Sp)

1. Leidulf Gloppestad
2. Magni Aa Berge
3. Jeffrey Thomas
4. Kent Øystein Hjelle
5. Bernt Reed
6. Olaf Sigurd Gundersen
7. Jostein Arne Røyrvik
8. Vidar Sandal
9. Per Rune Vereide
10. Marit Straume
11. Solveig Lien Gusdal

#### Høgre (H)

1. Anniken Rygg
2. Jan Asle Rustøen

#### Samfunnsdemokratane (SD)

1. Gunnvor Sunde
2. Edgar Kvernevik

#### Kristeleg Folkeparti (KrF)

1. Svein-Ottar Sandal
2. Arnfinn Brekke
3. Leidulf Rygg Bogstad
4. Venke Kollbotn
5. Per Ståle Husevåg
6. Audun Mundal (no uavhengig representant)
7. Frode Fagerli

#### Venstre (V)

1. Bjarte Gangeskar

#### Arbeiderpartiet (Ap)

1. Arnar Kvernevik
2. Liv Petra Holme

#### Miljøpartiet dei grøne (MDG)

1. Mariel Eikeset Koren

#### Sosialistisk Venstreparti (SV)

1. Hege Lothe

Kommunestyret er lovpålagt etter § 6 i kommunelova.

### Formannskapet

- Leidulf Gloppestad (Sp) - ordførar  
Magni Aa Berge (Sp) - varaordførar  
Bernt Reed (Sp)  
Svein-Ottar Sandal (KrF)  
Venke Kollbotn (KrF)  
Arnfinn Brekke (KrF)  
Gunnvor Sunde (SD)  
Arnar Kvernevik (Ap)  
Bjarte Gangeskar (V)

Formannskapet er lovpålagt etter § 8 i kommunelova (for dei kommunar som ikkje har parlamentarisk styre).

Formannskapet er finansutval (sjå omtale på side 5), generelt klageorgan og har kontrollansvaret etter alkohollova.

Formannskapet er også hovudutval for saker som fell utanom dei andre hovudutvalsområda sitt ansvarsområde.

**Helse- og omsorgsutvalet (HOU)**

Arnfinn Brekke (KrF) – leiar  
Olaf Sigurd Gundersen (Sp) – nestleiar  
Per Ståle Husevåg (KrF)  
Marit Straume (Sp)  
Vidar Sandal (Sp)  
Anniken Rygg (H)  
Liv Petra Holme (Ap)

Helse- og omsorgsutvalet er styre for August Christian Mohr legat (til vanleg omtala som Mohrs legat) og Brita og Hans Thorbergens legat.

**Oppvekstutvalet (OPV)**

Bernt Reed (Sp) – leiar  
Hege Lothe (SV) – nestleiar  
Jeffrey Thomas (Sp)  
Jostein Arne Røyrvik (Sp)  
Gunnvor Sunde (SD)  
Svein-Ottar Sandal (KrF)  
Venke Kollbotn (KrF)

Oppvekstutvalet har ingen særfunksjonar.

**MULTEK-utvalet**

Arnar Kvernevik (Ap) – leiar  
Audun Mundal (KrF\*) – nestleiar  
Kent Øystein Hjelle (Sp)  
Solveig Lien Gusdal (Sp)  
Edgar Kvernevik (SD)  
Jan Asle Rustøen (H)  
Marie Eikeset Koren (MDG)

MULTEK-utvalet er styre for Anders Klaussen og Alffrida Egges Minnelegat.

\* Audun Mundal har i 2019 meldt seg ut av KrF og er no uavhengig representant.

**Administrasjonsutvalet (AMU)**

*Folkevalde*  
Bjarte Gangeskar (V) – leiar  
Magni Aa Berge (Sp) – nestleiar  
Per Rune Vereide (Sp)  
Leidulf Rygg Bogstad (KrF)  
*Frå dei tilsette*  
Tone Kristin Morken (Fagforbundet)  
Anne-Grete Hoddevik (Fagforbundet)  
Kristin Sælen (Utdanningsforbundet)

Administrasjonsutvalet er lovpålagt etter § 25 i kommunelova viss ikkje partane lokalt avtalar andre samarbeidsordningar.

Dei folkevalde er valde for heile valperioden, medan dei tilsette sine representantar er valde for to år.

**Kontrollutvalet**

Frode Fagerli (KrF) – leiar  
Bjarne Bø (Sp) – nestleiar  
Ingrid Aske (KrF)  
Charlotte R. Holtan (SD)  
Jenny Hysing (SV)

Kontrollutvalet er lovpålagt etter § 77 i kommunelova.

### Talet på saker i styre, utval og råd

Utval	2018	2017	2016	2015	2014	
Kommunestyret	73	81	108	86	91	*MULTEK-utvalet er ei samanslåing av det
Formannskapet	141	132	161	149	137	som i førre valperiode var kultur- og
Helse- og omsorgsutvalet	41	47	44	50	45	miljøutvalet og teknisk og landbruksutvalet.
Oppvekstutvalet	44	46	48	42	39	Tabellen viser også samla saksmengde for
MULTEK-utvalet*	128	105	137	125	143	dese utvala fram til samanslåinga i oktober
Administrasjonsutvalet	15	15	19	22	22	2015.
Kontrollutvalet	32	31	45	36	30	
Elderrådet	26	22	28	24	24	
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	25	31	30	18	22	
Ungdomsrådet	29	20	27	24	22	

KOMMUNESTYREMØTE PÅ NETT FRÅ NY KOMMUNESTYRESAL



Utklipp frå direktesendt kommunestyremøte 19. desember 2018. Klipp: Siv Kvalsvik Haugen.

## Rådmannen har ordet



2018 var på mange måtar eit vanleg år for kommunen, utan dei store kommunale hendingane. Vi starta året i leide lokale på Søreiude og avslutta det i heradshuset på Sandane. Tilbakeflyttinga gjekk føre seg i midten av august, med offisiell gjenopning under Sandanedagane 2018. Både vi tilsette og dei vi er tilsette for, er glade for at kommuneadministrasjonen er tilbake der vi høyrer heime – i sentrum.

*Jan Kåre Fure tok til som rådmann i Gloppen 1. mai 2014. Foto: Inger Haldis Aske Lothe, Firda Tidend.*

Sjølv om det kommunale året på mange måtar har vore vanleg, har 2018 vore eit innhaldsrikt år. For rådmannen sjølv, og hans nærmest på «huset», har 2018 vore arbeidsamt og meir utfordrande enn vi kunne ønske oss. I kommuneleiainga har vi gjennom store deler av året hatt sjukmeldingar i sentrale stillingar. Dette har sjølv sagt gått ut over arbeidet på fleire måtar, men vi har greidd å halde aktiviteten oppe og alle hjul i gang. Det er rådmannen godt nøgd med.

### Store overskridinger

For første gong på fleire år viser 2018-rekneskapen underskot. Sjølv om dette til slutt ikkje vart store beløpet, ligg det store avvik bak det «rekneskapsmessige meirforbruket» på 392.335 kroner. Vi har store avvik i alle sektorane. Avvika skuldast både meirforbruk, for dårleg budsjettarbeid og inntektssvikt. Eg viser her til rekneskapskommentarane i kapittelet om tenesteområda.

Sum nettoutgift i sektorane auka frå 2017 til 2018 med 6,5 %, medan auken i skatt og rammetilskot «berre» var 4,9 % (her er eigedomsskatten halden utanfor). Tilskotet til flyktningar gjekk ned med 6,2 mill., og når renter og avdrag auka med over 4,1 mill., blir det sjølv sagt raude tal i rekneskapen.

Rådmannen tar sjølvkritikk på dårleg økonomi-rapportering i 2018.

### Høge investeringar

Kommunen har hatt eit høgt investeringsnivå i heile denne kommunevalperioden, og 2018 var ikkje noko unnatak. To store prosjekt vart starta opp i 2018: Opprusting av idrettsbygget i Hyen og NTU-bygget på Faleideflata. I tillegg vart to store prosjekt på lag ferdige: Opprustinga av heradshuset og nytt renseanlegg på Byrkjelo. Til saman er det brukt over 90 mill. i lån til investeringar i 2018. I 2017 var talet 55 mill. Auken i lånegjelda gjev grunn til uro, og vil legge avgrensingar på handlingsrommet vårt i mange år framover.

I 2017 kjøpte Gloppen kommune 6.374 nye teikningsrettar i Sogn og Fjordane Energi AS for til saman nesten 11,8 mill. kroner. 5,7 mill. av kjøpet var ikkje finansiert i 2017, og dette beløpet er derfor

dekka inn på 2018-rekneskapen. Vi har ingen ufinansierte investeringar ved årsskiftet 2018/2019.

Vi har framleis mykje å gå på når det gjeld styring av investeringsprosjekta våre. Dette gjeld både kostnadsrekning og budsjettering, realisme i oppstarts-tidspunkt og framdrift og ikkje minst rapportering underveis og til slutt. Her må vi skjerpe oss.

### Vertskommune for Nordfjordrådet

I mai 2018 tok Roger Aa Djupvik til som den første daglege leiaren i Nordfjordrådet. Gloppen er vertskommune. Stillinga som dagleg leiar er delt mellom det politiske Nordfjordrådet og den administrative rådmannsgruppa i Nordfjord, der også Bremanger kommune er med.


I det nye Vestland fylke og fylkeskommune blir regionnivået tillagt vekt når det gamle Sogn og Fjordane no blir borte. Ei styrking av Nordfjordsamarbeidet er derfor viktig. Rådmannen håpar at nordfjordingane finn ut av det.

### Nedgang i folketalet

Folketalsutviklinga for Gloppen var ikkje god i 2018. Ved årsskiftet 2018/2019 var vi 5.836 glopparar. Dette er ein nedgang på 38 siste året. Alle kommunane i Nordfjord fekk redusert folketal i 2018, og prosentvis er tilbakegangen størst i Gloppen. Vi hadde ei netto utflytting på 25 personar og eit fødselsunderskot på 13. Sjølv om vi ikkje skal henge oss for mykje opp i eit enkelt år, er dette tal som vi ikkje ønskjer. Rådmannen skreiv i årsmeldinga i fjar at ikkje noko er viktigare for dei kommunale inntektene enn folketalet. Vi må derfor alltid legge vekt på tiltak som fører til at folk blir verande og finn seg til rette i Gloppen. Her har kommunen sjølv sagt ei viktig rolle, men det er også opp til deg og meg. Dette er framleis «gjeldande rett».

I tillegg til kommunen og kvar og ein av oss, må vi i Nordfjord bli flinkare på samarbeid om rekruttering og busetting. Store deler av Nordfjord er eitt bu- og arbeidsområde. Det må vi halde fast ved, og marknadsføre. Vi har mykje å gå på for å bli betre også på dette punktet.

## Administrativ organisering og leiing



Administrativ organisering, sist oppdatert 1. januar 2019.

Det vart gjort mindre endringar i den administrative organiseringa i 2018 ved at Annekset vart lagt ned.

### Leiing og leiistarar i Gloppen

Gloppen kommune er organisert etter sektormodellen. Modellen har tre nivå der rådmannen er øvste administrative leiar. Under seg har rådmannen fem «rådmenn» for sine ansvarsområde: Stab og støtte, oppvekst, helse og omsorg, tekniske tenester (inkl. landbruk) og kultur. Avdelingane under dette – nivå tre – er *einingane*, som alle er leia av ein einingsleiar.

*Rådmannen si leiargruppe* består av leiistarane for sektorane (inkl. stab og støtte), pluss personalsjefen, økonomisjefen og rådmannen sjølv. Det gir ei leiargruppe på åtte medlemmer. Organisasjonsjefen fungerer som rådmann i rådmannen sitt fråvær. Er begge desse vekke, fungerer teknisk sjef som rådmann. Rådmannen si leiargruppe og einingsleiistarane utgjer kommunen sitt *leiatform*.

I 2018 har teknisk sjef fungert også som «einingsleiar» for plan- og byggesak. Elles er det ikkje gjort organisatoriske endringar i leiastrukturen i 2018.



Gunhild Gimmestad tok til som helse- og omsorgssjef august 2018. Foto: Siv Kvalsvik Haugen.



Eva Kristin Rønneklev vart konstituert som einingsleiar på Gotatoppen august 2018. Foto: Siv Kvalsvik Haugen.

---

Ved årsskiftet 2018/2019 utgjorde desse leiastrukturen:

## Rådmannen si leiargruppe

Funksjon	Namn
Rådmann	Jan Kåre Fure
Organisasjonssjef	Geir Liavåg Strand
Oppvekstsjef	Per Arne Strand
Helse- og omsorgssjef	Gunhild Gimmestad*
Teknisk sjef	Kjell Petter Solhaug
Kultursjef	Jan-Kjetil Øygard
Personalsjef	Rita Lilletvedt
Økonomisjef	Ikkje tilsett

\* Ny i 2018.

## Einingar og einingsleiarar

Oppvekst	Tittel og namn
Breim skule	Rektor Marianne Kårstad Raad
Gloppen ungdomsskule	Rektor Ragnhild Bruvoll
Hyen skule og barnehage	Rektor Vigdis Henden
Nordstranda skule	Rektor Elisabeth Sunde Andenæs
Sandane skule	Rektor Linn Kristin Øren
Breim barnehage	Styrar Anette Støyva
Mona barnehage	Styrar Margrete Huus
Gloppen opplæringssenter	Rektor Sonja Jordanger Loen
PP-tenesta	PPT-leiar Hilde Nødset
Barnevernstenesta	Barnevernsleiar Gerd Ynnesdal
Helsestasjonen	Leiande helsesøster Gerd Heimsæter Aa

Helse og omsorg	Tittel og namn
Legetenesta	Kommuneoverlege Benny Ø. Hansen
Psykisk helse	Einingsleiar Synnøve Grov
Fysio-/ergoterapi	Einingsleiar Margot Andenes
Gloppen omsorgssenter 1. etasje	Einingsleiar Iren Knutsen Utheim
Oreteigen	Einingsleiar Cecilie Majchrowicz Helgheim
Heimetenesta Gotatoppen	Einingsleiar Eva Kristin Rønneklev (konst)*
Gloppen kommunale kjøkken	Kjøkkensjef Gunnvor Sunde
Miljøarbeidartenesta	Einingsleiar Siri-Merethe Solheim
Breim heimeteneste	Einingsleiar Elsa Hjorteset
Hyen heimeteneste	Einingsleiar Oddrun Ommedal
Sandane heimeteneste	Einingsleiar Kari-Ann Krogh
NAV Gloppen (den kommunale delen)	NAV-leiar Øyvind Hervik

\* Ny i 2018.

Teknisk sektor	Tittel og namn
Eigedomsavdelinga	Eigedomssjef Odd Arne Kolseth
Landbrukskontoret	Landbruksjef Trine Alme
Kommunalteknikk	Leiar kommunalteknikk Per Ove Fossheim
Brann og beredskap	Brann- og beredskapsjef Runar Kleppe
Plan- og byggesak	Teknisk sjef Kjell Petter Solhaug

Kultur og næring	Tittel og namn
Gloppen folkebibliotek	Biblioteksjef Torill Berge
Gloppen kulturskule	Rektor Ann Karin W. Ose
Kulturhuset Trivselshagen	Dagleg leiar Ola Tarjei Kroken
Trivselshagen bad og idrett	Dagleg leiar Øystein Sundal

Til kultur hører også næringssjefen, men politisk ligg næringssakene til formannskapet.

## Medarbeidarar og personalpolitikk

Det blei utskrive 1.303 lønns- og trekkoppgåver i 2018. Dette er tal personar som har fått lønn eller godtgjersle frå Gloppen kommune dette budsjettåret.

### ÅRSVERK, STILLINGAR OG TAL TILSETTE

Tabellane nedanfor inneheld ikkje støttekontaktar, folkevalde og personar med kvalifiserings- og introduksjonstilskot. Tal per 31.12.2018.

Årsverk	Tal stillingar	Tal tilsette
Kvinner	404	647
Menn	99	150
Sum	503	797

**Årsverk:** Inneheld alle med ein fast stillingsprosent.

**Tal stillingar:** Ein tilsett kan arbeide i fleire stillingar, anten på same avdeling eller på fleire avdelingar. Nokre har delt opp 100 % stilling i fleire små stillingsprosentar av budsjettmessige årsaker.

**Tal tilsette:** Dette er tilsette med ein registrert stillingsprosent.

Sum delstillingar og gjennomsnittleg stillingsprosent:

Årsverk	Tal tilsette	Gj.snitt. stillingsprosent
Kvinner	160	262
Menn	13	26

Talet på tilsette i deltidsstillingar har gått ned frå 217 i 2014 til 173 i 2018. I 2014 var det 197 kvinner og 20 menn i deltidsstillingar, medan tilsvarende tal i 2018 altså er 160 og 13.

### UTVIKLINGA I TALET ÅRSVERK I KOMMUNEN

	2018	2017	2016	2015	2014
Årsverk	503	503	483	463	430

Talet årsverk har stabilisert seg i 2018. Auken frå 2016 til 2017 skuldast i hovudsak etablering av Myklebusstunet, ei ekstra klasse ved GU og ekstra ressursar opp mot enkeltvedtak. Overgang til årsarbeidsplan på mange einingar etter 2014 har medført noko auke i stillingsprosentar, i staden for bruk av ekstravakter og tilkalling.

Oversikta over talet på årsverk er bruttootal, dvs. at ei stilling som fullt ut er finansiert av tilskot eller refusjonar tel like mykje som ei stilling som det ikkje er inntekter på.

Tala viser også vikarbruken ved sjukmeldingar m.m. Sjukefråværet er lavt og stabilt, og påverkar ikkje talet på tilsette i særleg grad.

Det er nødvendig å utvikle betre metodar for god nok oversikt i talet på årsverk og korleis utviklinga er frå år til år. Auken i talet på årsverk er ikkje noko spesielt for Gloppen. I den årlege pensjonsgjennomgangen med KLP, seinast 8. mars 2018, viser tala frå KLP at årsverka aukar i så godt som alle kommunar.


I årsbudsjettdokumentet både for 2017 og 2018 er det gjeve meir detaljer informasjon om endringane i årsverk på einingsnivå.



Frå Mobilitetsveka 2018: Markering av trygg sykkelveg. Foto: Siv Kvalsik Haugen.

## Aldersfordeling på tilsette over 50 år i Gloppen kommune

Per 31. desember 2018 har kommunen 253 arbeidstakarar over 50 år og 172 over 55 år. Tilsvarande tal per 31. desember 2017 var 260 og 179. Det var også ein nedgang frå 2016 til 2017. Fordelinga ved siste årsskiftet er slik på den enkelte alder:



## Likestilling og deltid

Gjennom HTA (hovudtariffavtalen) er dei lokale partane forplikta til å drøfte likelønn kvart år på bakgrunn av tal som viser lønnsutviklinga blant anna fordelt på kjønn. Dette blir i Gloppen gjort i samanheng med drøftingar framfor lokale forhandlingar.

Etter HTA § 2.3.1 er kommunen forplikta til å arbeide for å redusere uønskt deltid. Fokus på å

redusere deltidsstillingar har eit klart likestillingsperspektiv, fordi dei fleste med uønskt deltid er kvinner. Det er også eit viktig arbeid med tanke på rekruttering av gode medarbeidarar for framtida. Innføring av årsarbeidsplan, bruk av frie timer og tilsetting av faste vikarar har bidrege til å redusere årsverk og tal tilsette som arbeider deltid.

## GJENNOMSNITSLØNN, ÅRSVERK OG STILLINGSPROSENT DELT PÅ KAPITTEL (ETTER HOVUDTARIFFAVTALEN) OG KJØNN FOR KOMMUNEN SINE TILSETTE

Kapittel	Kjønn	Tal tilsette	Årsverk	Snittst. %	Snittlønn
Kap 3.4.1	Kvinner	3	3,0	100	684.000
Toppleiarar	Menn	5	5,0	100	778.000
Kap 3.4.2	Kvinner	25	24	96	629.000
Einingsleiarar	Menn	7	6,5	93	613.800
Kap 4	Kvinner	470	372	79	446.000
	Menn	92	82	89	459.000
Kap 5	Kvinner	13	9,0	69	588.000
	Menn	12	10,0	83	617.000

- Kap 3.4.1: Alle sektorleiarane er likt lønna. Årsak til lønnsskilnaden mellom kvinner og menn for denne gruppa er lønn til rådmannen, og personalsjef og økonomisjef som er lågare lønna enn sektorleiarane.
- Kap 3.4.2: Lønn til rektorar er noko høgre enn lønn til dei andre einingsleiarane. Alle rektorane er kvinner og snittlønn for kvinner i kap 3.4.2 vert då høgare enn snittlønna for menn. Lønna til kommuneoverlegen er ikkje med i snittlønna fordi denne påverkar gjennomsnittet så mykje at tala blir misvisande.
- Kap 4: Lønnsskilnaden for denne gruppa er redusert frå 2017. Hovudårsaka til lønnsskilnaden mellom menn og kvinner er at mennene i snitt har høgare utdanning og stillingsnivå enn kvinnene i denne gruppa.
- Kap 5: På kapitlet er lønn til t.d. legar, ingeniørar og tilsette i administrasjonen med lokalt fastsett personleg lønn. Ulikt ansvar og jobbinnhald utgjer individuelle skilnader.

## Rekruttering og kompetanse

Gloppen kommune har som overordna mål å vere ein moderne og attraktiv arbeidsgjevar som klarar å rekruttere, utvikle og behalde kompetente medarbeidarar.

Motiverte og kompetente medarbeidarar er ein føresetnad for å kunne yte gode tenester til innbyggjarane. Tilbod om lærlingplassar, etter- og vidare-utdanning, intern opplæring, kunnskapsdeling og tverrsektorielt samarbeid, er nokre av tiltaka for å nå dette målet.

I 2018 kartla Gloppen kommune IKT-kunnskapen til alle tilsette i eit samarbeid med Datakortet. Dette var ei oppfølging av kartlegginga frå 2015, der resultata viste at det var behov for IKT-opplæring i alle sektorar. Gjennom eit samarbeid med Folkeuniversitetet fekk kommunen tildelt 650.000 kr frå Staten (VOX) gjennom BKA-ordninga (Basis Kompetanse i Arbeidslivet) til gjennomføring av slik opplæring. 250 tilsette har gjennomført opplæringa, og resultata frå siste kartlegginga har synt at

opplæringa har gjeve resultat. Alle sektorane viser framgang i basis IKT-kunnskap.

Kommunen har sidan 2012 hatt seniorpolitiske tiltak som skal stimulere tilsette til å stå lenger i arbeid. Frå fylte 62 år kan tilsette velje mellom tre ulike ordningar; pensjonsgjevande lønnsauke, redusert arbeidstid, eller noko frigjort tid til kommunale tiltak av samfunnstenleg verdi som ikkje vert dekka innanfor dagens tenester.

Kommunen er aktivt til stades på ulike karriere-messer. Målet med denne deltakinga er å få kontakt med elevar, utflytta studentar og arbeidstakrar, og halde dei oppdaterte på utviklinga i Gloppen kommune.

Kvart år blir det invitert til samling for nytilsette, der dei får ein brei presentasjon av Gloppen kommune som organisasjon og tenesteytar. Det blir gjennomført pensjonskurs for seniorar i regi av våre pensjonsleverandørar, og det blir arrangert første-hjelpkurs og grunnkurs i HMT-arbeid i regi av bedriftshelsetenesta.

## Helse, miljø og tryggleik (HMT)

Gloppen kommune har som arbeidsgjevar eit sterkt fokus på HMT-arbeidet og er oppteken av trivsel og tryggleik på arbeidsplassen. Vernetenesta er ein viktig ressurs i dette arbeidet, og kommunen legg vekt på å ha ei aktiv verneteneste.

Alle nye einingsleiarar, verneombod, medlemmer i arbeidsmiljøutvalet og andre aktuelle gjennomfører grunnkurs i arbeidsmiljø (40-timarskurset). Andre aktuelle HMT-kurs blir arrangerte ved behov, som til dømes årlege førstehjelpkurs.

Kommunen jobbar kontinuerleg med oppdatering og fornying av HMT-arbeidet. Kommunen har ei HMT-gruppe som er saman-sett av to frå administrasjonen med personalsjef som leiar, hovudverneombodet, ein representant frå bedriftshelsetenesta og hovudtillitsvald i Fag forbundet. Gruppa tek opp og drøftar mange ulike HMT-saker og kjem med innspel i saker som skal opp i arbeidsmiljøutvalet (AMU).

HMT-gruppa har også funksjon som sjukefråværsgruppe, som skal jobbe både på system- og individnivå. Gruppa skal spesifikt jobbe med å finne årsaker til sjukefråvær i einingar der sjukefråværet er høgt, førebygge og lage strategi for arbeidet med å få ned sjukefråværet på lengre sikt.

Hovudverneombodet reiser årleg ut til alle einingane. Han har då faste møte med LAGa (Lokale ArbeidsmiljøGrupper). Slike grupper blei oppretta i alle verneområda i 2010 og fungerer etter kvart godt.

Kommunen er inndelt i 24 verneområde. Personalsjefen og hovudverneombodet har møte med verneomboda kvart år, der dei deler erfaringar og får ny informasjon og påfyll av ny kunnskap.

Kommunen sin arbeidsmiljøpris blir tildelt årleg i kommunestyret. Det er AMU som bestemmer kven som skal få prisen. I 2018 var det Cecilie Majchrowicz Helgheim, einingsleiar ved Oreteigen, som blei heidra (sjå side 66).

### BEDRIFTSHELSETENESTE (BHT)

Alle tilsette i Gloppen kommune er tilknytt bedriftshelsetenesta. I 2018 er det Kystbedriftenes Helse-tjeneste som har hatt ansvar for helsetenesta i Gloppen. Dei har kontor på Sandane som er bemanna heile veka.

BHT har m.a. vore aktivt med i fornyinga av HMT-arbeidet. Dei deltek i arbeidsmiljøutvalet, HMT-gruppa og i andre aktuelle møte ved behov.

BHT utfører lovpålagt arbeidshelseundersøking, føretek kartlegging og risikovurdering etter førespurnad frå einingane, arbeidsplasskartlegging, faktaundersøking i konfliktsaker, gjev opplæring i tenleg arbeidsteknikk og råd ved planlegging av nye arbeidsplassar og innkjøp av nytt utstyr med meir.

Det er BHT som held grunnkurs i arbeidsmiljø (40-timarskurset). Dei arrangerer også andre kurs etter førespurnad.

## Nærvær

I 2018 har nærværet vore på 94,3 %. Dette nivået er noko lågare enn dei tre føregåande åra, der vi hadde i overkant av 95% nærvær.

### STATISTIKK OVER EIGENMELDING OG SJUKEFRÅVÆR

	2018				2017				2016			
	Eig.m 1-24 d	Sj.m 1-16 d	Sj.m ≥17 d	Sj.m totalt	Eig.m 1-24 d	Sj.m 1-16 d	Sj.m ≥17 d	Sj.m Totalt	Eig.m 1-24 d	Sj.m 1-16 d	Sj.m ≥17 d	Sj.m totalt
Oppvekst	0,9	0,6	4,1	5,8	0,9	0,7	4,5	6,1	0,8	0,6	4,6	6,0
Helse	0,9	0,8	4,3	5,9	0,8	0,6	3,1	4,5	0,8	0,6	3,4	4,7
Andre	0,6	0,5	3,7	4,7	0,4	0,2	2,6	3,2	0,4	0,3	2,2	3,0

Det blir gjort eit godt arbeid i einingane både når det gjeld førebyggande tiltak, tilrettelegging for tilsette med fysisk/psykisk funksjonsevne og oppfølging av sjukmelde arbeidstakarar. Dette syner igjen i ein høg nærværs-prosent gjennom mange år.

HMT-gruppa har arbeidd med ulike tiltak for å få ned sjukefråværet der det er mogleg, blant anna tilbod om leiarstøtte med aktiv oppfølging frå BHT. Personalavdelinga har saman med BHT gjennomført samtalar med leiarar i einingar der sjukefråværet har vore høgt, for å sjå på årsaker og moglege tiltak.

BHT deltek i oppfølginga av den enkelte sjukmelde arbeidstakar etter behov. Dei underviser i ergonomi og løfteteknikk, gjev råd og tips om mellom anna trening og kosthald.

**Trass ein liten auke i sjukefråværet i 2018 så ligg likevel Gloppen kommune betydeleg under både snittet for kommunane i Sogn og Fjordane og kommunane i Norge totalt når det gjeld sjukefråvær.**

## Organisasjonsutvikling

**PERSONALREGELVERK – KS LOKAL PERSONALHANDBOK**  
Alt personalregelverk i kommunen er samla i *KS lokal personalhandbok*. Personalhandboka er tilgjengeleg for alle tilsette på intranettet. Alle dokumenta blir fortløpende oppdaterte ved endringar. Dette regelverket ligg også på kommunen si heime-side og ein del skjema ligg på intranettet. Reglementa var sist revidert i 2016.

### ARBEIDSGJEVARSTRATEGI

Hausten 2016 vart det sett ned ei partssamansett arbeidsgruppe som skulle utarbeide ein overordna og heilskapleg arbeidsgjevarstrategi for kommunen.

I tillegg til arbeidsgjevarstrategien vart lønns-politikken og livsfasepolitikken revidert. Dokumenta vart vedteke våren 2018.

Arbeidsgjevarstrategien gjev overordna føringer for korleis arbeidsgjevarrolla i kommunen skal utøvast. Den viser retning og prioriteringar både for folkevalde, leiarar, medarbeidarar og tillitsvalde. Den vil også medverke til å styrke kommunen sitt omdømme, både internt og i høve omgjevnadene.

### DIGITALISERING

Arbeidet med å digitalisere papirarkiva våre er fullført med unnatak for oppvekstsektoren. Vi har tatt i bruk elektronisk utsending av brev frå alle sektorane utanom oppvekst.

## Møte mellom leiing og tillitsvalde

### ARBEIDSMILJØUTVALET (AMU)

AMU hadde fire møte i 2018. Aktuelle tema har vore:

- behandling av byggesaker
- HMT-plan for 2018-2019
- oppdatering og fornying av HMT-dokument
- tildeling av arbeidsmiljøprisen
- sjukefråvær
- avviksmeldingar
- orientering frå hovudverneombod og bedriftshelsetenesta

### MØTE MED TILLITSVALDE

Det har i 2018 vore halde eitt møte mellom kommunaleiing og organisasjonane sine hovudtillitsvalte. Tema var nasjonalt digitaliseringsprosjekt, utkast til arbeidsgjevarstrategi, lønnspolitikk og livsfasepolitikk, regelverk knytt til velferdspermisjonar, og drøfting av årets lønnsoppgjer.

#### ADMINISTRASJONSUTVALET

Administrasjonsutvalet er kommunen sitt hovudutval i personal- og organiseringssaker. Sjå oversikta over

møteaktivitet i kapitlet om politisk organisering og leiing på side 8.

Ordninga med administrasjonsutval er vanskeleg å få til å fungere. Det er rett og slett ikkje saker nok til eit slikt utval.

#### Kommunen sin arbeidsmiljøpris

Arbeidsmiljøprisen for 2018 vart tildelt Cecilie Majchrowicz Helgheim, sjå side 66.

#### Tiltak for arbeidsmiljøet

Aktivitetsgruppa som skal motivere og skape auka fysisk aktivitet, har vore i sving sidan 2011. Målet er betre helse og lågare sjukefråvær i kommunen, kort sagt: betre folkehelse.

Hovudaktiviteten har vore spinning ein ettermiddag i veka for alle tilsette på SPENST, der dei fleste sektorane i kommunen har vore med.



Frå heradshuset sin blåtur i 2018. Foto: Siv Kvalsvik Haugen.

## Kva har vi fått til i 2018?

I samfunnssdelen av kommuneplanen har vi sagt at «ein rikare kvardag – midt i verda» er vår visjon framover mot 2030. Vi har tre strategiar i arbeidet for oppfylle denne visjonen: *I forkant, rike og rause livsmiljø, og næring og arbeid*. Kva har vi – i dette tilfelle kommunen – gjort i 2018 med desse strategiane? I tillegg skal rådmannen etter bustadpolitisk plan «gjere greie for kva tiltak som er gjort på bustadområdet siste året». Oppstillinga nedanfor prøver å gje ei kort oppsummering av dette:

Strategi	Tiltak i 2018
I forkant	<p><b>Planar m.m.:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Samfunnssdelen av kommuneplanen vart vedteken i 2018</li> <li>– Kommunedelplan for helse og omsorg 2018 vart vedteken i kommunestyret 25. april</li> <li>– Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2019 – 2022 vart vedteken i kommunestyret 19. desember</li> <li>– Kulturminneplan for Gloppen tok form i løpet av 2018, og blei lagt ut på høyring på nyåret i 2019</li> <li>– I januar 2018 vart planprogram for ny arealdel utarbeidd</li> </ul> <p><b>Tiltak:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Gloppen kommune vart godkjent som «Trafikksikker kommune», og har utarbeidd rutinar for aktuelle einingar</li> <li>– Deltok i europeisk mobilitetsveke for klimavennlege transportformer, og fikk på plass 28 sykkelparkeringar i Sandane sentrum</li> <li>– Betre tverrfagleg innsats (BTI) prosjekt er ferdig med grunnlagsmateriell og held på med innføring av modellen i helse og omsorg og oppvekstsektoren</li> <li>– Sertifisert kursleiarar i foreldrerettleiing og starta opp med fast system på grupper med foreldrerettleiing</li> <li>– Planarbeidet med nytt omsorgsbygg er ferdig</li> <li>– Omfattande grunnopplæring på IKT er gjennomført for over 250 tilsette, hovudsakleg i helse og omsorg og oppvekst</li> <li>– Vi er blitt fullelektroniske på saksbehandling innan helse og omsorg og teke SvarUT i bruk også her</li> <li>– Vi er ferdige med å digitalisere papirarkivet</li> <li>– Seniorsamling for alle fødde i 1946 og 1947</li> <li>– Starta opp utviklingsarbeid for å styrke habiliterings- og rehabiliteringstilbodet til pasientane i Gloppen kommune</li> <li>– Fleire lærings- og meistringstilbod sett i drift</li> </ul>
Rike og rause livsmiljø	<p><b>Planar:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Kommunedelplanane for «<i>Helse og omsorg</i>» og «<i>Idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet</i>» har begge ei klar målsetting om, og konkrete tiltak for, å skape rike og rause livsmiljø for alle innbyggjarar og besøkande. Særskilt gjennom å etablere fleire uformelle møteplassar og arenaer og fremme inkludering</li> <li>– I arbeidet med «<i>Områdeplan for Sandane sentrum</i>» er det lagt stor vekt på å legge betre til rette for gåande og syklande og skape gode, uformelle møteplassar</li> </ul> <p><b>Tiltak:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Fått på plass eit «<i>landsbyråd</i>» som i lag med handelsstanden og forskjellige lag og organisasjonar har planlagt landsbylaurdag som eit månadleg arrangement i Sandane sentrum frå 2019. Målet er å bygge opp om Gloppen sin posisjon «Ein rikare kvardag – midt i verda»</li> <li>– Kartlagt universell utforming i Sandane sentrum</li> <li>– Nye viktige nærområde og møteplassar ferdigstilt: «<i>TIN – camp</i>» i Trivselkogen og utvikling av Åsen nærmiljøanlegg (sterkt dognadsbasert!)</li> <li>– «<i>Møteplass for kulturlivet</i>» vart etablert i 2018 og har hatt to samlingar. Tema for samlingane har vore tettare samarbeid og inkludering i vid</li> </ul>

	<p>forstand. Mellom 40 og 50 representantar frå ulike lag og organisasjonar har delteke</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Samarbeidet med Firda vgs om prosjektet «Grøn skule» med fokus på å trenere på å gjøre gode val gjennom heile utdanningsløpet</li> <li>– Medarrangør av klimakonferansen « Den grøne tråd» på Firda vgs</li> <li>– Vi busette 11 nye flyktningar</li> <li>– Arbeidet med oppgradering av idrettsbygget og bassenget i Hyen starta opp. Ferdig sommaren 2019</li> </ul>
<b>Næring og arbeid</b>	<p><b>Tiltak m.m.</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Arbeidet med oppgradering av Byrkjelo reinseanlegg er fullført</li> <li>– Laga nytt turistkart over Gloppe.</li> <li>– Starta bygginga av NTU-bygget i Mona. Ferdig april 2019</li> <li>– Starta bygginga av Nordfjord Stisenter på Vereide</li> </ul>
<b>Bustader og bustadfelt</b>	<p><b>Planar:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Arbeid med fleire private reguleringsplanar: Elvaneset, Søreide og Sandane sentrum (område rundt Gloppe Hotell) og Dammen (i Valborgkleiva)</li> </ul> <p><b>Bustadfelt m.m.</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Inngått intensjonsavtale med grunneigarar for utbygging av bustadfelt mellom Åsavegen og Nygård barnehage, vest for Askefeltet og utviding av Valborgkleiva</li> </ul> <p><b>Bustader:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– I løpet av det siste året har kommunen ferdigstilt fire nye leilegheiter gjennom ombygging av dagsenteret i Mona</li> <li>– Kjøpt inn to bustadmodular som vart sett opp på Eide</li> <li>– Kommunen har inngått avtale med Fjellstad stiftelse om fire nye leilegheiter i Valborgkleiva, to med tre soverom og to med fire soverom</li> </ul>



Ein rikare kvardag – midt i verda...Foto: Birte Fossheim.

## Tenesteområda

Rekneskapstala som er presenterte i dette kapitlet følgjer den sektorinndelinga for hovudutvala, der formannskapet også blir behandla som eit hovudutval.

### Hovudtal for 2018

Utvilsmål	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Forbruk i %	Rekneskap 2017
Formannskapet	31 413 905	27 997 116	112	29 156 025
Oppvekstutvalet	152 426 011	150 545 930	101	142 682 602
Helse- og omsorgsutvalet	182 648 450	174 722 501	105	172 039 701
MULTEK-utvalet	(49 467 333)	(43 496 704)	(114)	(46 727 548)
- teknisk og landbruk	31 972 588	27 894 835	114	30 230 193
- kultur og idrett	17 678 580	15 601 869	113	16 497 355
Sum hovudutval	416 139 533	396 762 251	105	390 605 876
Sum finansiering	-415 747 198	-396 762 251	105	-390 605 876
Overskot/underskot	-392 335	0		0

Tabellen viser eit rekneskapsmessig underskot i 2018 på 392.335 kroner.

## Formannskapet

### Ressursinnsats

#### RESSURSBRUK FOR KVART TENESTEOMRÅDE

	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	%- forbruk	Rekneskap 2017
<b>10000 Politisk styring</b>				
Utgifter	2 630 492	2 536 000	104	2 887 853
Inntekter	-81 924	-91 600	89	-152 115
Sum	2 548 567	2 444 400	104	2 735 738
<b>11000 Kontroll og revisjon</b>				
Utgifter	910 836	1 102 200	83	940 867
Inntekter	-49 479	-108 200	46	-77 341
Sum	861 357	994 000	87	863 526
<b>12010 Administrativ leiing</b>				
Utgifter	6 392 201	6 073 900	105	6 212 609
Inntekter	-866 081	-873 500	99	-694 178
Sum	5 526 120	5 200 400	106	5 518 431
<b>12020 Økonomiavdeling</b>				
Utgifter	6 200 129	5 752 850	108	5 537 292
Inntekter	-2 051 191	-1 857 200	110	-1 592 108
Sum	4 148 938	3 895 650	107	3 945 184
<b>12030 Servicetorg</b>				
Utgifter	1 926 887	1 876 400	103	1 982 725
Inntekter	-40 285	-47 100	86	-69 347
Sum	1 886 602	1 829 300	103	1 913 378
<b>12040 Felles IT-drift</b>				
Utgifter	5 488 055	4 918 226	112	4 993 199
Inntekter	-404 530	-190 300	213	-680 371
Sum	5 083 525	4 727 926	108	4 312 828

<b>12050 Skatteoppkrevjing</b>				
Utgifter	1 686 109	1 613 400	105	1 582 057
Inntekter	-502 792	-460 300	109	-471 288
Sum	1 183 317	1 153 100	103	1 110 770
<b>12060 Arkivtenesta</b>				
Utgifter	2 314 681	1 683 900	137	2 706 137
Inntekter	-526 003	-250 200	210	-918 576
Sum	1 788 678	1 433 700	125	1 787 561
<b>12070 Personalkontor</b>				
Utgifter	1 662 116	1 579 640	105	1 632 632
Inntekter	-64 682	-41 900	154	-142 988
Sum	1 597 434	1 537 740	104	1 489 644
<b>12090 Anna felles drift</b>				
Utgifter	3 534 544	2 764 100	128	3 768 564
Inntekter	-383 067	-486 800	79	-384 294
Sum	3 151 477	2 277 300	138	3 384 270
<b>18000 Diverse fellesutgifter</b>				
Utgifter	146 904	156 000	94	873 146
Inntekter	-13 786	-23 000	60	-14 962
Sum	133 118	133 000	100	858 184
<b>23400 Aktivisering og støtteteneste til eldre og funksjonshemma</b>				
Utgifter	288 682	437 500	66	472 873
Inntekter	-288 682	-437 500	66	-472 873
Sum	0	0	0	0
<b>24200 Råd, rettleiing og sosialt førebyggande arbeid</b>				
Utgifter	112 039	81 300	138	102 431
Inntekter	-110 310	-81 300	136	-94 500
Sum	1 728	0	0	7 932
<b>26500 Kommunalt disponerte bustader</b>				
Utgifter	2 182 922	3 356 300	65	2 629 827
Inntekter	-1 936 515	-3 356 300	58	-2 752 013
Sum	246 406	0	0	-122 186
<b>28300 Etablering og oppretth. av eigen bustad</b>				
Utgifter	2 780 172	1 945 700	143	3 280 639
Inntekter	-2 244 902	-1 356 300	166	-2 593 247
Sum	535 270	589 400	91	687 392
<b>28500 Tenester utanfor ord. komm. ansvarsområde</b>				
Utgifter	7 917 791	17 024 569	47	4 595 281
Inntekter	-7 902 563	-17 014 569	46	-5 551 531
Sum	15 229	10 000	152	-956 250
<b>29000 Interkommunale samarbeid (§ 27 samarbeid)</b>				
Utgifter	825 919	800 000	103	0
Inntekter	-825 919	-800 000	103	0
Sum	0	0	0	0
<b>30100 Behandling av plansaker</b>				
Utgifter	2 079 630	2 290 800	91	1 688 375
Inntekter	-289 940	-949 600	31	-234 508
Sum	1 789 690	1 341 200	133	1 453 868

<b>32500 Tilrettelegging og hjelp for næringslivet</b>				
Utgifter	1 301 022	550 000	237	500 169
Inntekter	-748 104	-350 000	214	-500 169
Sum	552 918	200 000	276	0
<b>33000 Samferdslebedrifter/transporttiltak</b>				
Utgifter	454 031	237 500	191	455 506
Inntekter	-90 500	-7 500	1207	-289 750
Sum	363 531	230 000	158	165 756
<b>TOTALT</b>	<b>31 413 905</b>	<b>27 997 116</b>	<b>112</b>	<b>29 156 025</b>

- er lik inntekter.

## Merknader til rekneskapen

### SAMLA SETT

viser rekneskapen eit meirforbruk på vel 3,4 millionar. Dette er sjølv sagt eit alt for stort avvik. Årsakene til meirforbruket er:

- Mindre lønnsføring på prosjekt enn rekna med i budsjettet, ca 800.000 på teneste 12010 og 30100
- Overskridinger på tilrettelegging for næringslivet og på samferdsle, ca 480.000
- IKT: Byte av mobilleverandør førte til ekstra oppstartsutgifter og drift av datakommunikasjon
- På arkiv: Meir deponering enn rekna med av gammalt papirarkiv til fylkesarkivet sitt depot
- Fellestenester: Utgifter i samband med omlegging til ny mobilleverandør (inkludert serviceavtale)

### TIL KVAR TENESTE

**10000 Politisk styring** har eit meirforbruk på vel 100.000. Dette er godt innanfor det påreknelege. Tenesta er vanskeleg å budsettere først og fremst fordi utgiftene varierer med talet på møte, kva som blir kravd i tapt arbeidsforteneste og kor ofte dei folkevalde sender inn sine refusjonskrav.

**11000 Kontroll og revisjon** har eit mindreforbruk på vel 130.000. Årsaka til dette er ei vakant stilling i revisionen. Hovudutgiftene på denne tenesta er betaling til kommunerevisjonen (ca kr 661.000) og betaling for sekretariatet til kontrollutvalet (ca kr 173.000).

**12010 Administrativ leiring** har eit meirforbruk på nesten 325.000. På denne tenesta blir lønna til rådmannen og sektorleiarane (oppvekstsjefen, helse- og omsorgssjefen, teknisk sjef og kultursjefen) ført, til saman 5 årsverk. Hovudårsaka til meirforbruket er mindre lønnsføring på prosjekt enn rekna med i budsjettet, ca 300.000. Lønnskostnaden er i tillegg budsettet litt for lavt.

**12020 Økonomiavdelinga** har eit meirforbruk på vel 473.000. På denne tenesta er lønna 9 stillingar i til saman 7,7 årsverk.

**12030 Servicetorget** har eit mindre meirforbruk på ca 57.000. Dette er godt innanfor det påreknelege. På denne tenesta er lønna 4 stillingar i til saman 3,8 årsverk.

**12040 Felles IT-drift** har eit meirforbruk på vel 394.000 som i all hovudsak skuldast ikkje-budsjettet skifte av mobilleverandør. På denne tenesta er 2 ordinære stillingar og ei tilrettelagt stilling i til saman 2,7 årsverk.

**12050 Skatteoppkrevjing** har eit mindre meirforbruk på ca 30.000. Dette er godt innanfor det påreknelege. På denne tenesta er lønna ei stilling i 0,7 årsverk.

**12060 Arkivtenesta** har eit meirforbruk på vel 460.000. Dette skuldast ekstra deponering av papirarkiv til fylkesarkivet. På denne tenesta er lønna 2 stillingar i 2 årsverk.

**12070 Personalkontor** har eit meirforbruk på vel 86.000. På denne tenesta er lønna 2 stillingar i 1,8 årsverk.

**12090 Anna fellesdrift** har eit meirforbruk på vel 874.000. Ikkje-planlagt omlegging til ny mobilleverandør er hovudårsaka overskridingane. Ved ein feil i budsjettet var det ikkje rekna pensjon på løna til dei tre hovudtillitsvalde og hovudverneombodet.

**18000 Diverse fellesutgifter** er nokså nøyaktig i balanse. Dette er ein «ymse-post» der vi m.a. fører utgiftene med dei tre råda i kommunen, helsingar frå ordføraren, felles opplæring og uforutsette utgifter som ikkje høyrer heime andre stader.

**23400 Aktivisering og støtteteneste til eldre** er her transporttilbod til eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, til vanleg omtala som drosjekort-

ordninga. Servicetorget administrerer denne. Ordninga er finansiert av fylkeskommunen og går i 0.

**24200 Råd, rettleiing og sosialt førebyggande arbeid** er her kontrollarbeidet med sal- og skjenkestadane for alkohol og røyk. Utgiftene blir stort sett finansierte av sals- og skjenkeavgiftene. Det er Nordfjeldske Kontroll AS som utfører kontrollarbeidet. Servicetorget administrerer tenesta.

**26500 Kommunalt disponerte bustader** er her utleige av bustadar. Tenesta har eit meirforbruk på vel 246.000, og forklaringa på dette er oppretting av feil i utsending av husleige. Servicetorget administrerer tenesta.

**28300 Etablering og oppretthaltering av eigen bustad** er kommunen sitt «bustadkontor», som er ein del av servicetoget. På denne tenesta er ein tilsett i eitt årsverk. Tenesta har eit mindreforbruk på vel 54.000. Utanom lønnsutgifter blir her ført renteutgifter og renteinntekter på startlåna og formidling av stats tilskot til bustadformål. Denne tilskotsordninga blir lagt om frå 2020.

**28500 Tenester utanfor ordinær kommunalt ansvarsområde** Netto er denne tenesta i balanse, og nettoutgifta er først og fremst tilskot til TV-aksjonen. På denne tenesta fører vi utbygginga av breiband til alle innbyggjarane i Floppen (sjå nærmere omtale av dette på side 23). Kommunen sine utgifter frå år til år blir dekka av disposisjonsfondet. I 2018 er det netto brukt nesten 1,5 mill. av fondet. Mykje av dette skal førast tilbake når brukarbetalinga og fylkeskommunen sine tilskot blir utbetalte. Desse kjem på etterskot.

**29000 Interkommunale samarbeid** er vårt vertskommune-oppgåve for Nordfjordsamarbeidet. Denne tenesta skal gå i 0. Floppen kommune sin del

### Kort om året 2018

I august 2018 flytta kommuneadministrasjonen tilbake til heradshuset etter brannen i 2016. Mesteparten av dei to åra heldt administrasjonen til på Søreide, i lokale til det som ein gong var Søreide skule. Det var sjølv sagt stor stas å flytte inn att i eit nyoppussa og modernisert heradshus.

Sandanedagane 2018 var rett etter nyopninga av heradshuset og svært mange glopparar var med på omvisingane i huset desse dagane. Alle let vel.

### Eit krevjande år

2018 var eit arbeidsamt år for kommuneleiinga. Vi har hatt langtidssjukmelding i to sentrale leiarstillingar, utan at vi har erstatta desse med innleigd arbeidskraft. Dette har sjølv sagt merkast på fleire måtar. Vi har m.a. ikkje greidd å følgje opp kommunen sin økonomi godt nok.

av utgiftene, 234.790, er ført med 50 % på teneste 10000 og 50 % på teneste 12010.

**30100 Behandling av plansaker** er plan- og utgreiings-avdelinga i staben, med tre tilsette i 2,6 årsverk. Tenesta har eit meirforbruk på nesten 500.000 og dette skuldast at vi ikkje har hatt prosjekt i 2018 å fordele lønn på, slik vi la opp til i budsjettet.

**32500 Tilrettelegging og hjelp for næringslivet** viser eit meirforbruk på vel 350.000. På denne tenesta har det skjedd ein feil då det reviderte budsjettet for 2018 vart lagt inn. Ved andre gongs behandling av budsjettet vart tenesta redusert med 100.000. I staden vart det lagt inn ein reduksjon på 300.000. Budsjett-talet skulle altså ha vore 200.000 høgare. Då blir ikkje overskridinga meir enn 150.000. Mesteparten av dette skuldast at vi fekk utbetaling av to årstilskot både til Matamål og Sandanedagane fordi dei ikkje sende inn rekning for 2017-tilskotet før i fjor. Utbetalinga frå næringsfondet er på nesten 500.000. Dette blir finansiert av tilskot frå fylkeskommunen. Bruken av næringsfondet er rapportert i ei eiga sak til formannskapet (f-sak 23/19). Dei store summane – utanom næringsfondet – er:

- Tilsikt til Visit Nordfjord, 240.000
- Tilsikt til Matamål 2017 og 2018, 150.000
- Tilsikt til Sandanedagane 2017 og 2018, 150.000.

**33000 Samferdslebedrifter/transporttiltak** viser eit meirforbruk på vel 130.000. Forklaringa er betaling for utskyting av tomt til flyhangar på Sandane lufthamn på 200.000. Den store posten elles er tilskot til Nordfjordbrua AS med 150.000. Midlane som var sett av til «flyplass-alliansen» vart ikkje brukte. Meininga var å dekke kostnaden med utskytinga på flyplassen frå havbruksfondet, men desse midlane gjekk med til å redusere underskotet på 2018-rekneskapen.

Stillinga som økonomisjef vart lyst ledig første gong i november 2018, men først etter tre utlysingar – der vi siste gongen engasjerte eit rekrutteringselskap – lukkast vi med å tilsette. Vi var då komne til mai 2019.

Rådmannen er svært fornøgd med at vi trass i dette har fått til både årsbudsjett for 2019 og økonomiplan fram til 2022 og vi har halde alle fristar for rapportering av rekneskapen for 2018.

### Planarbeid

Kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteken av kommunestyret på første møte i 2018. Planen har visjonen «Ein rikare kvardag – midt i verda». I 2018 har vi arbeidd med arealdelen av kommuneplanen. Målet var å få denne vedteken av dagens kommunestyre, men vi innsåg tidleg at dette ikkje går. Samstundes med arealdelen har vi jobba med områdereguleringsplanen for Sandane. Denne planen var ute på første høyring i 2018, og merknadene var mange. Hovudtemaet i høyring var parkering. Det er nødvendig med eit nytt planframlegg og ein ny høyringsrunde. Arbeidet med ny regulerings-plan for Sandane har avslørt at det er stor usemje om grunnlaget for planarbeidet.

Helse- og omsorgsplanen vart vedteken av kommunestyret på april-møtet. Planen skal sikre at vi framleis skal ha gode helse- og omsorgstenester til innbyggjarane i Gloppen kommune, og god ressursutnytting fram mot 2030.

På årets siste møte vedtok kommunestyret kommunedelplanen for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. Her er planperioden «berre» fram til 2024.

Mesteparten av arbeidet med kulturminneplanen er gjort i 2018, og planen kjem til politisk behandling før sommarferien 2019.



Den grøne streken viser vegvesenet si første tilråding for kryss og tunnelinnslag på Byrkjelo for ny E39.

Planarbeidet som har fått mest merksemd i 2018 har ikkje skjedd i regi av kommunen. I november la Statens vegvesen fram utkast til kommunedelplan for ny E39 mellom Byrkjelo og Grodås, med tre alternative kryssløysingar på Byrkjelo. Her er kommunen og vegvesenet på kollisjonskurs. Medan vegvesenet vil ha krysset og tunnelinnslaget aust for sentrum, vil kommune ha dette på vestsida av Byrkjelo. Planen er enno ikkje komen til formell

politisk behandling i kommunen. Høyringsfristen gjekk ut 21. januar 2019.

### Fiberutbygging

I februar 2017 vedtok kommunestyret breibandplan for Gloppen. Målet i denne planen er at alle innbyggjarane i kommunen skal ha tilgang til breiband med god kvalitet (som oftast fiber) innan utgangen av 2019. Basert på denne planen søkte kommunen staten (NKOM) og fylkeskommunen om støtte til å bygge ut breiband til dei delane av kommunen som ikkje alt har eller har inngått avtale om slik utbygging. Gloppen fekk dei midlane vi søkte om, nesten 8 millionar frå staten og fylkeskommunen.

Status for dei prosjekta som er finansiert er slik: Utbygginga som skulle vore ferdig på Breim til årsskiftet 2017/18 er no fullført. Utbyggingsprosjekta i Sørstranda/Bukta og Hope og Byrkjelo sør skal fullførast innan mai 2019. Utbygginga av resten av kommunen er også starta opp og planen er at kommunen får 100% fiberdekning innan årsskiftet 2019/20.

### Interkommunalt samarbeid

Frå 1. mai 2018 har Nordfjord-samarbeidet hatt dagleg leiar i full stilling, med Gloppen kommune som vertskommune. Dagleg leiar er Roger Aa Djupvik. Stillinga er «delt» mellom rådmennene i Nordfjordsamarbeidet (der også Bremanger kommune er med) og Nordfjordrådet.

IT-samarbeidet er det mest omfattande vi har av interkommunale løysingar. IKT Nordfjord, som er namnet på samarbeidet, er delt mellom to vertskommunar: Eid kommune er vertskommune for leiing og strategi medan Vågsøy er vertskommune for drifta. Driftssamarbeidet går under namnet: Nordfjordnett. I 2018 vart det tilsett ny leiar i IKT Nordfjord, Tor Halvar Botnen. Driftssenteret fekk også ny leiar, Willy Nordpoll, og dei flytta også inn i nye lokale i Deknepollen i Vågsøy. Som følgje av endringane i kommunestrukturen vil Flora kommune kome med i IT-samarbeidet og Hornindal kommune gå ut av dette. Endringane skjer frå 1. januar 2020.

Vi kom ikkje noko lenger i drøftingane om eit nærmare samarbeid med Stryn kommune i 2018.

### Vanskeleg budsjettprosess

Også arbeidet med 2019-budsjettet var arbeidsamt og krevjande, og eit førevarsel om at det kom til å bli overskridinger på 2018-rekneskapen. Ei viktig årsak til utfordringane er den store nedgangen i inntektene for mottak av flyktningar. I tillegg kjem det store behovet for kommunale tenester i helse og omsorg. Vi merkar sjølv sagt også følgjene av auka lånegjeld. Renter og avdrag tek ein stadig større del av dei kommunale inntektene.

Dei fleste av innsparingstiltaka som vart vedteke i 2018-budsjettet vart gjennomførte, men det gav ingen effekt på samla pengeforbruk. På ein del område var budsjetteringa for dårlig.

### Endringar i 2018

Det er ikkje gjort store endringar i drifta av formannskapet sitt budsjettområde i 2018. Vi oppretta ei

trainee-stilling på økonomiaavdelinga frå hausten 2018 med tanke på å styrke kontrollarbeidet på m.a. kommunale prosjekt. På grunn av sjukefråvær har vi ikkje fått dette til. Vi har nok heller ikkje greidd å vere nokon god læremester for traineen. Ho har likevel gjort ein svært god jobb for kommunen, ikkje minst i budsjettarbeidet for 2019.

### Investeringar i 2018

Den største investeringa i 2018 på formannskapet sitt ansvarsområde er oppgraderinga av heradshuset med vel 19 mill. medrekna 3,7 mill. i momsrefusjon.



Servicetorget er hjartet også i det nye heradshuset.  
Foto Siv Kvalsvik Haugen.

Arbeidet med NTU-bygget på Faleideflata i Mona starta i 2018, og er utgiftsført med vel 18,3 mill. dette året. Bygget blir ferdig tidleg i 2019. Heile bygget er utleidt frå innflytting.

Aksjekjøpet i SFE i 2017 kosta 11,8 mill. og berre 6,1 mill. av dette vart inndekka dette året. 5,7 mill. stod som ufinansiert i 2017-rekneskapen, og dette er dekka inn i 2018. Vi har ikkje høve til å lånefinansiere aksjekjøp. Inndekkinga er derfor gjort med bruk av ubunde investeringsfond og midlane kjem frå tomtesal – hovudsakleg i Valborgkleiva.

Om lag 3,2 mill. er brukt på IT-investeringar, fordelt med vel 1,4 mill. i Nordfjord-samarbeidet, 1,5 i utstyr og vel 250.000 til digitalisering av eigedomssarkivet. Vi har også kjøpt bilar for 1,3 mill.



Frå bygginga av NTU-bygget i Mona i oktober 2018.  
Foto: Jan Kåre Fure.

Når det gjeld bustader, har vi bygt to bueiningar på Eide for til saman 2 mill. Vi har ikkje fått tilskot frå Husbanken til desse fordi vi ikkje har ein så langtids leigeavtale på tomta som Husbanken krev (40 år). Vi har ikkje kjøpt hus i 2018, men selt eitt: Søråsen 70.

## Oppvekstutvalet

### Ressursinnsats

#### RESSURSBRUK FOR KVART TENESTEOMRÅDE

	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	%- forbruk	Rekneskap 2017
<b>20100 Barnehage</b>				
Utgifter	51 079 239	50 663 945	101	49 805 883
Inntekter	-7 010 106	-7 490 800	94	-7 602 367
Sum	44 069 133	43 173 145	102	42 203 516
<b>20200 Grunnskule</b>				
Utgifter	88 324 126	83 454 950	106	85 434 010
Inntekter	-11 784 358	-7 101 027	166	-11 861 312
Sum	76 539 768	76 353 923	100	73 572 698
<b>21100 Styrka tilbod til førskulebarn</b>				
Utgifter	6 423 248	5 302 734	119	5 917 094
Inntekter	-230 452	-48 700	473	-696 824
Sum	6 192 796	5 254 034	118	5 220 270
<b>21300 Vaksenopplæring</b>				
Utgifter	7 604 715	7 428 632	102	8 736 192
Inntekter	-4 231 615	-3 213 200	132	-7 971 642
Sum	3 373 100	4 215 432	80	764 550
<b>21500 Skulefritidstilbod</b>				
Utgifter	3 984 302	3 359 496	119	3 620 922
Inntekter	-2 041 962	-1 707 600	120	-2 229 146
Sum	1 942 340	1 651 896	118	1 391 776
<b>22100 Barnehagelokale og skyss</b>				
Utgifter	0	0	0	350
Inntekter	0	0	0	-70
Sum	0	0	0	280
<b>22200 Skulelokale</b>				
Utgifter	4 190 364	4 128 800	101	3 346 000
Inntekter	-838 073	-825 800	101	-669 200
Sum	3 352 291	3 303 000	101	2 676 800
<b>22300 Skuleskyss</b>				
Utgifter	3 001 411	3 606 300	83	2 874 924
Inntekter	-332 498	-731 300	45	-261 357
Sum	2 668 913	2 875 000	93	2 613 567
<b>23200 Førebygging - helsestasjons- og skulehelseteneste</b>				
Utgifter	5 234 205	5 504 745	95	4 909 683
Inntekter	-1 450 582	-1 468 400	99	-1 561 127
Sum	3 783 624	4 036 345	94	3 348 556
<b>24400 Barnevernstenesta</b>				
Utgifter	3 433 659	3 303 500	104	3 090 319
Inntekter	-929 541	-910 100	102	-994 663
Sum	2 504 118	2 393 400	105	2 095 656
<b>25100 Barnevernstiltak i familien</b>				
Utgifter	2 037 026	2 132 440	96	2 669 157
Inntekter	-987 529	-992 700	99	-1 329 188
Sum	1 049 496	1 139 740	92	1 339 969

## Årsmelding for 2018

<b>25200 Barnevernstiltak utanfor familien</b>				
Utgifter	7 728 709	6 896 515	112	9 046 360
Inntekter	-778 277	-299 600	260	-1 591 396
Sum	6 950 432	6 596 915	105	7 454 964
<b>29000 Interkommunale samarbeid (§ 27 samarbeid)</b>				
Utgifter	3 154 430	1 384 713	228	831 022
Inntekter	-3 154 430	-1 831 613	172	-831 022
Sum	0	-446 900	0	0
<b>TOTALT</b>				
	<b>152 426 011</b>	<b>150 545 930</b>	<b>101</b>	<b>142 682 602</b>

- er lik inntekter/mindreforbruk.

### SAMLA SETT

Oppvekst har eit meirforbruk på knappe 1,9 mill. i høve budsjett. Om lag ein million av dette er knytt til styrka tilbod til førskulebarn. Mykje er òg knytt til ordinær barnehagedrift. Grunnskuletenesta er netto på budsjett, sjølv om både inntekter og utgifter er høgare enn budsjettet.

### TIL KVAR TENESTE

#### 20100 Barnehage

Dette er drifta av kommunale barnehagar og driftstilskot til dei private barnehagane. Tenesta har eit over-forbruk der halvparten kan knytast til lågare inntekter som igjen kjem av at vi har mange som får innvilga redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid. Resten kjem av fleire barn i barnehagane.

#### 20200 Grunnskule

Grunnskulane var samla sett innanfor sine budsjett. Både inntekter og utgifter var høgare enn budsjettet slik at summen kjem ut i balanse.

#### 21100 Styrka tilbod til førskuleborn

Området omhandlar ressursar til dei som treng ekstra hjelpe og støtte i barnehagane både dei kommunale og private. Meirforbruket her heng saman med utgifter i 2017 som er fakturert til oss som kommune på 2018 og fleire tiltak på einskildbarn enn det som var budsjettet.

#### 21300 Vaksenopplæring

Området er drifta av Gloppe opplæringssenter (GOS). Her skuldast underforbruket høgare inntekter (norsktilskot frå staten) enn budsjettet. Utgiftene var omrent i tråd med budsjett.

#### 21500 Skulefritidstilbod (SFO)

Det er SFO på Nordstranda, Sandane og Breim. På denne tenesta er det både høgare utgifter og inntekter slik at balansen er omrent som budsjettet.

Det er av og til vanskeleg å skilje mellom assistentbruk på skule og SFO i budsjetttsamanheng.

#### 22200 Skulelokale

Området her er kostnaden med Trivselshagen for oppvekst sin bruk av anlegget, som tilsva 28 % av kommunen sin del. Kostnaden vart om lag kr 50.000 høgare enn budsjett.

#### 22300 Skuleskyss

Dette er kommunen sin del av skuleskyssen, både for dei som får skyss fordi vi har definert skulevegen som farleg, og den satsen som vi betalar for alle som har skuleskyss uavhengig av avstand til skulen. Tenesta har eit mindreforbruk i høve budsjettet.

#### 23200 Førebygging, helsestasjons- og skulehelsesteneste

Eit lite mindreforbruk som har ulike årsaker. Inntektene er omrent i tråd med budsjett.

#### Barnevernstenesta (24400, 25100, 25200)

Området er delt i tre: Sjølve barnevernstenesta som omfattar sakhandsamarstillingane, barnevernstiltak i familien som er tiltak i familiene etter vedtak og siste området er barnevernstiltak utanfor familien som m.a. omfattar drifta av «Annekset» og fosterheimar. Samla sett er det eit lite meirforbruk på barnevernstenesta og eit tilsvarande mindreforbruk på barnevernstiltak i familien. For barnevernstiltak utanfor familien så har meirforbruket samanheng med plasseringar i 2018.

## Kort om 2018

### Gloppen opplæringssenter



Strålende skidag på Utvikfjellet for GOS.

Foto: Sonja Jordanger Loen.

Vi arrangerte ein stor internasjonal fest i kultursalen i Trivselshagen 25. april. Ein nærmast fullsett kultursal fekk sjå eit rikhaldig og variert program, og etterpå var det duka for eit stort festmåltid i aulaen.

I april hadde vi skidag på Utvikfjellet i strålende solskin.

I mai vart GOS trafikksikker skule. Trygg Trafikk gav oss og flyktningtenesta ros for å ha laga eit svært systematisk opplegg for trafikkopplæring til innvandrarar, og dei ynskjer å ta i bruk vår modell i sitt arbeid på landsbasis.

I mai fekk vi varsel om to tilsyn frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Tilsyna gjaldt individuell plan for opplæring i norsk og samfunnuskunnskap og grunnskule for vaksne. Under tilsynet fekk representantane fra Fylkesmannen med seg utandørsteateret *Gilgamesh* på Draumekvila. Det var ei flott og spesiell oppleveling. Tilbakemeldinga etter tilsynet var at Fylkesmannen er svært nøgd med måten vi arbeider med individuelle opplæringsplaner på, men dei ynskte at vi jobba litt meir med å utvikle og forbetre verktøykassa vår og rutinane våre i høve realkompetanseurdering. Kollegiet opplevde denne prosessen som svært lærerik, og tilsyna er no avslutta.

I juni kom representantar frå IMDI og integrerings- og kunnskapsminister Jan Tore Sanner på besøk til Gloppen. Dei var på besøk både på

opplæringssenteret og på Firda vgs. Dei var interesserte i å høre om korleis vi jobbar med integrering og opplæring i Gloppen, og Sanner var svært oppteken av å få vite meir om Gloppen-modellen. Tilbakemeldinga deira var at dei var svært nøgde med jobben vi gjer, og på bakgrunn av dette, sa dei at dei ynskte å busetje flyktningar i Gloppen kommune i framtida også.

GOS arrangerte kveldskurs i norsk både våren og hausten 2018. I tillegg arrangerte skulen spanskkurs i haustsemesteret. Det var god interesse og mange påmelde til kursa.

I oktober tok flyktningtenesta og GOS i bruk ein ny språkpraksismodell, der vi kombinerer klasseromsundervisning med undervisning og oppfølging av elevar på ulike arbeidsplassar. Det nye med denne modellen er at vi har to faste dagar per veke med språkpraksis, der flyktningkonsulentane og lærarane følgjer elevane tett opp på ulike arbeidsplassar, og tre faste dagar med undervisning på skulen. Dette er noko som ser ut til å fungere bra.

I november fekk skulen besøk av ordføraren og to representantar frå konsernleiinga i TINE. Dei hadde mellom anna fokus på kosthold og matvanar, og dei spurde elevane kva type matvarer dei saknar her på Sandane. Ordføraren planlegg eit oppfølgingsmøte i løpet av våren 2019, der han vil invitere butikksjefane i matvarebutikkane i Gloppen til eit møte for å kome i dialog med innvandrarane.

I desember arrangerte GOS fotballturnering i Trivselshallen for elevar i vaksenopplæring i heile Nordfjord. Det kom mange elevar både frå Stryn, Eid og Vågsøy og vi har allereie planlagt eit liknande arrangement neste år.

Skulen får litt færre elevar no i 2019 enn i 2018 og vi har på bakgrunn av dette redusert bemanninga med ei 80 prosent stilling frå nyttår av.

### Barnehagane



Fleire barnehagar var med på Norsk Countrytreff.

Foto: Anette Støvya.

Barnehageinntaket var vanskeleg. Alle plassar rundt Gloppefjorden vart utnytta og det vart utvida med plassar så langt det let seg gjere i dei ulike barnehagane i høve areal og bemanning. Fleire frå Gloppefjordområde takka ja til plass i Breim og småbarnsavdelinga vart utvida med 3 plassar. Det er venteliste både i Breim og Gloppefjorden i høve småbarnsplassar for dei som ikkje har lovmessig rett på plass.



*Breim barnehage lagar kvart år heimelaga julepølse (mat og kultur) – lære ved å gjøre / frå jord til bord (berekraftig utvikling). Foto: Anette Støyva.*

Gjennom språkommunearbeidet har det vore fokus på overgangar og utforming av ein overgangs-plan. Det har vore gjennomført to vellukka nettverk på tvers av barnehage-skule. Gjennom resultatleatingsprogrammet har fokus og vore på språk i dei to fokusområda: «Språkfremjande augneblink i hovudmåltid» og «formidling i lesestund». Barnehagane i Gloppe har gjennom «Den grøne tråd» hatt fokus på berekraftig utvikling i samarbeid med Firda vgs.

Vi hadde før sommaren tilsyn frå Fylkesmannen. Vi fekk nokre merknader om systematikken på Risiko- og sårbarheitsanalyse og ei oppfølging av barnehagane på grunnlag av dei. Fylkesmannen skrytte over det gode samarbeidet mellom barne-hagane i Gloppe og ei god drift.

Utfordringane som er skisserte i oppvekstmeldinga er t.d. auka ventetid i PPT, uteområde som treng vedlikehald og barnehageplassar tilpassa behovet.

Breim barnehage markerte Verdensdagen for psykisk helse. Slagordet i år var «Ver raus». Det

passar godt inn i tematikken livsmeistring som er løfta fram på barnehagefeltet.

#### Skulane

Skulane har jobba med språkommunesatsinga både internt på skulane og i nettverk med dei andre skulane og barnehagane om overgangar. Det skjer og eit samarbeid med dei andre kommunane i Nordfjord på dette området.

På **Gloppe ungdomsskule (GU)** var det i 2018 tre parallellear på 8. klasse og 10. klasse og fire parallellear i 9. klasse. Det har vore gjennomført opplegg om psykisk helse og nettvett i regi av psykisk helse og politiet. GU har fleire elevbedrifter som gjennom ungt entreprenørskap sitt program får kjennskap til entreprenørskapsarbeid.



*Gloppe ungdomsskule vart fylkesvinnar i Klassequizien 2018 og deltok i landsfinalen. Frå venstre Øyvind Fure (10C), Simon Austrheim (10B) og Jenny Heggheim Skrivervik (10C). Foto: Ragnhild Bruvoll.*

**Breim skule** hadde i 2018 sju klasser, dvs. ei klasse på kvart trinn. Skulen har dei siste åra hatt eit aktivt elevråd som har kome med innspel i ulike saker både til rektor, FAU og SU. Mange innspel har blitt tekne til følgje. Skulen ser verdien av å trekke elevane med i arbeidet med læringsmiljøet på skulen, både det faglege og det sosiale.

Mest fokus har vore på det sosiale, og det er nok her vi har lukkast best. Men vi ser at vi har eit godt grunnlag i arbeidet med fagfornyinga som kjem for fullt i 2020, der demokrati og medborgarskap er sentrale tema som skal jobbast med i alle fag. Elevrådet har ansvar for å leie dei fem årlege fellesamlingane i gymsalen der klassane opptrer med musikk og song-innslag, sketsjar og dans. I tillegg har dei ansvar for å leie den tradisjonelle julefesten i Breimshallen som har vore arrangert sidan skulane

vart slått saman i 2009. Julefesten vert arrangert i samarbeid med foreldra og innehold det som ein julefest skal inne-halde: Program ved elevane, mat og drikke og gang rundt juletre. Elevane har òg med seg pengegåver til julenissen. Elevrådet har dei siste åra bestemt at gåva skal gå til Krisesenteret i Florø.



Sommarkarneval på SFO ved Byrkjelo skule. Foto: Marianne Kårstad Raad.

**Nordstranda skule** har i 2018 hatt ei klasse på kvart trinn. Dei gjennomførte si tradisjonelle Putti Plutti Pott førestilling i Trivselshagen. Både Breim og Nordstranda skule er PALS-skular og jobbar etter den modellen. Dei samarbeider seg imellom og i nettverk med andre PALS skular. (PALS står for Positiv Atferd, støttande Læringsmiljø og Samhandling.)

I **Hyen** har det vore etterlengta anleggsaktivitet på idrettsbygget.

**Sandane skule** har hatt to klasser på kvart trinn i 2018, og det har vore svært trangt om plassen.

### Statistikk og tendensar

Det er for 2018 laga ei eiga oppvekstmelding som tek for seg alle områda innanfor oppvekst. Detaljert statistikk vert difor ikkje gjeve att her. Oppvekstmeldinga vart lagt fram for kommunestyret 19. desember 2018.

### PPT

PPT hadde i 2018 5,2 fagstilling og 50 % merkantil stilling. Tre fagstillingar er stillingar der dei tilsette arbeider med sakkunnig vurdering av behov for spesialpedagogisk hjelpe i barnehage og spesialundervisning i grunnskule og vidaregåande skule, og med kompetanse- og organisasjonsutvikling i skulen. Dette er oppgåvane som ligg til tenesta etter opplæringslova § 5-6. Leiarressursen ved PPT inngår i ei av desse tre stillingane. Kva tid som skal gå til leiing, er ikkje tydeleg definert, men vi ser at tenesta sine lovpålagde oppgåver, og kompleksiteten i desse, tilseier at

det er behov for å setje av minst ei halv stilling til leiing. To fagstillingar er knytt til arbeid i Team for tidleg innsats (TTI). Dette er eit lågterskelt tilbod som gjev rettleiing til barnehagar.

Team for tidleg innsats jobbar også med kompetanse- og organisasjonsutvikling i barnehagen etter § 19c i barnehagelova. PPT har og 20 % stilling for logoped. Logopeden har hovudsakleg arbeidd med kartlegging av språklydsvanskar og taleflytvanskar, rådgjeving til foreldre og barnehage/skule og direkte arbeid med barn/elevar. Sogn og Fjordane fylkeskommune kjøpte tenester til vidaregåande skule tilsvarande ei 0,84 % stilling.

PPT registrerer tal aktive saker for kvar barnehage- og skuleår. Slik såg tala ut i 2017/18:

Totalt:	234 saker
Barnehage:	61 saker
Grunnskule:	142 saker
Vidaregående skule:	28 saker
Vaksenopplæring:	3 saker

Vi hadde flest saker innan områda spesifikke lærevanskar (76 saker) og psykososiale vanskar (72 saker). PPT har stor pågang av saker. Ventetida for oppstart av nye saker der det er bede om utgreiing og sak-kunnig vurdering låg i 2018 stabilt på om lag seks månader. Dette er ikkje i tråd med forvaltningslova sine reglar. I Utdanningsdirektoratet sin rettleiar om spesialundervisning står det at det ikkje skal gå meir enn tre månader frå skulen melder frå til PPT om at eleven har behov for sakkunnig vurdering til det er gjort vedtak i saka. Når det er eit halvt års ventetid for oppstart av saka, kan det ofte gå ni månader mellom tilmelding og vedtak.

TTI-innsats har ikkje ventetid. Dei startar vanlegvis sitt arbeid i løpet av 1-2 veker etter at foreldra og barnehagen har bede om hjelp.

Dei tilsette i TTI er sertifiserte i foreldrerettleiingsprogrammet Circle of security, som også helsestasjonen brukar. TTI brukar dette som ein del av sitt rettleiingsgrunnlag i møte med barnehagen og foreldra. I 2018 vart ei av dei tilsette i teamet også sertifisert i foreldrerettleiingsprogrammet ICDP, som er eit enkelt, helsefremjande og førebyggande program med mål å styrke omsorga og oppveksten for barn og unge. Ho deltok på kurs saman med tilsette i barneverns-tenesta og helsestasjonen. I løpet 2019 skal dei drive gruppetilbod i ICDP for foreldre.

Tre tilsette i PPT deltok i 2018 på vidareutdanning (15 studiepoeng) i forvaltning og sakkunnig arbeid i regi av Høgskulen på Vestlandet og NTNU. Dette var ein del av den nasjonale satsinga for etter- og vidareutdanning i PPT. Ein tilsett held på med vidareutdanning i logopedi. Dei tilsette har elles delteke på kurs om matematikkvanskar, tiltak for elevar med lese- og skrivevanskar og på regelverksamling i regi av

fylkesmannen. Leiar deltok på LUIN-samling (LeiarUtvikling INordfjord), leiarkonferanse for barnehage og skule og i nettverk for leiarar i PP-tenesta i Sogn og Fjordane.

I 2018 arrangerte PPT tre nettverkssamlingar for dei spesialpedagogiske koordinatorane i grunnskulen

og andre spesialpedagogar. Vi har ein kontaktperson på kvar skule. Kontaktpersonane har jamlege møte med spesialpedagogisk koordinator på kvar skule. Nokre gonger deltok også rektor på desse møta.

### Helsestasjonen

#### Jordmøtenesta

Samarbeid med *God start* i år òg, og stabil jordmøtressurs i 30 % stilling. Jordmor har kontor på helsestasjonen og er her kvar torsdag, og annankvar fredagar (partalsveke). Alle gravide nyttar jordmøtilboden ved helsestasjonen (54 kvinner).

28 damer/barselkvinner frå Gloppen var på *God start*-opphold på Eid i 2018.

Jordmora prioriterer svangerskapskonsultasjonar. Alle får tilbod om *God start*-opphold, og vi tilbyr ikkje jordmor på heimebesøk til nyfødd innan 48 timer. Helsesøster reiser på heimebesøk.

#### Helsestasjonen

Tal fødde dette året: 54 barn. Auka tal heimebesøk: Det er no 14 faste konsultasjonar per barn og dette året har det vore mange ekstrakonsultasjonar. Stabil legeressurs i 20 % stilling. Fysioterapeut er på helsestasjonen kvar veke, screening av alle 5 mnd. gamle barn og fysiotera-peuten er med på 4 mnd gruppe med tema motorisk utvikling.

NBO (New born observation, ein ressursorientert og tilknytningsbasert metode) sertifisering av to helsesøstre og jordmor våren 2018. Eit individuelt tilbod til alle foreldre med nyfødde barn.

Tryggleiksirkelen (COS): Gruppetilbod til alle foreldre med barn fødde i 2018, kurs hausten 2018. Foreldre-rettleiingskurs som byggjer på forskingsbaserte grunnprinsipp som skal hjelpe omsorgspersonane til å skape trygg og god relasjon mellom dei og barna.

Helsestasjonen har eit samarbeid med familiekontoret på Eid, dei som treng hjelp kjem fort til og fleire par har nyttat tilboden dette året. Barnehagane: vi har ikkje klart å få til eit tilsvarande samarbeid med barnehagane som med skulane dette året heller, dette skuldast stort arbeidspress og lav bemanning.

#### Skulehelsetenesta

Barnetrinnet (1. til og med 7.): Med faste dagar ute i skulane blir skulehelseteneste meir nytt. Vi har hatt møte med elevråda der det kjem fram at dei ynskjer at helsesøster er på skulen oftare.

Ungdomsskulen: Helsesøster er fast på skulen måndagar og fredagar. Vi merkar at ved å vere fast til stades på skulen, blir helsejukepleiar meir nytt og etterspurt.

Firda vidaregåande skule: Helsesøster to dagar for veka og mange har nyttat «drop-in» tilboden der.

Legen i skulehelsetenesta har hatt permisjon og vi har hatt vikarlege i 10 % stilling.

#### Helsestasjon for ungdom

Drop in: nyttat av mange: 11 besøkande til kvar måndag til ei opningstid på 2 ½ time (to timer sommarstid) jf. tilbod om testing og prevensjon (P-stav).

To helsesøstre og ein lege er disponibele for ungdomane i dette tidsrommet. Stabil legeressurs i 10% stilling. Vi tilbyr ungdomane vaksine mot hjernehinne og vaksinerte 70 elevar i 2018. HPV-vaksinert mange i 2018.

#### Bemannning helsestasjon, skulehelseteneste og helsestasjon for ungdom

Vi har fått midlar frå Helsedirektoratet, men ikkje fått styrka tenesta med auka stillingsressurs. Stabil helsesøsterressurs på 4. 60% stilling. Ikke sjukmeldingar av tilsette dette året.

**Psykolog:** Gloppen har gjennom Nordfjord-samarbeidet hatt del i ei 100% stilling som kommunepsykolog. Psykologen har hatt kontor på helsestasjonen og vore her etter ein fastsett plan.

**BTI** (Betre Tverrfagleg Innsats): Leiar for prosjektet har vore helsesøster i 40 % stilling fram til august 2018, etter det 20 % stilling. Prosjektet er no i implementeringsfasen.

**HMT** (Helse, Miljø og Tryggleik): Har kvart år på vernerunda (sidan 2012) påpeika behovet for opnebare vindauge på helsestasjonen. Både sjukepleiarane, jordmor og legane tykkjer det er krevjande med halvtimes/times konsultasjonar utan høve til å få inn frisk luft. Ventilasjonsanlegget er ikkje eigna for vårt behov for inne-luft. I tillegg har det vore stor byggeaktivitet, støv og støy i 2018 og helsestasjonen har måtte stenge i to omgangar for at utbyggjar skulle få gjort arbeidet sitt.

**Fødselstala** dei siste 10 åra henta frå helsestasjonen sine fødselsmeldingar og flyttemeldingar:

	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008
Nyfødde	54	67	59	60	67	48	70	57	67	63	72

## Barnevernet

Det er fire sakshandsamarstillingar i tenesta, inkludert barnevernsleiar. Tenesta har eit stabilt personale. I juni 2018 gjekk barnevernet over til elektronisk arkiv. Dette er med på å lette det daglege arbeidet for sakshandsamarane. Våren 2018 hadde tenesta praksisstudent frå høgskulen i Sogndal.

Barnevernstenesta har hatt eit auka tal meldingar frå 31 i 2017 til 49 i 2018. Dette har medført eit stort arbeidspress på dei tilsette. Vi ser òg at kompleksiteten i sakene aukar. Det er dermed eit stort arbeid i undersøkingsfasen med å skaffe seg oversikt i sakene.

### Meldingar

Totalt tal meldingar i året er 49. Oversikta under gir eit bilet av kven som er registrert som meldar i sakene. Resterande fordeler seg på NN, advokat og andre diverse. Det er grunn til å merkje seg at det i 2018 ikkje har vore meldingar frå barnehage.

Meldar	Tal meldingar
Skule	7
Helsestasjon/skulehelse	7
Barnevern	6
Politi	5
Familie	5
Familiekontor	3
NAV	2
Andre private	2
Legetenesta	1

### Grunnlag for undersøking

Type melding	Tal
Konflikt mellom foreldre	12
Foreldrenes manglante foreldreferdigheiter	14
Vald i heimen/vitne til vald i nære relasjoner	11
Barnet er utsett for fysisk mishandling	4
Barnet er utsett for psykisk mishandling	2
Foreldrenes psykiske sjukdom	3
Rus hjå foreldre	1
Barnets rusmisbruk	1
Barnets psykiske problem	2
Barnets atferd	4
Barnets relasjonsvansker	2
Andre forhold ved familien	14
Andre forhold ved barnets situasjon	17

Det er viktig å understreke at dette er tema som er registrert utifrå meldinga som barnevernstenesta har fått. Det kan vere fleire tema i kvar melding. Talet meldingar der foreldrekonflikt er tema har auka frå 10 i 2017 til 12 i 2018. Barnevernstenesta er uroleg over at foreldrekonflikten synes å vere meir alvorlege og varer over lengre tid. Foreldre sin manglante foreldreferdigheiter har auka frå 6 i 2017 til 14 i 2018. Vald i heimen/vitne til vald i nære relasjoner har gått opp frå 5 meldingar i 2017 til 11 i 2018.

### Omsorgsplasseringar

Ni barn bur i fosterheim og eitt barn på institusjon. I tillegg er det fem fosterheimar i Gloppe som tenesta har tilsynsansvar for.

### Kurs /opplæring.

- ICDP-kurs (foreldrerettleiing) – 1 tilsett
- Opplæring i familieråd – 2 tilsette
- Løvstad kurs – alle
- Visma, tenestebonnement/opplæring over 2 dg.
- Oppfølgingskurs Crowll – 1 tilsett
- Barnevernskonferanse 18-19. sept. – alle
- Fosterheimskonferanse – 1 tilsett

### Akuttberedskap

Gloppe har saman med Eid/Selje og Stryn akuttberedskap heile døgnet utanom arbeidstid. Administrasjon av beredskapen er lagt til Eid. Gloppe deltek med barnevernsleiar og ein sakshandsamar. Den einskilde har vakt kvar 6. veke.

### Heimebasert tiltaksteam i samarbeid med Stryn

Administrasjon av tiltaket er lagt til Gloppe kommune. Tiltaket har to stillingsheimar. Begge tilsette slutta i løpet av 2018. Den eine for å starte i ny stilling i Bufetat og den andre pensjon med AFP. Nye personar var raskt på plass. Den eine i juni 2018 (idretts-pedagog) og den andre i september (sosionom). Tiltaksarbeidarane jobbar i begge kommunane. Alle saker har vedtak etter lov om barnevernstenester. Tiltaket har rettleiing med psykolog knytt til tiltaks-teamet i Førde. I 2019 vil vi ha fokus på opplæring i Marte Meo-metoden (ein rettleatingsmetode) for den eine tilsette. Begge vil delta i EFST-utdanning (Emosjonsfokuserert FerdigheitSTrening) som er ein rettleatingsmetode til bruk i familiar. I 2018 har teamet vore prega av innkjøring, men vi har likevel ytt bistand til mange familiar i begge kommunane.

### Einslege mindreårige tiltaket «Annekset»

I løpet av 2018 har det budd fem einsleg mindreårige i tiltaket. Tre flytta ut våren 2018.

I 2018 har Gloppen berre teke imot ein ny einsleg mindreårig. Ved utgangen av året er det tre ungdomar knytt til tiltaket. Alle er over 18 år.

Seinhausten 2018 flytta tiltaket frå Annekset og over i hyblar i Nordstrandsvegen 25. Planen er at desse hyblane også skal vere bustaden deira den

dagen tiltaket vert avslutta. Personalet vart nedbemannaa gjennom året både ved naturleg avgang og ved omplassering til andre stillingar i kommunen. Ved utgangen av året er det knytt 1,3 stilling til tiltaket. Tiltaket har vore utan avdelingsleiar frå sommaren 2018 og ut året. Dette har medført auka arbeidsmengde for barnevernsleiar.

Tiltaket er planlagt avslutta i løpet av sommaren 2019.



Frå Internasjonal fest i kultursalen i Trivselshagen 25. april. Foto: Leidulf Gloppestad.

## Helse- og omsorgsutvalet

### Ressursinnsats

#### RESSURSBRUK FOR KVART TENESTEOMRÅDE

	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	%- forbruk	Rekneskap 2017
<b>23200 Førebygging - helsestasjons- og skulehelseteneste</b>				
Utgifter	264 753	256 975	103	354 940
Inntekter	-42 444	-79 000	54	-173 640
Sum	222 309	177 975	125	181 300
<b>23300 Anna førebyggande helsearbeid</b>				
Utgifter	939 808	804 450	117	1 009 988
Inntekter	-345 624	-194 700	178	-437 168
Sum	594 183	609 750	97	572 821
<b>23400 Aktivisering og støtteteneste til eldre og funksjonshemma</b>				
Utgifter	12 507 745	14 088 389	89	11 825 069
Inntekter	-5 202 533	-5 970 600	87	-4 550 531
Sum	7 305 213	8 117 789	90	7 274 538
<b>24100 Diagnose, behandling og re/habilitering</b>				
Utgifter	18 174 238	17 624 444	103	18 025 136
Inntekter	-3 731 370	-2 942 240	127	-4 740 366
Sum	14 442 868	14 682 204	98	13 284 770
<b>24200 Råd, rettleiing og sosialt førebyggande arbeid</b>				
Utgifter	5 182 055	4 934 900	105	4 938 160
Inntekter	-42 913	-15 800	272	-90 695
Sum	5 139 142	4 919 100	104	4 847 466
<b>24300 Tilbod til personar med rusproblem</b>				
Utgifter	63 613	0	0	18 500
Sum	63 613	0	0	18 500
<b>25300 Pleie, omsorg, hjelp og rehabilitering i institusjon</b>				
Utgifter	35 434 029	28 013 542	126	28 671 396
Inntekter	-8 756 279	-3 478 100	252	-5 669 364
Sum	26 677 750	24 535 442	109	23 002 032
<b>25400 Pleie, omsorg og hjelp i heimen</b>				
Utgifter	134 864 025	120 967 917	111	126 518 992
Inntekter	-19 811 461	-13 864 200	143	-18 019 326
Sum	115 052 564	107 103 717	107	108 499 666
<b>25600 Akutt hjelp, helse- og omsorgstenester</b>				
Utgifter	1 615 715	1 936 000	83	1 742 642
Inntekter	-238 435	-18 300	1303	-919 295
Sum	1 377 280	1 917 700	72	823 346
<b>26500 Kommunalt disponerte bustader</b>				
Utgifter	359 123	531 300	68	492 256
Inntekter	-163 771	-87 500	187	-64 675
Sum	195 352	443 800	44	427 581
<b>27300 Kommunale sysselsetting tiltak</b>				
Utgifter	1 715 249	1 515 000	113	1 579 123
Inntekter	0	0	0	-659
Sum	1 715 249	1 515 000	113	1 578 464

<b>27500 Introduksjonsordninga</b>				
Utgifter	6 071 158	6 807 824	89	7 418 221
Inntekter	-8 352	-5 000	167	-7 698
Sum	6 062 806	6 802 824	89	7 410 523
<b>27600 Kvalifiseringsprogrammet</b>				
Utgifter	101 255	397 200	25	215 477
Sum	101 255	397 200	25	215 477
<b>28100 Yting til livsopphold</b>				
Utgifter	3 980 708	3 600 000	111	4 170 925
Inntekter	-281 841	-100 000	282	-267 708
Sum	3 698 867	3 500 000	106	3 903 217
<b>T O T A L T</b>	<b>182 516 732</b>	<b>174 722 501</b>	<b>104</b>	<b>172 039 701</b>

- er lik inntekter.

## Merknader til rekneskapen

### SAMLA SETT

Rekneskapet visar eit overforbruk på omlag 7,7 mill. i helse- og omsorgssektoren. Det er naudsynt å få fram at om lag 2,6 mill. er feilberekingar av pensjonsføringer. Det vil sei at overforbruket knytt til tenesteyting i sektoren er reelle ca. 5,2 mill.

### TIL KVAR TENESTE

#### 23400 Aktivisering og støtteteneste til eldre og funksjonshemma

Årsaka til underforbruket på 10 % (ca. 800.000) er at utgifter og inntekter på det kommunale kjøkkenet er budsjetterte på 23400 (aktivisering og støtteteneste til eldre og funksjonshemma), men nokre av utgiftene skal utgiftsførast på 25300 (institusjonstenester). For å sleppe mykje ekstra arbeid gjennom heile året blir kjøkkenet budsjettert under eitt og så splitta på dei to tenestene, 25 % (25300 - institusjon) 75 % (23400 - støttetenester) i rekneskapet.

Når dette er korrigert ved årsavslutninga, viser det eit underforbruk på teneste 23400 og eit overforbruk på teneste 25300. Drifta ved kjøkkenet hadde eit underforbruk på ca. 100.000. Det er også eit underforbruk på støttekontaktar i psykisk helse.

#### 24100 Diagnose, behandling og re/habilitering

Eit underforbruket på 2 % (240.000). Overforbruket på utgifter skuldast lønn til legar på vakt grunna feil i utbetalingar føregåande år. Dette måtte etterbetalast i 2018. På inntektsida er det høgare inntekter enn budsjettet. Grunnen til dette er sjukelønnsrefusjonar på legesenteret. I fysio- og ergoterapistenesta skuldast dette høgre refusjonar enn budsjettet.

#### 24200 Råd og rettleiing og sosialt førebyggande arbeid

Eit meirforbruk på 4 % (206.000). Hovudgrunnen til meirforbruket er at refusjonskravet frå staten vart større enn budsjettet. Dette er kommunen sin del av

drifta av Nav-kontoret inklusiv 50 % lønn til leiar etter samarbeidsavtalen.

#### 24300 Tilbod til personar med rusproblem

Her er eit meirforbruk på 63.000. Forklaringsa er ei rekning for tvangssak gjennomført på slutten av 2017.

#### 25300 Pleie, omsorg, hjelp og rehabilitering i institusjon

Vi har eit overforbruk på 9 % (ca. 2,1 mill.). Dette skuldast i all hovudsak omsorgsenteret 1. etasje som har eit meirforbruk på 650.000 for utskrivingsklare pasientar, høg vikarforbruk grunna sjuke pasientar og bruk av vikarbyrå. Her ligg òg utgifter på kjøkkenet, jf. teneste 23400.

#### 25400 Pleie, omsorg og hjelp i heimen

Eit overforbruk på 7 %, (ca. 7,9 mill.) som har fleire årsaker. Her er ein del av overforbruket feilberekingar på pensjonsføringerane.

I Sandane heimeteneste er det som i 2017, fortsatt eit stort press på tenestene. Det har vore nødvendig å auke bemanninga for å kunne yte fagleg forsvarlege tenester, hindre overbelastning for personalet og førebygge sjukmeldingar. Dette skuldast delvis mangel på heildøgnsbemannna omsorgsbustader som har medført at vi har måtte bemanna opp nokre av bukollektiva våre. Det har òg vore fleire og dårlegare pasientar som har hatt rett til tenester i eigen heim.

Også på Gotatoppen har vi eit overforbruk som skuldast behov for ekstra bemanning i periodar for å yte fagleg forsvarlege tenester og ta i vare dei tilsette i eininga.

Det er budsjettert med lågare inntekter enn rekneskapen viser. Dette er sjukelønnsrefusjonar som ikkje er budsjettert.

#### 25600 Akutt hjelp, helse- og omsorgstenester

Underforbruket på 72 % ( ca. 540.000) skuldast i hovudsak at lønnsutgifter er ført på anna teneste på

Gloppen omsorgssenter 1. etasje. Der er høgare inntekter enn budsjettet, dette er i hovudsak refusjonar.

#### **26500 Kommunalt disponerte bustader**

Eit mindreforbruk på 66 % (247.000). Midlane går til innkjøp av innbu og utstyr i samband med busetjing av flyktningar. Utgiftene speglar kor mange flyktningar vi har teke imot og om det er familiar eller einslege vi skal busetje. I 2018 kom det færre flyktningar til Gloppen enn forventa.

#### **27300 Kommunale sysselsetjingstiltak**

Eit meirforbruk på 25 % (127.000). Årsaka er at Gloppen kommune har hatt fleire søkerar/elevar i helsefagklassene for framandspråklege enn vi i utgangspunktet hadde budsjettet med.

#### **27500 Introduksjonsordninga**

Eit mindreforbruk på 11 %. Totalt var det 47 deltagarar i introduksjonsprogrammet for nyttilkomne flyktningar i løpet av 2018. Talet speglar kor mange flyktningar vi busette i åra 2016-2018.

#### **27600 Kvalifiseringsprogrammet**

Eit stort mindreforbruk på 74 % (296.000). Vi hadde budsjettet med 3 deltagarar heile året, men berre ein person hadde behov for å nytte seg av tiltaket i deler av året.

#### **28100 Yting til livsopphold**

Eit meirforbruk på 4 % (269.000). Det er vanskeleg å budsjetttere utgifter til økonomisk sosialhjelp då mange faktorar spelar inn på behovet, samt at uforutsett ting kan oppstå i løpet av eit budsjettår. Talet mottakarar av økonomisk sosialhjelp har over mange år vore stabilt, og i 2018 fekk 116 personar innvilga denne ytinga.



Marit  
Horntvedt  
vart  
pensjonist i  
2018. Om  
Marit: «Ei  
god dame  
som vil alle  
det beste.  
Ho er rett-  
ferdig, om-  
sorgsfull og  
ei som sett  
pris på job-  
ben vi  
gjer». Her  
vert ho  
takka av  
Anita  
Lothe, som  
også sluttet  
i si stilling  
som helse-  
og  
omsorgs-  
sjef i 2018.  
Foto: Anita  
Lothe.

## Investeringar m.m. i 2018

Dette var dessverre året konveksjonsomnen og den største oppvaskmaskina ved Gloppen kommunale kjøkken takka for seg. Kjøkkenet investerte i ny konveksjonsomn og grovoppvaskmaskin, desse er dimensjonert for også å dekkje auka behov i planlagt nytt omsorgsbygg. Budsjettposten til investering på kjøkkenet vart fjerna i budsjett-runden for 2018, og det vart sett i gong tiltak tidleg nok til at det vart løyst innanfor budsjettet. På Gloppen omsorgssenter vart det kjøpt inn fleire nye spesialiserte vaskemaskinar til vaskefat og bekken m.m.

## Spesielle hendingar i 2018

### Velferdsteknologi - Implementeringsfase

Gloppen har arbeidd med velferdsteknologi (VT) sidan 2015. I 2018 gjekk fylkes-prosjektet i Sogn og Fjordane inn i implementeringsfase.

Gloppen har tidligare delteke med elektronisk medisineringsdosett og har vore aktive i brukar-involvering/informasjon ut om VT. Arbeidsgruppa i VT samlast fleire gongar i året og jobbar med erfaringsdeling og implementering.

Gloppen kommune har i 2018 samarbeidd med Sætren installasjon i Måløy om å prøve ut fem elektronisk dørlåsar i Hyen. Erfaringane viser at vi kan effektivisere arbeidet til heimetenesta og unngå unødig tidsbruk ved utløyste alarmar. Dei tilsette slepp å køyre innom kontoret for å hente nøkkelen og det er tryggare for brukaren sidan ingen fysiske nøklar kan forsvinne. Vi hadde eit håp om å kunne knytte systemet opp mot pasientjournalen, men dette er per i dag ikkje tilrådelig då det er dyrt og ikkje nok utprøvd.

Vi har no fått prisar på installasjon og support på 150 låsar og det må vurderast om dette skal kjøpast inn.

**Innføring av fullelektronisk arkiv i helse- og omsorg**  
I starten av 2018 innførte helse og omsorg fullelektronisk arkiv i fagprogrammet Profil. Eit stort arbeid vart gjennomført av tilsette både i helse og omsorg og arkivtenesta. Dette betyr at vi ikke lenger har papirjournalar på pasientane.

Vi har også teke i bruk KS-SvarUt. Her sender vi ut alle vedtak og anna informasjon elektronisk til digitale postkasser hjå mottakarane. Dette var ein viktig milepål i sektoren og eit stort steg i retning av å verte «papir-fri».

### Demens-arbeidsgruppe

Arbeidet med å følgje opp helse- og omsorgsplanen er i gong. Mange fleire eldre vil også medføre at fleire får diagnosen demens. Hausten 2018 vart det sett ned ei arbeidsgruppe som skal planlegge korleis vi skal arbeide med tiltaka som er sette opp knytt til området demens. Arbeidsgruppa fekk også i oppdrag å utarbeide ein søknad om tilskot til utviklingsarbeid. Dagaktivitetstilbodet «Inn på tunet» vart vedtatt nedlagt i desember 2018 og det vart nødvendig at

arbeidsgruppa prioriterte å starte opp arbeid med å utvikle dagaktivitetstilbod for heimebuande personar med demens.

### Arbeidsgruppe i vidareutvikling av frivillig innsats

Krf fremma eit forslag i helse- og omsorgsutvalet den 14. november 2018 om å etablere ei arbeidsgruppe som skal jobbe med å vidareutvikle frivillig arbeid og samarbeid med Gloppen kommune. Stortingsmelding 15 (2017-18) «Leve hele livet» legg føringar for at eldre kan mestre livet lenger, ha tryggleik for at dei får god hjelp når dei treng det, at pårørande og frivillige kan bidra utan at dei blir utslitne og at tilsette kan bruke sin kompetanse i tenestene.

Gloppen kommune sin vedtekne helse- og omsorgsplan seier at vi skal halde fram med å utvikle det gode samarbeidet mellom Gloppen kommune, frivillige og Gloppen frivilligsentral. For å vidareutvikle det etablerte samarbeidet og kartlegge potensialet, vart det bestemt å etablere ei arbeidsgruppe. Den består av tilsette frå helse- og omsorgssektoren, Frivilligsentralen og to representant frå helse- og omsorgsutvalet.

### Seniorsamling

I september arrangerte vi seniorsamling i kommunestyresalen for alle som var fødde i 1946 og 1947. Denne samlinga erstatta førebyggande heimebesøk. Tema var førebygging for god helse. Gloppen kommune ynskjer å legge til rette for at alle i kommunen kan bu heime i eigen bustad så lenge som mogleg og at alle kan leve eit aktivt liv i tråd med eigne interesser og mål så lenge som råd. Vi ynskjer å legge til rette for å styrke meistring og godt funksjonsnivå og gjere alle i betre stand til å mestre eigen alderdom gjennom tiltaket seniorsamling.

Ca 110 stk var inviterte i heile kommunen, men berre 22 møtte. Desse var hovudsakleg frå Sandane og Breim. Samlinga var godt evaluert og dei tykte vi tok opp nyttelege tema. Bjarne Kleppe og Else Tystad var med å snakka om velferdsteknologi og deltaking i frivillig arbeid.

### Fokus på ein meiningsfull kvardag

I sektoren er det fokus på ulike trivselstiltak. Fleire einingar fekk midlar gjennom Mohrs legat for å få

dekka utgifter til ulike sosiale opplevingar. Det skjer mykje positivt og dei tilsette steller til festar og arrangement for brukarane. Det kan nemnast aktivitetar som velværesalong, pubkveld og sommarfest.



*Blid og engasjert tilsett som er ei av fleire som strekk seg litt lenger enn stillingsinstruksen for å gje det vesle, men viktige ekstra.*

*Foto: Cecilie Majchrowicz Helgheim.*

### Planlegging av nytt omsorgsbygg

I år som i fjar er det brukt mykje tid på å planlegge eit nytt tilbygg til Gloppen omsorgssenter. Arbeidsgruppa som har jobba med nytt omsorgsbygg har bestått av verneombod, vaktmeister, helse- og omsorgssjef, einingsleiarar og tilsette frå eigedomsavdelinga. Vi har òg fått god hjelpe frå konsulentfirmaet Arkilag, som har brei erfaring og kan vise til fleire tilsvarande referanseprosjekt. Arbeidsgruppa har gjort eit grundig arbeid og rådmannen er godt fornøgd med arbeidet som er gjort.



*Illustrasjon av fasade på nytt omsorgsbygg.*

Prosjektet blei lyst ut som totalentreprise der Åsen & Øvreli vart valt som entreprenør. Dei 20 nye omsorgsbustadane er planlagde på ein måte som gjev fleksibilitet i forhold til ulike pasientgrupper, då

spesielt med tanke på bebuarar som har utvikla demens.

Det er tenkt å auke kapasiteten med fire nye brukarar i 2021 når nybygget står ferdig. I praksis betyr det at ein flyttar over 16 brukarar frå det eksisterande omsorgssenteret og tek inn fire nye brukarar.

Byggestarten har vorte forsinka m.a. fordi det ikkje var avklara om Husbanken ville godkjenne prosjektet. Det har vore eit stort overforbruk i sektoren og kommunen i 2018 og det må jobbast med framover kvar kommunen skal finne pengar til å drifte bygget, dette kjem til å bli ein krevjande prosess.

### Lærings- og meistringstilboda i Frisklivsentralen

Frisklivsentralen har vidareutvikla og implementert fleire diagnosespesifikke lærings- og meistringstilbod som for eksempel: Bra mat kurs, Diabetes kurs, artrose kurs og aktiv ung.

I 2018 vart det starta lærings- og meistringstilbod for handartrose-pasientar. Fysio-/ergotenesta har fått utviklingsmidlar til å planlegge diagnose-uavhengige «Meistringstreff». Formålet er å gje informasjon, bistand, førebyggje eller hindre utvikling av sjukdom og funksjonsnedsetjing, gje støtte til endring av levevaner og understøtte pasient og brukar sin eigen lærings-prosess.

Helsefremmende meistringsstøtte er kjernen i den helsepedagogiske tilnærminga innan lærings- og mestring. Erfaringsdeling er også sentralt. Det er ei nasjonal anbefaling at strukturerte lærings- og meistringstilbod så langt det er mogleg, skal gjevast i kommunane og tilboda i kommunane bør styrkast.



*Lærings- og meistringstilbod for hand-artrose-pasientar. Foto: Margot Andenes.*

### Rehabiliteringsprosjekt

Vi fekk i 2018 prosjektmidlar frå Fylkesmannen til å starte opp med utviklingsarbeid for å styrke habiliterings- og rehabiliteringstilbodet til pasientane i Gloppen kommune. I prosjektet er det jobba med tre område:

- samarbeid og overgangar mellom ulike nivå/tenester i kommunen og mellom kommune og spesialisthelsetenesta
- kompetanseheving og kompetansemobilisering på tvers av einingane i kommunen
- utarbeide ein plan for habiliterings- og rehabiliteringsarbeidet i kommunen på tvers av einingar og sektorar i kommunen.

Noko av midlane er overført til 2019 og arbeidet vert vidareført og ferdiggjort.

### «Sterk og Stødig»

Det har i fleire år vore Seniortrim på Rygg, Nordstranda, Breim og i kantina på Gloppen omsorgssenter. Dette er eit samarbeid mellom idrettslaga, Frivillesentralen og Gloppen kommune v/ Frisklivsentralen. Gruppene vert drivne av frivillige og Frisklivsentralen si rolle er å ha opplæring og oppfølging av dei frivillige instruktørane.

Sterk og Stødig-gruppene fungerer også som møteplass og der er aukande tal deltararar. I 2018 arrangerte Frisklivsentralen todagars kurs etter nasjonal modell for frivillige instruktørar for Sterk og Stødig-gruppene. Sju frivillige og to fysioterapeutar deltok.



Ei Sterk og Stødig-gruppe i sving på omsorgssenteret.  
Foto: Margot Andenes.

### ABC-kurs

Målet med prosjektet «Mitt livs ABC» er å bidra til betre livskvalitet, betre tenester og betre rettssikkerheit for personar med utviklingshemming gjennom bevisstgjering, betre fagleg skjønn og betre praksis hjå dei tilsette. Frå Gloppen var det 13 tilsette som deltok og fullførte Mitt livs ABC våren 2018. Det har vore to fellessamlingar på Nordfjordeid ilag med grupper frå Bremanger og Eid. I tillegg til dei to lokale gruppene har det vore samlingar og gjennomgang av dei ulike temaane ein gong i månaden.

I november 2018 vart det starta opp eit nytt kurs i ABC, «Eldreomsorgens ABC-psykiske sjukdomar i eldre år». Det er totalt 39 tilsette som deltek. Her vert

det lagt vekt på kunnskap om psykiske sjukdom hjå eldre, og at behandling av eldre personar med psykiske sjukdom er ein viktig del av oppgåvane til tilsette i kommunale helse- og omsorgstenester. Kurset er lagt opp på same måte som «Mitt livs ABC».

### Miljøarbeidartenesta

Tenester til menneske med utviklingshemming vart ferdig omorganisert i 2018 og samla i ei eining kalla Miljøarbeidartenesta. Målet med omorganiseringa var betre og meir fleksible tenester til brukarane, god ressursutnytting og gode fagmiljø for dei tilsette.

Det var meininga at den nye organiseringa skulle evaluera når omorganiseringa hadde sett seg, men på grunn av budsjettkutt 2018 der Miljøarbeidartenesta kutta 1,4 millionar, vart det nye endringar og ny omorganisering som gjorde til at ei samla evaluering må vente.

### Multicare

Prosjektet i mangfaldsleiing er eit pågåande prosjekt også i 2018. Det har vore med einingsleiarar frå omsorgssenteret og heimetenestene. Prosjektet har stor overføringsverdi inn mot helsefagarbeidarutdanninga for framandspråklege etter Gloppen-modellen.

### Helse- og omsorgsplan

I 2018 var helse- og omsorgsplanen klar. Dette var eit omfattande og viktig arbeid som viser kva sektoren skal arbeide med i perioden 2018-2030.

**2018**

Kommunedelplan – Helse og omsorg  
2018 – 2030 for Gloppen kommune  
Vedtak i kommunestyret 25. april 2018

Helse og omsorgsplanen vart vedteken i 2018.

### Onsdagstreff – torsdagstreff

Vi fekk i 2018 ikkje tilskot til prosjektet Seniortreff og driftskostnadane blei ein del av sektorøkonomien. Nokre av aktivitetane som vart etablerte i prosjektet seniortreff, går i dag under namnet Onsdagstreff på Sandane og Torsdagstreffet på Breim. Dette er eit tilbod ein dag i veka kor dei eldre treffast til ei sosial samling, trim, litt underhaldning og eit felles måltid.

Dette er eit samarbeid mellom kommunen, Frivillegsentralen, eldrerådet og Gloppen pensjonistlag. Ein stor takk til den frivillige innsatsen. Det er ønsk-leg å få til det same tilbodet i Hyen, og det skal vi jobbe med i 2019.

#### Opning av nyoppussa aktivitetssenter

I november var det opning av nyoppussa aktivitetssenter bygd saman med Solsikka avlastning. Det vart

blant anna eige musikkrom der musikkterapeut kan utfalde seg i lag med brukarar som får musikkterapi. Ei lys og innbydande støve, kjøkken i opa løysing, ei lita snekkarbod, aktivitetsrom, garderobe for tilsette og samtalerom. Aktivitetssenteret fekk god støtte frå Husbanken til å gje brukarar i miljø-arbeidartenesta eit dagtilbod. Psykisk helse skal fram-leis bruke lokala til dagaktivitetstilbod slik dei har gjort før.



Frå opninga av  
det nyoppussa  
aktivitetssenteret.  
Foto: Svein  
Torsnes, Xform.

#### Gloppen kommunale kjøkken har bidrøge med inspirasjon og læring



Kjøkkensjefnettverket i Nordfjord. Foto: Gunnvor Sunde.

Kjøkkenet vart i 2017 vinnar av Gylne Måltidsøyeblikk. Dette har skapt stor merksemd nasjonalt. Det har vore mange delegasjoner frå andre kommunar som ønskjer å lære av den gode matomsorga. Kjøkkensjefen har og vore foredragshaldar på fleire regionale og nasjonale konferansar og har vist fram Gloppen kommune på framifrå vis. Gloppen kommunale kjøkken har og vore med i utarbeidings

av Stortingsmelding nr 15 «Leve hele livet — En kvalitetsreform for eldre».

#### Tilsyn i helse og omsorg

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har gjennomført tilsyn med kommunale tenester til brukarar med psykisk lidning og rusproblematikk. Fylkesmannen har undersøkt om kommunen legg til rette for å følgje opp at personar med både psykisk lidning og rusmiddelproblem får individuelt tilpassa, samordna og forsvarlege helse- og omsorgstenester og sosiale tenester.

Tenestene skal kartlegge brukaren sin heilskaplege situasjon og behov og sikre at brukaren får nødvendig hjelp for rus-, psykiske og somatiske lidinger. Teneste-områda skal samarbeide slik at tenestetilbodet til brukaren er heilskapleg og koordinert. Kommunen skal tilby og yte tenester slik at brukaren kan meistre å bu i eigen bustad. Kommunen skal innhente informert samtykke til samarbeid frå brukaren, og brukaren skal ha rett til å medverke ved utforming av tenestetilbodet og ved behandling. Systemrevisjonen er del av eit landsomfattande tilsyn i 2017 og 2018.

Fylkesmannen har konkludert med eitt avvik: Kommunen sitt system for leiing og kvalitetskontroll

sikrar ikkje at alle personar med rusmiddelproblem og psykisk liding får dekt det samla tenestebehovet sitt.

Kommunen har sendt inn ein plan for korleis vi planlegg å lukke avviket. Denne er godkjend og avviket lukka.

#### Utvikling over tid

Teneste	2019	2018	2017	2016	2015	2014
Mottakarar av heimesjukepleie og praktisk hjelp	415	416	416	398	380	359
Mottakarar av støttekontakt	57	58	55	58	66	60
Mottakarar av omsorgslønn	12	12	12	13	12	13
Bebuarar i bustader disponert til omsorgsføremål inkludert heildøgnomsorg	156	156	156	150	150	150
Bustader med bemanning heile døgnet	73	73	73	67	67	67

Statistikken er tatt frå KOSTRA-rapport 6. Det omfattar registreringar på dei som har både heimeteneste og praktisk bistand, dei med berre heimeteneste og dei med berre praktisk bistand.

Det er store avvik i tala mellom rapporten henta frå KOSTRA og det som er rapportert i «Profil»

(pasientjournalsystemet). Registreringane i Profil viser at vi har ein auke i tal pasientar som motteke tenester og tal timar tenestar som er tildelt. Dette finn vi ikkje igjen i KOSTRA-rapporten. Vi må gjere eit arbeid i 2019 for å finne forklaringa på dette avviket.

#### Utvikling i liggedøgn

	2018	2017	2016	2015	2014	2013
Korttid/rehab.	4.030 (92,01 %)	3.856 (88,04 %)	3.390 (77,17 %)	3.977 (90,8 %)	3.889 (88,8 %)	3.754 (85,7 %)
Langtidsplassar	2.749 (94,14 %)	2.771 (94,90 %)	2.521 (86,10 %)	2.753 (94,3 %)	2.920 (93,1 %)	2.853 (85,2 %)

I 2018 har vi hatt høg beleggsprosent og periodevis opplevd stort press på korttidsplassane. Det er tilfeldig om det er mange pasientar som vert utskrivingsklare og har behov for korttidsplassar på same tid gjennom året. Behovet for korttidsplassar og avlastning vil variere og fordeler seg ikkje jamt utover året.

#### Institusjonsplassar og ulike butilbod med og utan fast personale

##### Institusjonsplassar

Vi har 20 institusjonsplassar i 1. etasje på Gloppen omsorgssenter. I tillegg har vi to plassar til KAD (Kommunal akutt døgneining). Situasjonen for 2018 har vore mykje lik som i 2017. Presset på korttidsplassane i 2018 har vore stort gjennom store deler av året.

Gloppen kommune har også i 2018 mange liggedøgn som kommunen har betalt for til spesialist-helsenesta. Totalt 177 i 2018, (det var 71 i 2017 og 108 i 2016). Forklarinaga på dette er at det i periodar har vore meldt inn mange pasientar på kort tid med be-hov for institusjonsplass. Periodevis har det vore lite sirkulasjon på korttidsplassane, grunna pasientar som låg i avdelinga og venta på bustad med eit høgre omsorgsnivå enn det vi kan gje dei i heimen. Dette har ført til at vi ikkje har klart å ta imot utskrivingsklare pasientar.

**Bustad med personale tilgjengeleg heile døgnet**  
73 bustader på Sandane.

**Bustad med personale tilgjengeleg deler av døgnet**  
50 bustader fordelte på Sandane, Hyen og Breim.

##### Avlastning for barn og unge

Gloppen kommune har 4 avlastningsplassar på Solsikka, som er ein «institusjon» for barneavlastning. Plassane er jamleg i bruk, nesten kvar helg og 1-2 døgn på kvardagar.

##### Fire nye leilegheiter ved aktivitetssavdelinga

Ved oppussing av aktivitetssenteret, vart det bygd fire nye leilegheiter i same bygget.

##### Venteliste til langtidsopphold eller omsorgsbustad med bemanning gjennom heile døgnet.

Pasient/brukar som med forsvarleg hjelp kan bu heime i påvente av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarannde bustad særskilt tilrettelagt for heildøgn tenester, men som oppfyller kriteria for tildeling av langtidsopphald etter helse- og omsorgstenestelova § 3-2 a, vert sett på venteliste. I Gloppen hadde vi 6 på venteliste ved utgangen av 2018. Det er det same som ved utgangen av 2017.

## MULTEK-utvalet – teknisk sektor

SAMLA RESSURSBRUK FOR HEILE SEKTOREN (UTVALET)

	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Forbruk i %	Rekneskap 2017
T O T A L T	49 467 333	43 496 704	114	46 727 548

### Ressursinnsats teknisk sektor

RESSURSBRUK FOR KVART TENESTEOMRÅDE

	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	%- forbruk	Rekneskap 2017
<b>12010 Administrativ leiing</b>				
Utgifter	1 301 896	461 100	282	1 712 587
Inntekter	-1 203 024	-63 800	1886	-1 526 898
Sum	98 872	397 300	25	185 689
<b>12100 Egedomsforvaltning</b>				
Utgifter	3 439 207	3 892 800	88	3 753 649
Inntekter	-1 271 299	-1 488 700	85	-1 666 876
Sum	2 167 908	2 404 100	90	2 086 773
<b>13000 Gloppen heradshus</b>				
Utgifter	13 488 164	1 315 000	1026	6 956 409
Inntekter	-12 617 807	-136 000	9278	-6 266 974
Sum	870 357	1 179 000	74	689 435
<b>19000 Interne serviceeininger</b>				
Utgifter	21 819 082	18 692 056	117	20 705 488
Inntekter	-21 819 082	-18 692 056	117	-20 705 488
Sum	0	0	0	0
<b>21300 Vaksenopplæring</b>				
Utgifter	116 775	116 800	100	94 000
Inntekter	-3 116	-4 800	65	0
Sum	113 660	112 000	101	94 000
<b>22100 Barnehagelokale og skyss</b>				
Utgifter	2 463 359	2 507 100	98	2 371 359
Inntekter	-212 042	-245 600	86	-198 300
Sum	2 251 317	2 261 500	100	2 173 059
<b>22200 Skulelokale</b>				
Utgifter	12 142 467	11 327 300	107	11 075 339
Inntekter	-840 177	-817 300	103	-728 753
Sum	11 302 290	10 510 000	108	10 346 586
<b>23200 Førebygging - helsestasjons- og skulehelseteneste</b>				
Utgifter	200 550	202 000	99	161 023
Inntekter	-27 852	-26 000	107	-20 805
Sum	172 698	176 000	98	140 219
<b>23400 Aktivisering og støtteteneste til eldre og funksjonshemma</b>				
Utgifter	61 389	66 000	93	67 889
Inntekter	-2 395	-3 000	80	-3 308
Sum	58 994	63 000	94	64 581
<b>24100 Diagnose, behandling og re/habilitering</b>				
Utgifter	513 246	488 600	105	379 152
Inntekter	-81 840	-70 100	117	-56 430
Sum	431 406	418 500	103	322 721

**Årsmelding for 2018**

<b>24200 Råd, rettleiing og sosialt førebyggande arbeid</b>				
Utgifter	0	0	0	6 325
Inntekter	0	0	0	-1 265
Sum	0	0	0	5 060
<b>24400 Barnevernstenesta</b>				
Utgifter	79 533	79 900	100	64 303
Inntekter	-11 061	-10 400	106	-8 261
Sum	68 473	69 500	99	56 043
<b>25300 Pleie, omsorg, hjelp og rehabilitering i institusjon</b>				
Utgifter	-15 000	-15 000	100	-15 000
Sum	-15 000	-15 000	100	-15 000
<b>25400 Pleie, omsorg og hjelp i heimen</b>				
Utgifter	141 954	144 300	98	113 040
Inntekter	-162 769	-163 300	100	-179 771
Sum	-20 815	-19 000	110	-66 730
<b>26100 Gloppe omsorgssenter</b>				
Utgifter	5 912 657	5 759 000	103	5 710 688
Inntekter	-2 811 718	-2 790 500	101	-2 737 605
Sum	3 100 939	2 968 500	104	2 973 083
<b>26500 Kommunalt disponerte bustader</b>				
Utgifter	4 436 669	3 866 400	115	3 668 847
Inntekter	-10 750 730	-11 098 900	97	-10 791 512
Sum	-6 314 061	-7 232 500	87	-7 122 665
<b>30100 Behandling av plansaker</b>				
Utgifter	1 522 620	1 265 595	120	1 507 372
Inntekter	-217 005	-475 600	46	-56 562
Sum	1 305 615	789 995	165	1 450 810
<b>30200 Bygge- og delesaksbehandling og seksjonering</b>				
Utgifter	1 227 484	1 185 950	104	1 279 749
Inntekter	-587 870	-817 500	72	-594 350
Sum	639 615	368 450	174	685 399
<b>30300 Kart og oppmåling</b>				
Utgifter	1 043 154	961 200	109	1 089 553
Inntekter	-850 279	-588 800	144	-715 758
Sum	192 875	372 400	52	373 796
<b>31500 Bustadbygging og fysiske bomiljøtiltak</b>				
Inntekter	-33 700	0	0	-33 700
Sum	-33 700	0	0	-33 700
<b>32000 Kommunal næringsverksemd</b>				
Utgifter	30 147	39 300	77	25 311
Inntekter	-252 839	-256 300	99	-251 706
Sum	-222 692	-217 000	103	-226 396
<b>32500 Tilrettelegging og hjelp for næringslivet</b>				
Utgifter	357 716	0	0	356 230
Inntekter	-187 241	-153 000	122	-100 405
Sum	170 475	-153 000	-111	255 825
<b>32900 Landbrukskontoret og landbruksnæringer</b>				
Utgifter	3 521 150	4 342 135	81	3 872 292
Inntekter	-888 164	-1 529 400	58	-1 403 274
Sum	2 632 986	2 812 735	94	2 469 019

**Årsmelding for 2018**

<b>33000 Samferdslebedrifter/transporttiltak</b>				
Utgifter	211 866	231 300	92	229 481
Inntekter	-358 371	-266 300	135	-361 894
Sum	-146 505	-35 000	419	-132 414
<b>33200 Kommunale vegar, miljø- og trafikksikringstiltak og parkering</b>				
Utgifter	9 481 928	6 933 555	137	11 180 677
Inntekter	-2 708 638	-1 799 600	151	-3 621 672
Sum	6 773 290	5 133 955	132	7 559 006
<b>33500 Parkar, torg og idrettsanlegg</b>				
Utgifter	1 285 448	873 300	147	991 781
Inntekter	-166 850	-167 300	100	-102 700
Sum	1 118 598	706 000	158	889 081
<b>33800 Førebygging av brann og andre ulukker</b>				
Utgifter	1 960 195	1 605 500	122	1 634 557
Inntekter	-1 249 511	-1 156 100	108	-944 831
Sum	710 684	449 400	158	689 725
<b>33900 Beredskap mot brann og andre ulukker</b>				
Utgifter	4 350 962	4 381 100	99	4 299 499
Inntekter	-439 064	-498 900	88	-482 740
Sum	3 911 898	3 882 200	101	3 816 759
<b>34000 Produksjon av vann</b>				
Utgifter	1 744 650	1 563 931	112	1 534 886
Sum	1 744 650	1 563 931	112	1 534 886
<b>34500 Distribusjon av vann</b>				
Utgifter	4 820 569	4 670 994	103	4 638 918
Inntekter	-6 565 219	-6 234 925	105	-6 173 804
Sum	-1 744 650	-1 563 931	112	-1 534 886
<b>35000 Avløpsrensing</b>				
Utgifter	6 976 864	5 920 196	118	6 021 745
Inntekter	-1 953	0	0	0
Sum	6 974 911	5 920 196	118	6 021 745
<b>35300 Avløpsnett/innsamling av avløpsvatn</b>				
Utgifter	6 302 890	6 429 804	98	6 151 771
Inntekter	-13 277 801	-12 350 000	108	-12 173 516
Sum	-6 974 911	-5 920 196	118	-6 021 745
<b>35400 Tøming av slamavskillarar og septiktankar</b>				
Utgifter	1 849 291	477 448	387	2 669 537
Inntekter	-1 849 291	-477 448	387	-2 669 537
Sum	0	0	0	0
<b>36000 Naturforvaltning og friluftsliv</b>				
Utgifter	398 375	481 700	83	640 873
Inntekter	-416 108	-425 900	98	-602 759
Sum	-17 733	55 800	-32	38 113
<b>38000 Idrett og tilskot til andre sine idrettsanlegg</b>				
Utgifter	11 219	20 500	55	433 923
Inntekter	-1 227	-2 500	49	-1 191
Sum	9 992	18 000	56	432 732

<b>38100 Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg</b>				
Utgifter	457 798	419 300	109	6 456
Inntekter	-1 480	-1 300	114	-1 291
Sum	456 317	418 000	109	5 165
<b>38500 Andre kulturaktivitetar og tilskot til andre sine kulturygg</b>				
Utgifter	0	0	0	24 421
Sum	0	0	0	24 421
<b>T O T A L T</b>	<b>31 788 753</b>	<b>27 894 835</b>	<b>114</b>	<b>30 230 193</b>

- er lik inntekter.

## Merknader til rekneskapen

### SAMLA SETT

Teknisk sektor hadde i rekneskapsåret 2018 eit overforbruk på ca. 3,89 mill. Bakgrunnen for dette overforbruket kan på ein enkel måte forklaast med manglende inntekter på enkelte tenester og auka utgifter knytt til kommunale vregar, park og idrett, vikarbruk og straumutgifter. Enkelte tenester er kommentert grundigare under.

### TIL KVAR TENESTE

**19000 Interne serviceeininger** er ei teneste som blir brukt av to ulike ansvarsområde, kommunalteknikk (4100) og eigedomsavdelinga (4400). Her blir den daglege drifta av uteseksjonen, vaktmeistrar og reinhaldsmedarbeidrar ført, og så blir det tatt ei fordeling over til andre tenester mot slutten av året slik at teneste 19000 står i null ved årsslutt. Eit overforbruk på teneste 19000, vil då automatisk føre til eit overforbruk på dei tenestene der kostnadane blir fordelt.

Gjennom 2018 har det vore eit overforbruk knytt til innleige av vikarar innanfor reinhald. Her er det korttidssjukefråvær som fører til behov for innleige, då det er vurdert til at det er eit dagleg reinhaldsbehov.

**Ansvar 4400, Eigedomsavdelinga**, har totalt 10 ulike tenesteområde der det blir brukt straum. Overforbruket i 2018 for denne arten var på ca. 1,5 mill.

Innanfor **teneste 33200 kommunale vregar, miljø- og trafikksikringstiltak og parkering** var det i 2018 eit overforbruk på 1,6 mill. Reperasjon av kommunale vregar etter flaumen i 2017, vintervedlikehald og auka salting av kommunale vregar på sommaren har ført til dette overforbruket.

Innanfor **teneste 33500 park, torg og idrettsanlegg** skuldast overforbruket communal innsats i forkant av NM i friidrett på Byrkjelo.

**Ansvar 4100, kommunalteknikk**, har også fem ulike sjølvkostområde knytt til vatn, avløp og slam. Dette er område som skal gå i balanse, og dette blir regulert begge vregar ved bruk av fond. For teneste 35400 blei det ikkje gjort endringar for innkrevjing av slamgebyr, sjølv om NOMIL har tatt over dette ansvaret. Dette var fordi denne endringa skjedde midt i eit rekneskapsår.

Innanfor **ansvar 4500, Plan, byggesak og oppmåling**, blei det budsjettert med høgare inntekter enn det rekneskapen syner. Målet var å få på plass nytta gebyrregulativ, men det lukkast kommunen ikkje å få til.

For enkelte tenester har det gått betre enn det som var budsjettert og vi har også klart å fått inn meir inntekter på enkelte tenester, slik at det for 2018 ende med eit totalt overforbruk på ca. 3,89 mill.

## Om kvart ansvarsområde

### LANDBRUK

Felles landbrukskontor i Eid og Gloppen, der vi er vertskommune fungerer godt. Til tider har vi mykje å gjere og fleksibiliteten til medarbeidarane er viktig for å få onnearbeidet unna. Landbrukssjefen har hatt kontordag minimum ein dag i veka på Eid, andre ved behov. Staben har vore stabil og god. Vi har ikkje hatt dei store utfordringane i 2018.

**Hogst:** Innmålt kvantum 10 157 m<sup>3</sup>. Plantetal: 29.260 plantar fordelt på 13 skogeigarar. Skogbruks-året 2018 i Gloppen kommune vart igjen eit år med relativt stor aktivitet. Det var ikkje ferdigmeldt veg-anlegg i 2018. Det var søkt om byggjeløyve til eitt mindre veganlegg, med punktutbetrinngar slik at vegen når opp i klasse 4.



Også kommune har hogge skog i 2018, som her ved Gloppen omsorgssenter. Foto: Jan Kåre Fure.

**Hjort:** Det vart utdelt 857 løyve totalt i Gloppen før jakta 2018. Av dette vart 669 dyr felt. Det gir ein fellingsprosent på 78 % og ein liten nedgang i fellingsprosenten dette året. Det har vore mykje fallvilt i år og, men færre påkøyrlar.

#### Tilskot

Fordelinga av tilskot er nokså likt dei siste åra. Nedanfor har vi nokre av hovudtala på landbruksida:

**Produksjonstilskot (p-tilskot).** 2018 var andre året med ny søknadsportal der vi hadde to søknadsomgangar, og ei utbetaling. Der var totalt 256 søknader og ei utbetaling på kr 59.198.771. Av denne summen utgjer avløysartilskot ferie- og fritid kr 8.652.168.

No må alle søknadane om p-tilskot leverast digitalt. Det er ei utfordring for dei som ikkje er datakyn-

#### PLAN OG BYGGESEN

##### Planarbeid

Det har vore ei stor auke i tal reguleringsplanar i 2018, og det gledelege er at det er mange private reguleringsplanar som har blitt starta opp, med ei overvekt på planar knytt til bustadfelt. Det kan her nemnast reguleringsplan for Elvaneset, området rundt Gloppen hotell og området rundt den gamle vassverksdammen i Valborgkleiva.

Fyrste utkast til områdereguleringsplan for Sandane sentrum blei presentert, og det er ikkje til å legge skjul på at dette skapte eit stort engasjement. Det er bra! Områdereguleringsplanen skal legge til rette for ei framtidig utvikling av sentrum, utan at det finst svara på alle spørsmål om framtida. Eit revidert utkast av denne planen vil ikkje bli presentert før i 2019.

##### Byggesaksarbeid og delingssaker

Ny saksbehandlar på byggesaker, Torbjørn Brand-sæter, starta i sin jobb i juni. Han kom frå ei prosjekt-

dige eller har därleg internetttilgang. Dei tek kontakt med oss på landbrukskontoret, eller allierer seg med rekneskapsførar eller ein slekting. Ansvaret for å få inn søknaden ligg hos føretaket.

**Regionalt miljøtilskot (RMP).** Utbetalt kr 3.641.197 til 181 søkerar.

**Organisert beitebruk (OBB).** Utbetalt kr 190.276 til 20 søkerar. Dette er ein auke frå 2017, noko som tyder på auka beitebruk i utmark.

**Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL).** Vi fekk tildelt 500.000 kroner medan det vart inndrege kr 185.250. Vi sökte om kr 75.750 i ekstra midlar som vi fekk tildelt frå fylkesmannen si landbruksavdeling. Totalt forbruk av SMIL-midlar i 2018 var kr 761.000.

**Refusjon avløysarutgifter ved sjukdom.** 6 søkerar med ei utbetaling på kr 488.646.

**Grøftetilskot.** Utbetalt kr 226.340 i 2018 av ei tildeling på kr 220.000. Inndregne midlar 10.000. Restmidlane på kr 3.660 har fylkesmannen fordelt på andre kommunar.

**1. lineteneste Innovasjon Norge.** Sju prosjekt fekk løying: tre mjølkebruk (to frå bås til lausdrift, eitt gjødsellager), ei utbygging til ammeku, eit geitebruk har utbeta driftsbygning, ei ombygging og utviding produksjonslokale og ei nyetablering av tilleggsnæringer. Utbetalt kr 6.050.000 i investerings-tilskot. Godkjende prosjektkostnader kr 27.127.119.

Leiarstilling i Eid kommune og før det har han vore vegplanleggjar hjå Statens vegvesen i Stavanger. Gloppen kommune mottok 201 byggesaker i 2018, og 20 delingssaker. Dette er tilsvarande tal som dei siste åra. Framleis er det eit stort behov for rettleiing knytt til byggesaker, og her blir det ytt rask og god service. Høg aktivitet hjå våre byggesaks-behandlarar er eit godt teikn, då det er ein god temperaturmålar for aktivitetsnivået i kommunen.

Sakshandsamingstida for byggesaker var i 2018 på 12 dagar. Statistikken syner at mange av sakene er mangelfulle ved mottak, slik at ein del av sakshandsaminga er knytt til å få inn tilstrekkeleg informasjon. Dei fleste søkerane, også dispensasjonar, vert innvilga.

Fokuset med auka tal tilsynsaker held fram og dette er nytting for alle partar i ei byggesak for å få saka eller deler av saka endå betre belyst.



### Oppmåling og seksjonering

Det er registrert inn 49 saker i 2018, som er 2 saker meir enn i 2017. Fokuset med å måle inn alt av rør og leidningar som blir nedgrave i kommunen held fram med full tyngde. Arbeidet med adresseprosjektet går også mot slutten og det er eit omfattande arbeid med å få kart og terreng til å stemme overeins på ein god måte.

*Frå arbeidet med flaumsikring av Holvikelva. Sikringa av Sandane sentrum er eint viktig grunnlag for utviklinga av kommunenesenteret. Foto: Jan Kåre Fure.*

### EIGEDOM

I 2018 har eigedomsavdelinga hatt 7 årsverk vaktmeistrar, 17 årsverk reinhaldarar og ein einingsleiar, med ei total omsetning på ca. 13 mill. Gloppen kommune har om lag 45.000 m<sup>2</sup> bygningsmasse fordelt på vel 70 bygg. I tillegg til å vedlikehalde denne bygningsmassen, skal eigedomsavdelinga utføre mindre ombyggingar, tilpassingar og ha prosjektleiinga på nye byggeprosjekt.

### Reinhaldstenesta

Reinhaldsgruppa i Gloppen kommune består av om lag 17 årsverk fordelt på 22 fast tilsette reinhaldarar i tillegg til ein driftsleiar. Reinhaldsgruppa har ansvar for reinhaldet på alle skulane, barnehagane, omsorgssenteret, heradshuset, GOS, NAV og på leigearalet på Grandane. Totalt om lag 28.000 m<sup>2</sup> vaskeareal.

I 2018 har reinhaldsgruppa også hatt ansvar for reinhaldet i to private barnehagane på Vereide og for tannlegetenesta på Grandane.

Reinhaldsgruppa tilbyr god kvalitet og leverer ei konkurransedyktig reinhaldsteneste.

### Vaktmeistertenesta

Vi har i dag 7 vaktmeistrar i heil stilling. Vaktmeistrane har hovudansvar for kvar sine bygningar, men jobbar likevel i team rundt om på alle byggja. Blant desse vaktmeistane har vi ein driftsleiar som har ansvar for koordinering av drifta ute.

### Drift

I tillegg til dei daglege vaktmeistertenestene som ligg inn under vedlikehald av byggja, utførte vi fleire

mindre tiltak i 2018 som vil heve standarden og driftsvilkåra på bygga våre, og kan nemne:

- Totalrenovering av Søråsen 62
- Nytt kjøkken på Hyblane på Gloppen omsorgssenteret
- Ombygging av frisørsalong på Gloppen omsorgssenter
- Nye Villavent og ventilatorar på Gotatunet bufelleskap, 7 stk
- Skoging i Nordåsen 44, Dagsenteret og Furustubben bhg
- Totalrenovering av leilighet i Åsavegen 151
- Oppussing av leilighet 1 og 7 på Reed-tunet og ei leilighet på Løkjatunet
- Utvending maling av heile Nordåsen 44
- Rekkverk på uteplass nordover mot vei i huset på Rygg Lagune
- Industribelegg med flakes i dusjane på Nordstranda skule
- Renovering av Gotavegen 87
- Oppussing av jentedusj på Breim skule, nye baderomsplater og maling
- Nye utedlys på parkeringsplass og i ballbingen på Nordstranda skule
- Nye luftehattar i Nordåsen 44 (førebyggande tiltak)
- Oppussing av Åsavegen 135
- Skifta alle lysa på Reedtunet til LED
- Pussa opp klasserom på Sandane skule, underetasjen
- Pussa opp kontor og rom i Sandane barnehage og Furustubben barnehage

- Oppussing av fleire bueiningar på Gloppen omsorgssenter
- Tiltak etter skadedyr i Åslyvegen 16
- Skifte av el-materiell i dei ulike bygga

I 2018 tilsette vi to sommarhjelper som utførte vedlikehald av grøntareal og anna førefallande arbeid.

Vaktmeistertenesta har i 2018 også hatt ansvar for vaktmeistertenestene på Sandane sentrumsbygg som gir Gloppen kommune ekstra inntekter.

### Investeringar

Vaktmeistrane utfører fleire mindre prosjekt sjølve. Desse energibesparande tiltak er gjennomførde:

- Etterisolering i gamle del av Sandane barnehage
- Nye PVC vindauge i samband med rehabilitering av Søråsen 62
- Ny aludør i bassengrom på Breim skule
- 3 nye boddører på Stadionbygget på Byrkjelo
- 10 nye vindauge på omsorgssenteret. Aluvindu montert rett i eksisterande karm
- Nye vindauge og dører i Nordåsen 44. Alu og PVC
- 23 nye vindauge PVC i Åslyvegen 16
- Utskifting av gamle brannfarlege lamper til LED

- 2 nye modulbygg for vanskelegstilte som er montert på Eide
- Småprosjekt:
  - Solavskjerming
  - Takoverbygg i Eidsmona
  - Opprusting av to bad i Furustubben bhg
  - Asfaltering av vegar og plassar inne på tomtane

Vi har også hatt ansvar for investeringsprosjekt som er utført av eksterne entreprenørar:

- Heradshuset – tilbakeflytting frå Søreide til heradshuset
- Dagsenteret – totalrenovering + etablering av 4 nye små bueiningar
- Idrettsbygget i Hyen – universell utforming, innemiljø (lys, luft, lyd), basseng og nytt tilbygg for varmeanlegg som skal sørve både idrettsbygget, skulen og barnehagen
- Gloppen omsorgssenter – prosjektering av nytt tilbygg for 20 nye omsorgsplassar

I 2018 overtok eigedomsavdelinga 2 nye bueiningar i modulbygga på Eide + 4 små leiligheter i Dagsenterbygget. Vi selde ei bueining, Søråsen 70.

### KOMMUNALTEKNIKK

Avdeling for kommunalteknikk har mange varierte arbeidsoppgåver gjennom heile året. På vinterstid er det vintervedlikehaldet som har fokus. For resten av året er det generelt vedlikehald av vegar, parkar samt vass- og avløpsanlegg som har prioritet. I tillegg til drifts- og vedlikehald jobbar vi med utbygging/i gangsetting av nye VVA-prosjekt.

### Vassverk



Frå arbeidet med sanering av VA-anlegg i Lyngvegen.  
Foto: Jan Kåre Fure.

Kommunen jobbar kontinuerleg med oppgradering og fornying av leidningsanlegg for å få eit best mogeleg trygg infrastruktur på vassforsyninga.

I 2016 vart Hestenes og Eikenes vassverk overteke av kommunen. Utfordringane for dette vassverket er variabel vasskvalitet då inntaket blir tatt frå ei overflatevasskjelde som i periodar fører med seg partiklar og gjer at vatnet får farge.

Kommunen sette i gang grunnundersøkingar for å sjå om det er mogeleg å finne grunnvatn. Det er sett ned grunnvassbrønnar som vi no prøvepumpar. Resultata syner at vi må gjere ytterlegare tiltak for å finne nok vatn, noko som vi er i gang med. Arbeid med sanering av VA-anlegg i Lyngvegen vart starta opp i 2018. Her er det planlagt og skifte ut den gamle vassleidningen av eternitt. Dette arbeidet er tidkrevjande og er etter planen ferdig i løpet av 2019.

Det vart lagt ca 420 meter med ny hovudvassleidning i området frå Arnestadfeltet mot øvre Rygg.

### Avløp

Tilsette på uteseksjonen utfører dagleg drifts- og vedlikehaldsarbeid på avløpsanlegga våre. Noko innleige av elektrikar/rørleggar/maskinentreprenør skjer, men stort sett utfører vi alt arbeid på avløpsanlegga sjølve.

Oppgradering av Byrkjelo reinseanlegg vart avslutta hausten 2018 og har gitt oss meir kapasitet for mottak av avløpsvatn, spesielt frå Tine som også har utvida/justert produksjonen sin. Slammet frå anlegget vert no levert til mottaksanlegg på Vestnes fordi komposteringsanlegget til Sunnfjord Miljøverk

ikkje lenger kan ta i mot slammet som vi har levert der tidlegare.



*Oppgraderinga av Byrkjelo reinseanlegg er fullført.  
Foto: Per Ove Fossheim.*

### Leidningsnettet

På leidningsnettet er ca 1100 meter med gamle vass- og avløpsrør skifta ut. Det er lagt ned 1800 meter med nye vass-rør og ca 1.800 meter nye avløpsleidningar. Det er montert 2 nye avløppspumpestasjonar. Her er nokre av dei større prosjekta vi hadde i 2018:

- Reedfjæra – ferdigstilling VA-sanering avløp
- VA-anlegg Bakkane inkl. pumpestasjon
- VA-Lyngveien
- VA-Hagebakken
- VA-NTU bygget/omlegging Mona vekst
- VA-Eidsmona
- VA-Samestad-Fitje
- VA-Arnestad
- Ved Vereidakyrkja – sanering avløp
- VA-Evesbøfoss
- VA-Nye Valborgkleiva

Det har vore høg aktivitet på legging av VA-leidningar i år.

### Kommunale vegar

Uteseksjonen utfører som før snøbrøyting i Sandane sentrum samt strøing av kommunale vegar rundt Gloppefjorden.

Det kommunale vegnettet er på ca. 123 km. Av dette er ca 93 km med fast dekke og 30 km grusveg. Vi har 60 bruar som er kommunale.

Vedlikehaldsarbeidet på delar av vegnettet i 2018 vart utfordrande etter flaumen vi fekk 24 juli 2017. Det vart søkt Fylkesmannen om skjønningsmidlar på til saman 2,6 mill. og vi fekk 50% av denne summen,

### BRANN OG BEREDSKAP

Gloppen Brann og Redning er organisert som eit deltidssbrannvesen. I tillegg til hovudstasjonen på Sandane har vi understasjonar i Hyen og Byrkjelo.

resten måtte dekkast inn gjennom drifta og var mykje av årsaka til meirforbruket på vegbudsjettet for 2018.

Av trafikktryggingstiltak som vi fekk tilskot til, har vi montert og rehabiliterat gatelysa langs vegen i Hope. I tillegg vart det sett opp nye gatelys og endra trafikkmønster ved Nordstranda skule.

Kommunen fekk også tilskot (gå- og sykkelstrategi) fra Sogn og Fjordane Fylkeskommune til etablering av 160 meter med fortau langs vegen ved omsorgssenteret. Dette tiltaket gjer at vi får ei betre trafikkløsing i eit område med mange gåande og syklande. Arbeidet vil bli avslutta når det nye tilbygget står klart.



*Det vart ikkje sett av pengar til ny asfalt i 2018. Ulvesbakken ventar... Foto: Jan Kåre Fure.*

Det var ikkje sett av midlar til reasfaltering av vegar i 2018. Summen som normalt vert sett av til reasfaltering vart brukt til masseutskifting av 2 delstreknings i Fjellbygda og på Hope.

På vårparten vart feiemaskina køyrt i to skift for å raskt som råd få kosta oppatt sand frå strøinga om vinteren. Den gamle feiemaskina vart bytt ut med ny i 2018.

### Park og uteområde

Etter at kommunen tilsette eigen gartnar, ser vi at kommunen sine sentrumsområde vert betre stelt enn før. Uteseksjonen har også teke over stell av alle idrettsanlegg og fotballbaner rundt om i kommunen. Totalt sett har vi ca 20 mål med plen som skal vedlikehaldast heile sesongen.

Mannskap tilknytt stasjonane er frå 1. januar 2019 fordelt slik:

- Sandane, 20 mann
- Byrkjelo, 10 mann

- Hyen, 10 mann

Det har vore ein del utskifting av mannskapsstyrken både på grunn av sjukdom og på grunn av oppnådd aldersgrense. Det har vore ein stabil styrke i lengre tid. Vi ser at fleire av dei eldste i styrken har vurdert å gje seg etter lang og tru teneste. Største utfordringa er å rekruttere nye mannskap på utestasjonane.

### Oppdrag

Brannvesen skal vere i stand til å takle ulike oppdrag:

- Brann av ulike variantar
- Trafikkulykker
- Oljevern
- PLIVO (Pågåande livstruande vold)
- «Mens du venter på ambulansen» Hjertestarter
- Andre hjelpeoppdrag (for eksempel helse)
- Overflatedredning på sjø/vatn og is

Tal på utsykkingar ligg lavt, slik det har vore dei siste åra. Brannslokking er berre ein liten del av oppgåvene, og spesielt utgjer trafikkulykker ein stor del av brannvesenet sine oppdrag. Vakthavande brannbefal har også politiet si oppgåve på ein skadested, når denne etaten ikkje er kome fram eller er fråverande. Dette opplever vi stadig vakk. Vi er derfor svært spente på korleis den nye politireforma vil ha å seie for våre oppdrag.

Aba feil bruk	3
Aba feil plassert detektor	1
Aba teknisk/ukjent	5
Andre oppdrag	1
Avbrutt utsykning	2
Bistand politi	1
Brann i bygning	2
Brann i grass- eller innmark	3
Brann i personbil	2
Brann i skorstein	3
Brann i søppelcontainer	1
Brann i søppelkasse	1
Brannførebyggande oppdrag	1
Dyreoppdrag	1
Heisstopp	1
Helseoppdrag anna	6
Helseoppdrag bære/løfte	2
Ikkje reell nødmelding	1
Test	157
Trafikkulukke	10
Ulukke båt eller skip	1
Unødig kontroll av melding	2
Øvingar brannvesen	6
<b>Samla tal</b>	<b>213</b>

I samsvar med øvingsplan er det gjennomført åtte øvingar ved kvar stasjon. I tillegg er mannskapet delt inn to og to, eller tre og tre, som har kvar sin månad å gå gjennom alt utstyret i stasjonen. Tabellen viser at vi har hatt 56 alarmerte utsykkingar via Alarmsentralen i tillegg til testane som vi har kvar veke (157). Fire øvingar er utalarmert frå Alarmsentralen. Dei andre øvingane er alarmerte i eigen regi. I tillegg har befalsvaka på Sandane handtert ein del mindre hendingar som teknisk vakt og ytt hjelp i fleire helseoppdrag.

### Større samøving

Den største øvinga i 2018 var i lag med Sandane lufthamn. Her blei det øvd på å hente opp personar frå sjøen og på denne øvinga deltok også Røde kors, legar, i tillegg til brannvesenet og havaritenesta på flyplassen.

Vidare er det gjennomført ei større øving på Tine meieriet på Byrkjelo i lag med industrivernet, brannvesenet, politi og ambulanse.

Det blei også gjennomført ei større øving på båtbyggeriet til brødrene Aa i Hyen i lag med industribrannvesenet og kommunalt brannvesen.

### Utstyr

For at brannmannskapet skal gjere ein best mogleg innsats, er vi avhengige av at utstyret må virke til ei kvar tid. Det er derfor viktig å stadig fornye og halde utstyret i god stand. I 2016 vart det innkjøpt ein bruktbrennbil som er stasjonert på Byrkjelo. Dette var ein akutthandel som ei midlertidig ordning og vart finansiert med bilkontoen i kommunen. Denne bilen er ein 1994-modell og må settast inn på oppgraderingslista.

Det er eit kontinuerleg behov for å skifte ut bilar av eldre dato innanfor det kommunale brannvesenet. Det som står øvst på prioriteringslista er å skifte ut dei to minste (og eldste) bilane i Hyen med ein førstelinnsatsbil. På Byrkjelo er det behov å skifte ut hovedbilen, då dette er ein eldre bil med for liten motor til å frakte så mykje utstyr.

Alle stasjonane har frigjøringsutstyr til bruk ved bilulukker. Det same gjeld røykdykkingsutstyr. Røykdykking er naudsynt med dagens slokketeknikkar. Det vert stilt spesielle krav til både mannskapet og utstyret som vert nytta til røykdykking. Vidare har brannvesenet hjertestartar plassert på alle dei tre stasjonane. Det vert gjennomført regelmessige øvingar kvart år for å halde akuttberedskapen oppe.

På Byrkjelo har mannskapet stifta Gloppen Brannvernforening. Dette er gjort på eige initiativ med Joar Flølo og Runar Stensaker Kleppe som initiativtakarar. Dei har via dugnadsarbeid skaffa ein hengar for utstyr til slokkeøvingar. Gjennom Gloppen Brann og Redning har vi kjøpt til slokkekar. Foreninga har allereie hatt

slokkeøving på skulen og gjennomført øvingar ved hjelp av dette utstyret. Kjempefrott initiativ.

### Oljevern

Gloppen Brann og Redning er og med i Nordfjord IUA (oljevern). Havnefogden i Måløy er sekretær og har årleg møte og øvingar innanfor dette området. Vi har i samband med dette fått ein del lenser og absorberingsutstyr. Dette utstyret tek stor plass og er derfor plassert på diverse andre kommunale lager.

### Arbeidstilsynet

Arbeidstilsynet har hatt tilsyn med Gloppen Brann og Redning. Det er sett stort fokus på kreftfaren ved arbeidet med brann og eksponering av gassar og røyk. Vi fekk i første omgang pålegg om å kartlegge og utarbeide eit handlingsprogram for tiltak.

Vi har utarbeidd kartlegging og laga ein handlingsplan, både for verneutstyr og rutinar. Arbeidstilsynet ga deretter pålegg om å fylgje denne planen, som strekkjer seg til 2019. Kartlegging og utarbeiding av handlingsplan er utført med god hjelp i frå Bedriftshelsetenesta vår v/Monica Totland.

### Brannstasjon

Politiet har bekrefta at dei inngår leige i den nye «Blålysbygget», som er planlagt på Faleideflata. Vi har god tru på at dette vert ei god og praktisk samkjøring av naudetatar. Bygget er planlagt for 10 arbeids-plassar for politiet. Det vil også verte lagt til rette for beredskapsleiinga i kommunen.

Kommunestyret har utsett bygginga av ny brann- og politistasjon til 2021. Det gjer at handlingsplanen må omarbeidast. Arbeidstilsynet hadde først sett eit krav til 2019 for å ordne krav til garderobeforhold og skilje rein og urein sone. Dei har utvida fristen til 1. juni 2020.

### Tilsyn § 13 (særskilde brannobjekt)

Gloppen kommune har ca 60 bygg som er registrerte som særskilte brannobjekt etter § 13 i brannlova. Med den bemanning vi har i brann- og redning, er det ikkje mogleg å utføre dei lovpålagde tilsyna i alle desse bygga. Etter ny forskrift er det endringar som gjer at bygga må vurderast på nytt. No er det meir basert på ei risikovurdering. Dette er vi i gang med. Det har likevel vore teke kontakt med fleire av desse objekta og informert om brannvern.

### Førebyggande

Førebyggande arbeid er ei prioritert oppgåve for brannvesenet. I kommunen har vi 60 bygg såkalla særskilte brannobjekt (t.d. skular, barnehagar, overnattingsverksemder og større arbeidsplassar). Dette utløyer ein del tiltak, også i bygg som kommunen eig. At tiltaka har verdi, syner brannstatistikken som viser at det svært sjeldan er brann i desse tilsynsobjekta.

Feieren er rundt i alle husstandane i kommunen og har kontroll på behovsprøvd feiring og tilsyn med fyringsanlegg. Denne tenesta er eit sjølvkostområde og feieavgifta skal dekke dei reelle utgiftene med feiring av piper og tilsyn i bustadhus, utført av feiring.

Brannvesenet deltek på lokale brannøvingar i kommunen. Saman med ambulanse og politi har vi m.a. vore med på prosjektet «Open brannstasjon» på alle tre stasjonane, og «Redningsdag» saman med Redningsselskapet ved småbåtkaia på Sandane. Vi har kvart år undervisning med alle 6. klassingane i kommunen. Dette er i samarbeid med E-Trygg.

### Utdanning

I 2018 hadde vi 3 mannskap på grunnkurs for brannkonstablar. Dette kurset vart arrangert lokalt av Sogn og Fjordane Brannbefalslag og har ein kostnad på ca 60 -70.000 per konstabel. For 2019 er det påmeldt to personar på utrykningleiarkurs og tre på kurs for å köyre med blålys (160 kode). Kursa er lovpålagde.

**MULTEK-utvalet – kultur****Ressursinnsats kultursektor**

RESSURSBRUK FOR KVART TENESTEOMRÅDE

	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	%- forbruk	Rekneskap 2017
<b>23100 Aktivitetstilbod barn og unge</b>				
Utgifter	635 142	612 200	104	764 658
Inntekter	-172 876	-112 300	154	-203 163
Sum	462 266	499 900	92	561 495
<b>32000 Kommunal næringsverksemد</b>				
Utgifter	3 906 116	3 868 091	101	3 458 439
Inntekter	-2 710 635	-2 751 100	99	-2 467 924
Sum	1 195 480	1 116 991	107	990 515
<b>32500 Tilrettelegging og hjelp for næringslivet</b>				
Utgifter	1 143 563	1 194 350	96	1 742 233
Inntekter	-32 752	-61 300	53	-61 612
Sum	1 110 811	1 133 050	98	1 680 621
<b>33500 Parkar, torg og idrettsanlegg</b>				
Utgifter	0	0	0	94 349
Inntekter	0	0	0	-16 842
Sum	0	0	0	77 507
<b>36000 Naturforvaltning og friluftsliv</b>				
Utgifter	122 713	723 800	17	65 436
Inntekter	-3 552	-635 800	1	-18 645
Sum	119 161	88 000	135	46 791
<b>36500 Kulturminnevern</b>				
Utgifter	29 845	22 500	133	33 144
Inntekter	-17 147	-24 500	70	-21 592
Sum	12 698	-2 000	-635	11 552
<b>37000 Bibliotek</b>				
Utgifter	3 632 009	3 735 666	97	3 513 770
Inntekter	-895 298	-1 004 300	89	-889 727
Sum	2 736 711	2 731 366	100	2 624 043
<b>37300 Kino</b>				
Utgifter	1 620 409	1 865 800	87	1 643 341
Inntekter	-757 622	-995 000	76	-794 875
Sum	862 788	870 800	99	848 466
<b>37500 Museum</b>				
Utgifter	454 419	468 800	97	456 811
Inntekter	0	-13 800	0	-652
Sum	454 419	455 000	100	456 159
<b>37700 Kunstformidling</b>				
Utgifter	205 034	546 300	38	598 313
Inntekter	-122 085	-98 300	124	-268 244
Sum	82 949	448 000	19	330 069
<b>38000 Idrett og tilskot til andre sine idrettsanlegg</b>				
Utgifter	6 332 585	1 792 550	353	5 588 299
Inntekter	-6 064 882	-1 527 550	397	-5 340 428
Sum	267 703	265 000	101	247 870

<b>38100 Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg</b>				
Utgifter	7 482 699	7 043 200	106	7 126 275
Inntekter	-4 011 673	-5 357 500	75	-4 465 096
Sum	3 471 027	1 685 700	206	2 661 179
<b>38300 Kulturskulen</b>				
Utgifter	10 179 884	9 868 162	103	9 852 640
Inntekter	-4 708 725	-4 581 600	103	-4 586 625
Sum	5 471 159	5 286 562	103	5 266 015
<b>38500 Andre kulturaktivitetar og tilskot til andre sine kulturbrygg</b>				
Utgifter	1 027 511	600 000	171	280 253
Inntekter	-443 807	-20 000	2219	-29 935
Sum	583 704	580 000	101	250 318
<b>38600 Kommunale kulturbrygg</b>				
Utgifter	3 524 202	3 417 300	103	4 088 256
Inntekter	-2 676 496	-2 973 800	90	-3 742 179
Sum	847 705	443 500	191	346 077
<b>39200 Andre religiøse føremål</b>				
Utgifter	0	0	0	98 953
Inntekter	0	0	0	-275
Sum	0	0	0	98 678
<b>T O T A L T</b>	<b>17 678 580</b>	<b>15 601 869</b>	<b>113</b>	<b>16 497 355</b>

- er lik inntekter.

## Merknader til rekneskapen

### SAMLA SETT

Dette kapitlet avspeglar den kommunale kulturaktiviteten, og aktivitetane i Trivselshagen med kino, bibliotek, kulturskule og kantine og aktiviteten i kultursalen, og i tillegg idrettsanlegg og friluftslivsaktivitetar. Manglende inntekter frå aktiviteten i Trivselshagen utgjer det meste av overforbruket på kulturdelen av rekneskapen.

### TIL KVAR TENESTE

#### 23100 Aktivitetstilbod barn og unge

Mindreforbruket skuldast auka inntekter på prosjekt 23104 Ung og aktiv ved bruk av fondsmidlar. Prosjektet vart tilført statlege midlar i 2017, men vart berre delvis gjennomførd. Midlane vart sett av på fond og prosjektperioden vart utvida til 1. oktober 2018.

#### 36000 Naturforvaltning og friluftsliv

Her er ei feilføring på kr. 40.000 som skulle vore ført på tenesta 32500 – tilrettelegging for næringslivet.

#### 36500 Kulturminnevern

Meirutgiftene kjem i hovudsak av at salet av bygdebøker er mindre enn forventa.

#### 38100 Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg

Her ligg ei optimistisk overbudsjettering av inntekter.

#### 38600 Kommunale kulturbrygg

Denne tenesta gjeld kulturdelen og kultursalen i Trivselshagen. Den er vanskeleg å budsjettere og resultatet vil variere frå år til år slik det går fram av rekneskapen når ein samanliknar 2017 med 2018.

#### 39200 Andre religiøse føremål

Tilskotet blir no ført under finansieringskapitlet (ansvar 9000).

### Kort om året 2018

Dette kapitlet avspeglar den kommunale kulturaktiviteten, og aktivitetane i Trivselshagen med kino, bibliotek, kulturskule og kantine og aktiviteten i kultursalen, og i tillegg idrettsanlegg og friluftslivsaktivitetar.

I 2018 låg vi framleis høgt oppe i Telemarkforskning si kåring av Årets kulturkommune i landet.

2018 har vore nok eit aktivt kulturår med mange arrangement og festivalar, der NM i friidrett på Byrkjelo var eit av høgdepunkta.



Frå NM i friidrett på Byrkjelo 2018.

Foto: Jan Kåre Fure.

Elles er det på gang mange positive tiltak og prosjekt som vil gje både kulturlivet og innbyggjarane i kommunen betre rammevilkår i tida framover.

Arbeidet med å legge til rette for friluftsliv i kommunen held fram, mellom anna med vidare utvikling av nærfriluftslivsområdet Trivselsskogen og til rett-lagde stiar for stisykling på Vereide.

Vi må nemne at også dette året hadde kommunen den høgaste søkeradsummen på spelemidlar i fylket med 33,7 mill.

### AKTIVITETAR FOR UNGDOM



Frå fellesmøtet for ungdomsråda i Nordfjord i januar 2018. Foto: Kjersti Rønningen.

Ungdomsrådet har hatt seks møte. Dei har arbeidd med ulike plansaker: (Samfunnssdelen i kommune-

planen, kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet, områdereguleringsplan for Sandane sentrum, reguleringsplanar for Dammen og Åsen), helsetilbod til ungdom, fordeling av kulturmidlar og UKM-arrangement. I tillegg var Gloppe ungdomsråd arrangør av fellesmøte for alle ungdomsråda i Nordfjord i januar. Dette var eit samarbeid med Nordfjordrådet, og temaet for samlinga var integrering.

Sakslistar og møtebøker frå ungdomsrådet finn du på Gloppe kommune si heimeside.

UKM Gloppe vart avlyst på grunn av for få deltagarar. Dei som var påmeldt fekk representere Gloppe på UKM Festivalen i Høyanger.

Rusfri 16. mai-natt i Trivselshagen samla mykje ungdom til taco, quiz, kino og loddtrekning på flotte premiar. Arrangementet er eit samarbeid mellom Gloppe kommune, Gloppe frivillegssentral og ulike lag og organisasjoner

Sommarjobb-prosjekt for unge innvandrarar, eit samarbeid med NAV og Gloppe opplæringssenter. Opplæring i søkeradsskriving, erfaring med intervju og arbeidstrening.

Ung til ung aktivitetar i samarbeid med Open skule på Firda vgs. Lågterskel-aktivitetar opne for alle, men med spesielt fokus på rekruttering av innvandrarungdom.

Lokal transport for ungdom , eit fylkeskommunalt prosjekt der vi får midlar til å organisere skyss heim frå ulike fritidsaktivitetar.

Heile verda i Gloppe, Internasjonal festfram-syning i kultursalen og mat frå ulike kulturar og land i aulaen. Eit samarbeids-prosjekt mellom Gloppe opplærings-senter, Gloppe Røde kors omsorg, og kultureininga.



«Heile verda i Gloppe» vart opna med dans. Foto: Kjersti Rønningen



«Heile verda i Gloppe» - matbordet.

Foto: Kjersti Rønningen.

#### Aktivitetar for funksjonshemma

- Roseklubben kvar måndag i Trivselshagen
- Friluftsmoro ved Veslevatnet i samarbeid med Gloppe Jeger og Fisk
- Aktivitetstilbod i Trivselshallen, haust -18
- Sommarfest i Jølet med deltakarar frå heile Nordfjord
- To veker med tilrettelagde sommaraktivitetar i juli, turar og aktivitetar i Gloppe
- Deltaking på Byrkjeloleikane
- Deltaking på Gloppetrimmen

#### ARRANGEMENT OG AKTIVITET I TRIVSELSHAGEN

	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011
Talet på besökande i kultursalen	19.000	20.500	21.000	15.500	16.000	15.800	15.500	15.000
Talet på konsertar i kultursalen	90	86	85	67	71	72	67	63

2018 var eit aktivt år i Trivselshagen. Mange lokale aktørar med gode arrangement må få ein stor del av æra for den gode publikumsoppslutninga. I tillegg har det vore fleire nasjonale toppnamn innom

kulturhuset i året som gjekk. Både besøkstal og aktivitetstal er stabilt høge. Vi ser også ein auke i andre arrangement, som større konferansar.

#### TRIVSELSHAGEN BAD OG IDRETT

	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012
Besøk i badeanlegget	42.126	38.947	594	25.695	43.180	53.115	25.695

2018 har vore nok eit aktivt år i Trivselshagen bad og Idrett. I badeanlegget har vi hatt ein liten auke i tal besøkande. Her er det slik at våret ute har stor innverknad på besøk inne. Vi merkar vel òg ein effekt av at folk i ytre Nordfjord no reiser oftare til Sunnmørsbadet etter at det vart opna. Swimtag-systemet vi har i badeanlegget er godt motteke av våre faste brukarar. I dag har vi ca 130 som nyttar dette tilboden, og tilbakemeldingane er at det «triggar» til meir aktivitet.

Gjennom året har vi ei rad med større arrangement i idrettsanlegget. T.dd KM i futsal, som no er lagt til Trivselhallen på «midlertidig» permanent basis kvart år. Dette er eit svært stort arrangement, men takka vere gode og erfarte arrangørar i STIL fotball og eit anlegg som er dimensjonert til slikt, kjem fot-ballfamilien tilbake år etter år. Også friidretten er inne med eit fast stemne kvart år. Her vert det tevla i 60m, høgde, lengde, kule og liten ball, i det som vert kalla Trivselhalleikane.

Klatreveggen er ein anna stad med stor aktivitet. Stadig fleire får brattkort, og fast kvart år er Gloppemeisterskapen i klatring med relativt stor deltaking.

Turn er ein anna populær idrett i Trivselhallen. Her er det venteliste for å delta, og turnen brukar i dag halve Firdahallen, i tillegg til turnhallen, til sin aktivitet.

Nytt av året, og for første gong utanfor Bergen, vart det lagt ei bylagssamling i handball til Trivselhallen. Fleire busslastar med ungdomar kom fra Bergen, i tillegg til mange frå eige fylke.

Av andre større arrangement i 2018 kan vi ta med NMF Nordvest Drill, fleire RUM-samlingar i handball, fleire minihandballturneringar, handballskule og den årvisse turnbasaren.

I tillegg er her, gjennom haust/vinter/vår, stor aktivitet med terminfesta arrangement nesten kvar helg .

## Årsmelding for 2018

### GLOPPEN KINO

	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011
Talet på besøkande	9.364	9.463	9.819	9.822	10.752	12.855	11.741	10.981
Omsetning inkl. mva	739.718	822.715	794.380	782.635	766.240	965.965	800.120	774.865
Framsyningar	286	298	261	241	317	312	294	245
Snitt per framsyning	33	32	38	41	34	41	40	45

Statistikk frå Filmweb rapportserver.

Kinobesøket har vore jamt dei siste åra. Det var ingen store filmar 2018, så besøket kjem av mangfald på kinoen. Vi har vist 85 filmar fordelt på 286 visningar. Framsyningane i all hovudsak tre kveldar i veka.

Arrangement: Den Store Kinodagen, Rusfri 16. mai-natt, Vinterfest, Kulturnatt, Den kulturelle skulesekken m.m.

### GLOPPEN FOLKEBIBLIOTEK

	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011
Totalt utlån	48.711	44.888	47.447	47.392	46.768	47.033	46.260	45.083
Besøk	58.516	*	36.336	34.698	34.212	34.010	34.740	39.515
Fjernlån (innlån)	1.076	1.019	1.005	1.089	1.013	950	783	791

\*) manglar besøkstal grunna feil i dørteljar.

Gloppen folkebibliotek runda 10 år i Trivselshagen med både besøks- og utlånsrekord. Samla vart utlånet frå dei to aktive avdelingane Sandane og Byrkjelo på 48.711. Auka fokus på samarbeid med skule og barnehage, utvida tilbod til småskuletrinnet og lesekampanjen «Sommarles» ga solid utlånsauke til barn - på 17 %. Høg aktivitet mot ulike målgrupper, til saman 88 arrangement/bibliotekinformasjon, inkludert klasse- og barnehagebesøk med program. Biblioteket i Hyen har pause til ny skule er klar. Nokre spesielle hendingar og tiltak 2018:

- Biblioteket på Byrkjelo var stengt ein månads tid for opprusting og fornying.
- Turnè i Nordfjord med Ove Eide som presenterte forfattarar frå Sogn og Fjordane (tilskotsmidlar)

- Landbruksdebatt: «Kven skal eige jorda?
- Forteljeteateret «Gilgamesh» på Draumekvila, i samarbeid med Sogn og Fjordane fylkesbibliotek
- Familieframsyninga «Oksen Ferdinand» i samarbeid med Gloppen Musikkfest ga publikumsrekord
- Biblioteket inviterte alle 2.og 3.kl. i Gloppen til eit breiare tilbod, med prosjektet «Er det ingen fleire dikt om flyndre i den boka? (tilskotsmidlar)
- Newtonklubb: 4 ettermiddagar med konstruksjon, koding av micro:bit og eksperiment i Newtonrommet (samarbeid med mange aktørar, tilskotsmidlar)
- Bibkafé: Nytt føremiddagstilbod med høgtlesing, boktips og digitale tips ni gongar i 2018



Gloppen folkebibliotek hadde ny utlånsrekord i 2018. Foto: Gloppen folkebibliotek.

GLOPPEN KULTURSKULE

	2018	2017	2016	2015	2015	2013
Elevtal	350	366	345	344	347	355
Venteliste	83	89	84	107	67	75
Sal av årsverk	3,2	3,51	3,09	3,03	3,2	3,45

Gloppen kulturskule er ein kulturskule med stor aktivitet gjennom heile skuleåret. Den store produksjonen i 2018 var Gonna Fly Now som fylte kultursalen. Den store julekonserten er ein årleg produksjon som også er populær og trekke nær full konsert-sal. Andre faste arrangement er Sommarfesten på Heradspllassen, danseforestillingar i kultursalen, kunstutstillingar og huskonsertar. Kulturskulen sine elevar blir elles brukti i små og store oppdrag i kommunen gjennom heile året. Totalt sett deltok elevar og tilsette på ca. 120 arrangement i 2018.

Distriktsmusikarane har vore på turné i fylket med den kulturelle skulesekken og den kulturelle spaserstokken, og blei i tillegg leidt ut som musikarar til dei fleste store produksjonar i Sogn og Fjordane. Dei var til dømes med på Opera Nordfjord sine produksjonar Score, La Bohème og Annie. Dei var med på Messias i Førde og Sogndal, og Juleoratoriet på Sandane. Distriktsmusikarane er kvart år med på Gloppen Musikkfest og i Sogn og Fjordane symfoniorkester. Fleire av musikarane har ei viktig rolle i lokale amatørproduksjonar. Dei blir elles flittig brukti som musikarar i gravferd, bryllaup, festmiddagar og ulike representasjoner.

Gloppen kulturskule selde undervisningstenester tilsvarende 3,2 årsverk til Firda vidaregåande skule, Gloppen ungdomsskule, Sandane skule, Nordstranda skule, Breim skule, Rygg barnehage, alle korpsa i Gloppen og spelemannslaga i Gloppen. Dette er omrent på nivå med tidlegare år.

**Spesielle hendingar:**

Arild Bjørkelo blei tildelt Draumestipendet 2018 på kr 10 000 kr. Stipendordninga er eit samarbeidsprosjekt mellom Norsk kulturskuleråd og Norsk Tipping.



Arild Bjørkelo fekk Draumestipendet i 2018.  
Foto: Ann Karin W. Ose.

## Stab og støtte

«Stab og støtte» er økonomiavdelinga, skatteoppkrevjaren, personalavdelinga, servicetorget, arkivtenesta, plan- og utgreiingsavdelinga og IT-avdelinga. Eininga har vore i drift sidan august 2014.

### SERVICETORGET

Servicetorget har vore i drift sidan 2001 og er kommunen sitt kontaktpunkt mot publikum. Servicetorget har ansvar for startlån, bustøtte, utleige av kom-munale bustader, borgarleg vigsel og gjennomføring av val. I tillegg ivaretok servicetorget desse interne funksjonane: politisk sekretariat, saksbehandling, kommunen si postteneste og innkjøp av rekvisita.

Servicetorget har fire tilsette (3,8 årsverk). Servicetorget driftar både kommunen si heimeside og kommunen sitt intranett og legg til rette for dei folkevalde sin bruk av nettrett i kommunale møte. I tillegg driftar vi heimesidene: trivselshagen.no, heimesida til kyrkja i Gloppen og nettsida til Sandane-dagane.

Servicetorget samarbeider både med dei andre kommunane i Nordfjord om nett-tenester og data-

løysingar og med det lokale næringsliv om marknadsføring og profilering av Gloppen.

Servicetorget er samlokalisert med kommunen si arkivteneste. Servicetorget er sentralbord for heradshuset og tenestene i helse og omsorg, unntake legekontoret.

Servicetorget legg til rette for borgarleg vigsel. Det er ordførar og varaordførar som har vigselsrett. Det vart gjennomført 12 vigslar i 2018. Ordførar og varaordførar vigsla seks par kvar. Seremoniane er gjennomført på desse stadane: Søreide (formannskapsalen), Trivselshagen (kultursalen), Kleppeneset, Karnilstunet, Gravhaugen på Indre Fitje, Eggenipa, Gloppen heradshus (kommunestyresalen) og Gloppen hotell.

Nøkkeltal	2018	2017	2016	2015	2014	2013
Søknader om bustøtte	69	78	78	**	**	164
Sum bustøtte i 1.000 kroner	1.100	844	1.752	1.523	1.860	2.132
Innvilga startlån til	9	10	9	9	14	14
Innvilga søknader om tilskot til etablering av bustad til TT-ordninga (drosjekort)*	3	5	4	5	5	6
Parkeringsløyve*	248	268	251	242	237	239
Utskrivne følgjekort* (nye kort)	10	4	7	5	2	8
Ambulerande skjenkeløyve/løyve for eit enkelt høve*	4	8	4	6	4	3
Billettsal* (tal selde og utleverte billettar)	5/21	1/16	1/15	0/15	3/18	13/19
Tildeling av kommunal tomt*	888	896	1.580	5.003	2.497	3.002
Førehandsrøysting	11	13	7	6	7	3
Talet på journalførte inngående brev	1.265 <sup>1</sup>			854 <sup>1</sup>		968 <sup>1</sup>
Talet på journalførte utgående brev						
Talet på interne notat/brev	5.083	4.341	4.091	4.621	5.428	5.707
Talet på borgarlege vigslar	1.909					
	12					

<sup>1</sup> Talet inkluderer mottekne førehandsrøyster til andre kommunar

\* Tenester merka med \* skal det ikkje vere ventetid på. Det betyr at svar blir gjeve same dag eller dagen etterpå. Denne målsetting er oppfylt.

\*\*Statistikken for 2014 og 2015 viser kor mange som har fått innvilga bustøtte, ikkje kor mange som har søkt.

### ARKIVTESTA

Frå 1. august 2014 er arkivtenesta organisert som ei eiga fageining i stab og støtte med arkivleiar som fagleg ansvarleg. Arkivtenesta har to tilsette. Talet på journalførte brev er ikkje dekkande for kommunen sin korrespondanse. Mykje av korrespondansen i dag går føre seg på e-post direkte til og frå kommunen sine tilsette. Saksarkivet er no fullelektronisk og digitaliseringa av papirarkivet er fullført. Dette gjeld

både for dokument skada i brannen på heradshuset og dokument som før berre har vore lagra på papir.

### IKT-AVDELINGA

Frå 1. august 2014 er ikt-avdelinga organisert som ei eiga fageining i stab og støtte med ikt-sjefen som fagleg ansvarleg. Eininga har tre tilsette (2,7 årsverk). Eininga har ansvar for enkel brukarstøtte, innkjøp av

ikt-utstyr og ikt-opplæring i kommunen. Driftsansvaret for ikt-løysingane og brukarstøtte er overført til Nordfjordnett i Måløy.

### PERSONALAVDELINGA

Frå 1. august 2014 er personalavdelinga organisert som ei eiga fageining i stab og støtte med personalsjefen som fagleg ansvarleg. Eininga har to tilsette (1,8 årsverk).

### SKATTEOPPKREVJAREN

Gloppen har no felles skatteoppkrevjar med Eid kommune. Vi har arbeidsgjevaransvar for ein tilsett (0,7 årsverk).

### ØKONOMIAVDELINGA

Frå 1. august 2014 er økonomiavdelinga organisert som ei eiga fagavdeling i stab og støtte med økonomisjefen som fagleg ansvarleg. Eininga har ni tilsette (7,7 årsverk).

Oppgåvene/-funksjonane som ligg til økonomiavdelinga er

- kommunen si lønnsavdeling
- fakturabehandling
- fakturering og innkrevjing av kommunale avgifter, gebyr og andre uteståande fordringar
- økonomisk planlegging (budsjett/økonomiplan)
- økonomisk kontroll og oppfølging av drift og anlegg
- fastsette økonomiske rutinar i etatane og syte for at desse vert enkle og oversiktleg
- føre kommunen sine rekneskap
- syte for god og sikker plassering av kommunen sine likvide midlar
- innkjøp og elektronisk handel

I tillegg til kommunerekneskapen er avdelinga ansvarleg for føringa av rekneskapen til fellesrådet og har dei same oppgåvene på lønn, fakturering og innkrevjing for fellesrådet som for kommunen, og leiger ut dagleg leiar til Gloppen Energi AS.

### PLAN- OG UTGREIINGSAVDELINGA

Frå 1. januar 2017 er plan- og utgreiingsavdelinga flytta frå kultur til stab og støtte. Avdelinga er no organisert som ei eiga fageining. Eininga hadde i 2018 tre tilsette (2,6 årsverk). Tilsette i eininga har følgjande faste ansvarsområde:

- Fagleiar for eininga er leiar for [kommunalt planforum](#) og er koordinator for skade og ulykkesførebyggjande arbeid gjennom «Trygge lokalsamfunn» og «Trafiksikker kommune» satsinga.
- Rådgjevar/ folkehelsekoordinator har hovudansvar for utarbeiding av kommunen sitt kunnskapsgrunnlag i lag med ei tverrsektoriell fokusgruppa, er leiar for kommunen sitt rusfaglege forum og koordinator for «Av og Til» - satsinga.
- Rådgjevar/ planleggjar i eininga har hovudansvar for å koordinere kommunen si klimasatsing og tettstadutviklingstiltak.
- To av dei tilsette er sekretær for *eldrerådet* og *rådet for menneske med nedsett funksjonsevne*

Kommunalt planforum har i løpet av 2018 hatt 12 arbeidsmøte, der viktige avklaringar og tema har vore drøfta tverrsektorielt. I tillegg deltek leiar på eit månadleg møte med rådmann si leiargruppe, der plan og utvikling står på agendaen.

Arbeidet i plan og utgreiingsavdelinga er omtala i eige kapittel på side 62.



Planar som vart fullførte i 2018.

## Samarbeid og interkommunale tenester

Gloppen kommune er medlem av ei lang rekke interkommunale samarbeidsordningar som har vorte til fordi vi er for små på området til å løyse oppgåvane åleine. I oversikta som følgjer er berre formaliserte samarbeid tekne med:

Namn	Formål	Organisering	Årlege kostnader/inntekter				
			2018	2017	2016	2015	2014
Nordfjordrådet	Regionalt samarbeid	§ 27-samarbeid	235	116	75	75	74
Nordfjord Miljøverk*	Innsamling, transport og deponering av avfall	Interkommunalt selskap (IKS)	0	0	0	0	0
Nordfjord	Hamnesamarbeid	Interkommunalt selskap (IKS)	-275	-281	-172	-461	-210
Havnevesen		Brann- og tryggleiks-alarmvarsling	832	761	749	749	742
Alarmsentralen Sogn og Fjordane		§ 27-samarbeid m/vertskommune	661	676	707	632	613
Kommunerevisjonen i Nordfjord	Revisjon	§ 27-samarbeid m/vertskommune	174	178	155	180	155
SEKOM-sekretariatet	Sekretariat for kontrollutvalet	§ 27-samarbeid u/vertskommune	0	0	0	0	0
Trivselshagen IKS**	Drift av idretts- og kulturbrygget	Interkommunalt selskap (IKS)	3.249	2.958	2.902	2.454	2.711
Nordfjordnett	Drift av felles IKT-løysingar	§ 27-samarbeid m/vertskommune					

Tal i 1.000-kroner.

\* Kostnadene med drift av Nordfjord Miljøverk IKS blir dekkja inn av NoMil sine abonnentar.

\*\* Den kommunale kostnaden med drift av anlegga i Trivselshagen kjem fram som husleige for dei tenestene som har lokale i anlegget.



Nordfjordrådet. F.v. Birte Fossheim (avtroppende sekretær), Stein Robert Osdal (Selje), Leidulf Gloppestad (Gloppen), Stig Olav Lødemel (Hornindal), Kristin Maurset (Vågsøy – leiar), Alfred Bjørlo (Eid), Sven Flo (Stryn), Hildegunn Gjesdal Tennebø (rektor Nordfjord folkehøgskule) og Roger Aa Djupvik (dagleg leiar).  
Foto: Jan Kåre Fure.

## Samfunnsutvikling og overordna planarbeid



*Samskaping mellom administrasjon, politikarar og lokalt næringsliv er avgjerande for å få til ei god samfunnsutvikling - Glimt frå studietur til Ringebu hausten 2017. Foto: Beate Kornberg.*

### Overordna planlegging

Til liks med 2017, har 2018 vore eit år med oppstart, oppfølging og ferdigstilling av fleire viktige planar.

#### Ny kommuneplan

I januar 2018 vart planprogram for ny **arealdel** utarbeida. Her vart det teke stilling til kva for temaområde vi skal legge vekt på, kva vi må greie ut og kva for strategiar vi skal ha for vår framtidige arealbruk. Planprogrammet vart endeleg vedteke 25. april, men planprosessen kom i gang allereie rett over påske. Det vart gjennomført tre planverkstarar med påfølgjande ope plankontor i løpet av to intensive veker i april – eit i Hyen, eit i Breim og eit for områda kring Gloppefjorden. Alle planverkstadane hadde godt frammøte.

Som ein del av arbeidet med arealdelen og områdereguleringsplan for Sandane sentrum vart det i 2018 gjennomført **barnetråkk** ved skulane Sandane, Nordstranda og Breim. Barnetråkk er eit digitalt verktøy og undervisningsopplegg som lar barn fortelje planleggjarar, kommunen og lokalpolitikarar korleis dei brukar staden der dei bur og kva dei vil ha annleis. Det vart også laga eit treff-

punkt med elevar frå Firda vgs der dei fekk kome med innspel.

Hausten 2018 gjekk med til å systematisere og konsekvensvurdere alle innspela til arealdelen, og drøfte ulike problemstillingar internt i kommunalt planforum og med formannskapet.

Parallelt med oppstart av arealplanprosessen, vart **samfunnsdelen** endeleg godkjent i kommunestyret 28. februar. Den vart påkosta ei grafisk utforming og trykt opp i 1000 eksemplar. Planen vart distribuert rundt påske til alle kommunale einingar, kommunestyret, råda, utviklingslaget våre, og lagt ut på viktige møteplassar i alle dei fire tettstadane våre.

Det vart i tillegg gjennomført implementeringsmøte i dei fleste kommunale einingane og med næringslivet i samarbeid med Gloppe næringsorganisasjon (GN). «*Møteplass for kulturlivet*» vart etablert i slutten av mai, og hadde eit nytt møte i november. Begge samlingane hadde fokus på viktige tema i samfunnsdelen.

Arbeidsgruppa «*Gloppe 2030*», som vart sett ned i samband med utarbeiding av mål, strategiar og posisjon i samfunnsdelen, har hatt tre møte i

løpet av 2018. Gruppa ønsker å halde fram med å vere ein viktig samarbeidskanal mellom formannskap, offentleg, privat og frivillig sektor i Gloppe i det vidare arbeidet med å sette samfunnssdelen ut i livet.

Mot slutten av året vart strategiane i samfunnssdelen konkretisert i eit *Handlingsprogram 2019 – 2022* og knytte opp imot den politiske behandlinga av budsjett og økonomiplan.

### Kommunedelplanar


Parallelt med dette arbeidet, vart *Kommunedelplan for helse og omsorg 2018 – 2030* ferdigstilt og lagt ut på høyring. Planen vart endeleg vedteken i kommunestyret 25. april, og vart ilag med samfunnss-delen presentert på eit møte med Frivillesentralen og frivillige lag og organisasjonar, som har ei viktig rolle i arbeidet.

Våren 2018 starta arbeidet med revisjon av *Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2019 – 2022*. Den vart utforma i samarbeid med ei arbeidsgruppe og med bakgrunn i innspel som kom inn på innspelsmøte, der mellom anna fylkes-kommunen deltok. Planen vart vedteken i kommunestyret 19. desember 2018.

*Kulturminneplan for Gloppe* tok form i løpet av 2018, og blei lagt ut på høyring like på nyåret i 2019. Gloppe er ein kommune som er rik på kulturminne. Vi håpar at kulturminneplanen skal vere med å skape interesse og nysgjerrigkeit for historia. Vi ønsker at den skal vere til nytte for skular, lag- og organisasjonar og privatpersonar som sit på verdifulle kulturminne. Planen er starten på eit meir systematisk arbeid med å ta vare på verdifulle kulturminne. Kulturminneplanen vert lagt fram for kommunestyret for godkjenning i juni 2019.

### Klima

Gloppe kommune har jobba med klima- og miljø inn mot kommunen sin samfunns- og arealdel. Overordna målsettingar gir føringar for klimatiltak på ulike område.



Ny sykkelparkering ved heradshuset.

Foto: Birte Fossheim.

I 2018 fekk kommunen tildelt 150.000 frå Miljødirektoratet sine klimatilpassingsmidlar for å sjå på havnivåstigning og sikringstiltak mot stormflo i

Sandane sentrum. Rapport frå arbeidet vert levert i mai 2019.

Kommunen fekk tildelt 860.000 frå Statens vegvesen sine midlar til gå- og sykkeltiltak i dei største tettstadane. Midlane gjekk til manglande sykkelveg forbi omsorgssenteret, og 28 nye offentlege sykkelparkeringar ved Heradshuset.

Gloppe melde seg på Mobilitetsveka i 2018. Dette er ein Europeisk kampanje i mange land, med fokus på å få fleire til å gå og sykle. Det var ulike arrangement i løpet av veka. Kampanjen vart avslutta med Bilfri laurdag i Sandane sentrum, der alle som gjekk eller sykla til sentrum var med i trekkinga av ein elsykkel. 168 personar gjekk til sentrum denne laurdagen. Kommunen vil delta i Mobilitetsveka også i 2019.

### Tettstadutvikling

Etter leveranse av paralleloppdraget i mai 2017, har det vore jobba med områdereguleringsplan for Sandane sentrum. I 2017 fekk vi tildelt 740.000 frå Sogn og Fjordane fylkeskommune sine tettstadmidlar til gangveg langs elva i samband med NVE si flaumsikring av Holvikelva. Dette arbeidet vart starta på i 2018, og eit flott anlegg vil stå ferdig sommaren 2019.

I samband med kommuneplanen sin samfunnsdel vart Sandane definert som ein fjordlandsby, og det vart oppretta eit landsbyråd som skal vere eit fora for idemyldring og faglege innspel omkring utvikling av kommunenesenteret Sandane. For 2019 har landsbyrådet lagt opp til landsbylaurdagar ein gong i månaden. Dette for å skape eit meir levande sentrum med inkluderande møteplasser for ulike aldersgrupper. Landsbylaurdagar skal bygge opp om Gloppe sin posisjon «Ein rikare kvardag – midt i verda».



«Ein rikare kvardag – midt i verda». Foto: Birte Fossheim.

Våren 2018 lyste Statens kartverk ut midlar til registrering av universell utforming i sentrums-

område. Gloppen kommune søkte og fekk 35.000 til å få gjennomført ei slik registrering for Sandane sent-rum. Arbeidet vart utført av ein sommarvikar, og data er tilgjengeleg på [www.norgeskart.no](http://www.norgeskart.no). Data-grunnlaget er til nytte ved gjennomføring av ulike tiltak i sentrum, og viser kor det er størst utfordringar med omsyn til framkomst.

Like før jul i 2018 fekk Gloppen tildelt 340.000 frå fylkeskommunen sine tettstadmidlar til mindre tiltak i Sandane sentrum. Tiltaka vert gjennomført i 2019, og skal bl.a. brukast på torgboder, benker og fallmarter under leikeapparat.

### Næringsutvikling

Det er positive endringar på gang. 2018 har vore eit byggear. Mange nye bygg reiser seg rundt om i kommunen. Dette vere seg NTU-Bygget på Faleideflata, private bustadar i kommunale felt eller leilegheiter i sentrum. All bygginga vitnar om tru på Gloppen framover.

Næringsfondet hadde i år 16 søknadar med søkesum på kr 1.268.544. 10 søknader kom gjennom nålauget og delte på 550.000. Vi synest det er ekstra spennande med nytableringa av Branson Norge AS som har heile landet som marknad.

Innan reiseliv er Gloppen i gang med bygging av fleire opplevingar. Stisenteret på Vereide, fase 1, er godt i gang, men ligg etter skjemaet og vil ikkje bli ferdigstilt før mai 2019. Selskapet bak Eggenipa har organisert seg og sendt inn søknad om spelemidlar til bygging av Nibberåsa. Det er forventa oppstart i 2019. I 2018 fekk vi og laga til eit etterlengta turist-kart over Gloppen. Kommunen si dagsturhytte på Draumekvila i Trivelsskogen kan skilte med godt besøk. På eitt år er det registret 27.000 passeringar på veg til hytta.

Komiteen bak «Kom til Gloppen»-arrangementet, har kome til at dei ønskjer å endre tidpunktet og flytte arrangementet til påska. Det vart difor ikkje arrangert «Kom til Gloppen» i 2018.

Elles hastar det no med å legge til rette for nye næringsareal i heile kommune då mykje av arealet som kommunen hadde vart selt i 2018. I Jarbrugda har kommunen berre 7 dekar areal igjen.

### Bustadpolitikk

#### Bustader til vanskelegstilte

I løpet av det siste året har kommunen ferdigstilt fire nye leilegheiter gjennom ombygging av dagsenteret i Mona. I tillegg vart det kjøpt inn to bustadmodular som vart sett opp på Eide.

Ved utgangen av året hadde kommunen 52 kommunalt eigde og 29 innleid bustader til disposisjon. Kommunen har i løpet av hausten redusert talet på tomleige til eit minimum.

Det vart i 2018 inngått ei avtale med Fjellstad stiftelse om fire nye leilegheiter i Valborgkleiva, to med tre soverom og to med fire soverom. Kommunen har tildelingsrett til desse i minst 30 år, og dei er planlagt ferdige i første halvdel av 2020.

### Trygge lokalsamfunn

Gloppen kommune vart i 2017 godkjent som eit trygt lokalsamfunn, og i løpet av 2018 har det vore arbeidd med følgjande satsingsområde:

#### Trygg i trafikk

Ettermårsdelen 2018 vart det gjort eit tverrsektorelt arbeid med å få på plass rutinar rundt trafikktryggleik i dei ulike sektorane. I mai 2018 vart Gloppen, som den første i Sogn og Fjordane, godkjent som ein *Trafikksikker kommune*.

I tillegg til ansvarleg for «*Trafikksikker kommune*» sentralt, deltok distriktsleiar for Trygg trafikk i Sogn og Fjordane, plan- og beredskapsleiar ved samferdsle-kontoret i fylket, nestleiar for fylkestrafikktryggings-utvalet, ilag med styringsgruppa for «*Trygge lokal-samfunn*» og aktuelle einingsleiarar i markeringa.

#### Rus- og kriminalitetsførebyggande arbeid

Gloppen kommune vart i november 2017 ein «Av og til» – kommune, og rusfagleg forum har i 2018 hatt fokus på å gjere dette kjent for innbyggjarane våre gjennom stand, annonse og sosiale media.

Kampanjen *Kor mange glas tåler barnet ditt?* vart gjennomført før jul.

#### Psykisk helse

I samband med skulestart 2018/2019, vart tema «*Nettvett og psykisk helse*» sett på agendaen på Firda vidaregåande skule, i samarbeid med politiet og psykisk helseteam.

«*Verdensdagen for psykisk helse*» vart også i 2018 arrangert som eit stort, ope og dugnadsprega arrangement. Rundt 130 deltok i markeringa på tvers av aldersgrupper og nasjonalitet.

### Arbeidsmarknaden

Ved utgangen av 2018 var arbeidsløysa 1,2% i Gloppen. Til samanlikning var arbeidsløysa i Sogn og Fjordane på 1,5 % og i landet på 2,3 %. I gjennomsnitt hadde Gloppen ei arbeidsløyse på 1,0 % i 2018. Arbeidsløysa i Gloppen har over tid vore stabilt låg.

### Mottak og integrering av flyktningar

2018 busette kommunen 11 nye flyktningar. Av dette var åtte vaksne, to barn og ein einsleg mindreårig. Samla integreringstilskot frå staten var på kr 26.996.475.

47 flyktningar var i eit introduksjonsprogram i løpet av året. Introduksjonsprogrammet er eit toårig kvalifiseringsprogram med rettar og plikter.

Målet er å styrke den enkelte innvandrar sine sjansar for deltaking i yrkes- og samfunnsliv og bli økonomisk sjølvstendig. Av desse avslutta 23 av flyktningane sitt program i 2018.

Resultata syner at 34,8% av dei som avslutta programperioden sin i fjor gjekk direkte ut i lønna arbeid (to) eller vidare i utdanning (seks). Av dei andre, gjekk ni over i grunnskule, ein i tiltak gjennom NAV, ein på lønnstilskot, tre fekk vidare opp-følging grunna helsemessige årsaker, og ein vart ordinær arbeidssøkjar.

Gloppen kommune har over tid hatt gode resultat på dette området. Årsaka til at årets resultat ligg langt under det vi har hatt tidlegare er

at vi satsar på utdanning. Vi har busett ein del personar som manglar eller ikkje har godkjent grunnskule frå heimlandet. Ni personar tek grunnskule no, dei fleste brukar to år. Av dei som hadde grunnskule som sluttårsak er to no gått vidare til vidaregåande skule.

Samarbeid internt i Gloppen kommune, med fylkeskommunen, NAV, næringslivet og lag og organisasjoner, er avgjerande for å luk-kast med integreringsarbeidet. Alle partar ser no behovet for samarbeid for å sikre gode resultat i dette viktige arbeidet. Det er difor gledeleg å sjå at relasjonen mellom oss vart ytterlegare styrka i 2018.



*Frå tvillingdåpen til dei nye elektriske ferjene «Eidsfjord» og «Gloppefjord» som trafikkerer Anda-Lote. Frå venstre ordørar i Gloppen Leidulf Gløppestad, Karoline Bjerkeset (gudmor), Magni Hjertenes Flyum (gudmor) og ordførar i Eid Alfred Bjørlo. Foto: Jan Kåre Fure.*

## Kven representerer Gloppen kommune?

Gloppen kommune deltar i ei lang rekke samarbeid både interkommunalt og i andre samanhengar. I nokre av desse har kommunestyret, og unntaksvis andre kommunale organ, peika ut spesielle personar som skal representer Gloppen i styrande organ. Viss ikkje det er peika ut eigne representantar, er det ordføraren som er kommunen sitt medlem i organet. Her er ei oversikt over kommunalt valde eller utpeika representantar i ulike samarbeidsorgan ved årsskiftet 2018/2019 (representasjon i aksjeselskap der kommunen er aksjonær, er ikkje med i oversikta):

### Nordfjord Miljøverk (NoMil) IKS

Kommunale medlemmer i representantskapet:  
Leidulf Gloppestad (Sp), med Laila Frøystad Falck (Ap) som vara – Roar Henden (H), med Audun Mundal (KrF) som vara – Mariel Eikeset Koren (MDG), med Gro Vereide (SV) som vara. Kommunen sin representant i styret (valt av representantskapet): Gunnvor Sunde (SD), med Jeffrey Thomas (Sp) som vara.

### Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS

Kommunalt medlem i representantskapet: Magni Aa Berge (Sp), med Anne Grete Hoddevik (SD) som vara. Magni er leiar av representantskapet.

### Nordfjord Havn IKS

Kommunal representant i hamnerådet: Ordføraren Leidulf Gloppestad (Sp), med Audun Mundal (KrF, no uavhengig) som vara. Kommunen sin representant i styret (valt av hamnerådet): Solveig Lien Gusdal (Sp), med Per Rune Vereide (Sp) som vara.

### Trivselshagen IKS

Kommunen sine medlemmer i representantskapet: - Bernt Reed (Sp), med Bjarte Gangeskar (V) som vara - Katrine Anita Haugerøy Heggelund (SV), med Marit Reikvam (Ap) som vara. Trond Ueland og Kjersti Rønningen er kommunale representantar i styret der førstnemnde er styreleiar.

### Stiftinga Frivillegsentralen i Gloppen

Kommunal utsending til årsmøtet i stiftinga: Arnfinn Brekke (KrF), med Marit Straume (Sp) som vara. Kommunal representant i styret: Per Ståle Husevåg (KrF).

### Stiftinga Karnilstunet

Kommunen sin representant i styret for stiftinga: Olaf Sigurd Gundersen (Sp).

### Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

Leidulf Gloppestad (Sp) sit i representantskapet med Magni Aa Berge (Sp) som vara.

### Stiftinga Norsk Countrytreff

Kommunen sitt medlem på generalforsamlinga: Audun Mundal (KrF), med Vidar Sandal (Sp) som vara.

Kommunale representantar i styret: Oddrun U. Slagstad (Sp) med Frode Fagerli (KrF) som vara.

### Stiftinga Norsk Fjordhestgard

Kommunal representant til rådet i stiftinga: Jostein Arne Røyrvik (Sp), med Kjellrun Hjeltnes (SD) som vara.

### Kommunerevisjonen i Nordfjord (§ 27)

Kommunen sitt medlem i samstyret: leiaren i kontrollutvalet Frode Fagerli (KrF), med nestleiar Bjarne Bø (Sp) som vara.

### SEKOM-sekretariatet (§ 27)

Kommunen sitt medlem i styret: Per Rune Vereide (Sp), med Ragnar Eimhjellen (V) som vara.

### Gloppen kyrkjelege fellesråd

Kommunen sin representant rådet: Per Ståle Husevåg (KrF), med Liv Petra Holme (Ap) som vara.

### Nordfjord Folkemuseum

Kommunen sin representant i rådet: Magni Aa Berge (Sp), med Anders Rinde (KrF) som vara.

### Jostedalsbreen Nasjonalpark

Kommunen sin representant i nasjonalparkstyret (peika ut av Miljødirektoratet): Venke Kollbotn (KrF), med Vidar Sandal (Sp) som vara.

### Naustdal-Gjengedal landskapsvernombåde

Kommunen sin representant i styret (peika ut av Miljødirektoratet): Leidulf Rygg Bogstad (KrF), med Gunnvor Sunde (SD) som vara.

### Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

Kommunen sin representant: Sjur Atle Austrheim (V) med Gunnvor Sunde (SD) som vara. Det er Miljødirektoratet som peikar ut nemnda.

### Ålfotbrean landskapsvernombåde

Kommunen sin representant i styret (peika ut av Miljødirektoratet): Hege Lothe (SV), med Per Rune Vereide (Sp) som vara. Hege er styreleiar.

## Årets prisvinnarar i 2018

### Kulturprisen til Atle Nygård



Prisvinnar Atle Nygård saman med ordførar Leidulf Gløppestad (til høgre) og leiaren i MULTEK-utvalet Arnar Kvernevik (til venstre). Foto: Jan Kåre Fure.

Kulturprisen for 2018 vart tildelt Atle Nygård, som sidan han kom til Gloppen i 1977 har vore engasjert for eit breitt og allsidig kulturliv i Gloppen. Grunngjevinga:

Prisvinnaren har gjennom åra hatt regien på fleire arrangement. Aldri før eiga vinning eller for å framheve seg sjølv, men for å få til noko.

Lista over prisvinnaren si deltaking og engasjement i kulturarbeid i Gloppen er lang:

Mellan Anna Jeremiasfestivalen, ein folkemusikkfestival som vart stifta etter initiativ av prisvinnaren og Svein Hjellbakk i 2011 og som no inne i sin 7. sesong. Formålet med festivalen er å kunne arrangere konserter med topp nasjonale folkemusikkutøvarar som både er tradisjonelle, men også nyskapande og eksperimentelle i sin sjanger. Prisvinnaren er dagleg leiar av Jeremiasfestivalen.

I 2014 tok prisvinnaren saman med Trygve Apalset initiativ til ein foredragsserie som dei kalla «Verda og vi». Målet var å gje dei som er interesserte i historie, politikk og samfunnsutvikling høve til å høre på personar som har mykje kunnskap og som kan snakke om ulike tema, gjerne i fri dressur. Tiltaket har vore særskilt vellykket.

Prisvinnaren har vore ein aktiv musikar i Austrheim musikklag der han spelte kontrabass frå 1983 til 2007. Han har vore leiar i laget i nærmere 15 år. Han var også aktiv i planlegging og finansieringa av laget sin 90 års jubileumsturné i 2007 som gjekk til alle kommunane i Sogn og Fjordane.

Nemnast må og innsatsen hans for Gloppen Musikktorg, eit samarbeidsorgan for folkemusikk- og dans/leik i Gloppen. Prisvinnaren var leiar i laget i kring 5-6 år.

Prisvinnaren har vore aktiv i Sandane Turn og Idrettslag (STIL) sidan 1978. Fotballkarrieren var heller kortvarig, vert det sagt, men engasjementet for STIL har vort heilt fram til i dag. Prisvinnaren sto bak opprettning av handikapgruppe i STIL tidleg på 90-talet og var også med i styret i gruppa. Saman med Steinar

Sægrov vart Roselaget etablert. Dette laget er framleis i sving. På same tid var han også STIL sin representant i arbeidet å få i gong det første rusfrie arrangementet på 16. mai. Nemnast må og jobben han gjorde i samband med utbygging av Myklebustflata med å skaffe sponsorbidrag frå næringslivet.

Prisvinnaren er i dag pensjonist, men er stadig like oppteken av å utvikle kulturlivet i Gloppen til beste for innbyggjarane. Det er mange som set pris på prisvinnaren sitt arbeid, han vert framheva som kreativ, påliteleg, ein humørspreiar og ualminneleg kjekk å samarbeide med: Kort og godt ein grepa kar!

Det er MULTEK-utvalet som tildeler kulturprisen.

### Ungdomens kulturpris til Jon Rolf Skamo Hope



Prisvinnaren Jon Rolf Skamo Hope saman med leiar Kristine Strøm (til venstre) og Mari Toen Nese (til høgre) frå Ungdomsrådet. Foto: Siv Kvalsvik Haugen.

Jon Rolf skulle fått prisen i fjor, men det har vore vanskeleg å finne han «heime». Prisen vart difor delt ut 28. mai 2019. Ungdomsrådet er stolte og glade over å få dele ut prisen. Jan Rolf er ein verdig vinnar og eit førebilete for ungdom i kommunen, og eit godt eksempel på at små bygder kan fostre gode idrettsutøvarar:

Jon Rolf er frå Hyen og ligg godt an til å bli den neste frå Gloppen som markerer seg i internasjonal langrennssport. Han har dei siste åra gått seg inn til mange gode plasseringar i skirenn både nasjonalt og internasjonalt.

Under junior-VM 2017 i USA fekk han sitt første VM-gull i stafett, og under Noregsmeisterskapen for juniorar same år, vart det gullmedaljar både på 10 km og 20 km.

Under Junior VM 2018 vart det gull på 10 km klassisk, gull på stafett og sølv på 20 km.

### Byggeskikkprisen

vart ikkje delt ut i 2018.

## Arbeidsmiljøprisen til Cecilie Majchrowicz Helgheim



Prisvinner Cecilie Majchrowicz Helgheim saman med ordførar Leidulf Gloppestad.  
Foto: Jan Kåre Fure.

Arbeidsmiljøprisen vart i år tildelt Cecilie Majchrowicz Helgheim. Arbeidsmiljøprisen omfattar ein diplom, ein gavesjekk på kr 5.000 og ein blomster-bukett. Ordføraren ordla seg slik ved utdelinga:

Cecilie er ein kreativ, inkluderande og målretta leiari. Ho har arbeidd for eit inkluderande arbeidsmiljø, fleksibilitet og trivsel, så vel for dei tilsette som for dei som bur på Oreteigen. Ho arbeider målretta med tilrettelegging for dei tilsette for å lette arbeidsbelastninga deira, og har systematisk oppfølging av dei tilsette.

Cecilie framsnakkar sine tilsette, nytter seg av deira eigenskapar for å skape samarbeid og arbeidsglede i ein kvar dag som er pressa på tid. Dette vert synleg gjort ved at tilsette skårar Oreteigen svært høgt under medarbeidarundersøking. Utan ein god leiari vil ikkje dei tilsette trivast og utvikle seg optimalt.

Når ein går i gangane på Oreteigen vert ein møtt av smil og varme. Cecilie er ein rollemodell som bidreg til å løfte helse og omsorgssektoren og Gloppe kommune som organisasjon.

Det er sikkert mange som gjennom året får ta del i alt det kjekke som skjer ved Oreteigen ved å følge dei på Facebook, her får vi sjå kvardagsaktivitet, smil og glede både blant dei tilsette og dei som bur på Oreteigen.

Gratulerer Cecilie - denne prisen fortunar du!

Det er arbeidsmiljøutvalet som tildeler arbeidsmiljøprisen.

## Årets gloppar – Kristine Ryssdalsnes Horvli



Årets gloppar 2018 er Kristine Ryssdalsnes Horvli.  
Foto: Siv Kvalsvik Haugen.

Prisen som Årets gloppar 2018 vart delt ut i kommunestyret 27. februar 2019. Det var Mariell Eikeset Koren i MULTEK-utvalet som delte ut prisen. Ho sa mellom anna:

Prisvinnaren er ung, og det er ikkje mange åra sidan ho sjølv trødde sine sko i kommunen og på dramalinja på Firda vgs. No viser ho fram for verda korleis livet som ungdom på ein småplass kan arte seg, og skaper nok gjenkjenninng for mange, både dei som er unge i dag, og dei som er i både sin andre og tredje ungdom. Prisvinnaren står no på trappene til eit liv som skodespelar, og med dette årets erfaringar i bagasjen vil vi tro det er mange dører som har opna seg.

Kristine Ryssdalsnes Horvli, spelar hovudrolla Gunnhild Kvam i serien «Lovleg» der handlinga er lagt til Sandane og til Firda vgs. I serien følger vi ei seksten år gammal jente som flyttar for seg sjølv for fyrste gong, og gjennom naturtru dialogar på vestnorsk dialekt får vi sjå korleis det kan arte seg når kropp og hovud er i full ommøblering. Og alt skjer i vakker Gloppe-natur og Sandane sentrum sine gater. Gunnhild er ikkje noko ideal eller førebilete – slik sett skil denne serien seg ut i høve til mange andre ungdomsseriar. Gunnhild er ein ungdom som går «på trynet» ganske ofte. Ho må lære å tilpasse seg, har angst og får verken toppkarakterar eller draumeguten. Slik kan livet også vere. Det er viktig å lære å ha det bra med seg sjølv. Det er faktisk godt nok.


Vi gratulerer med prisen, og håper den kan vere til inspirasjon til utvikling vidare. Vi håpar å sjå Kristine i nye roller, på nye scener og seriar i tida framover, og gleder oss til å følge med på den unge skodespelaren som vi er så stolte over!

Det er MULTEK-utvalet som tildeler prisen som Årets gloppar.

# MYKLEBUSTDALEN/BREIM

## Gloppen kommune

FIBER TIL 693 HUSSTANDAR



Prosjektet har gjeve breiband til husstandar, bedrifter og fritidsbustadar i Myklebustdalen/Breim i Gloppen kommune. Før utbygginga hadde området lite eller ingen breibanddekning.



Utbygging av Breiband til Myklebustdalen/Breim er eit delprosjekt i Breibandloftet i Sogn og Fjordane.

Prosjektleiar: Olav Skarsbø og Egil Henning Ytreøy

Prosjektleiar i Gloppen kommune: Geir Liavåg Strand

### Fakta om utbygginga

Utbyggar:	Enivest
Klarjort for:	693 husstandar
Teke i bruk av:	311 husstandar
Løysing:	Fiber
Kapasitet, Mbit/sek:	50/50, 150/150, 300/300, 500/500
Prosjektkostnad:	3.345.000
Tilskot frå stat/fylke:	497.165
Lokalfinansiering:	2.847.835
Utbyggingsperiode:	Nov 16—des 18



ENIVEST

*Fiberutbygginga i Myklebustdalen og store delar av Breim vart fullført ved årsskiftet 2018/19.*